

Masteroppgåve

Nasjonalparker og lokal verdiskaping

- ved lokal forvaltning

av

Gry Bystøl

Master i innovasjon og næringsutvikling
Avdeling for samfunnsvitenskap
Høgskolen i Lillehammer
Februar 2012



**Høgskolen
i Lillehammer**

Lillehammer University College • hil.no

Føreord

Denne masteroppgåva er den avsluttande oppgåva i masterstudiet *Innovasjon og næringsutvikling*, på Høgskulen i Lillehammer.

Å skrive ei masteroppgåve har både vore givande, lærerikt og stundom utfordrande. Eg ynskjer å nytte høve til å takke dei som har fylgd meg på vegen fram mot denne oppgåva.

Fyrst ynskjer eg å takke min veileidar, Håvard Teigen, for gode innspel og konstruktive attendemeldingar. Eg ynskjer også å takke mine tidlegare kollegaer og leiinga i Lom kommune for all forståing og tilpassingar som har gjort det mogleg for meg å fullføre eit masterstudium kombinert med jobb. Særleg ynskjer eg å takke Mai og Sander for gode faglege innspel.

Med fare for å gløyme nokon ynskjer eg å takke fleire av mine gode vener for oppmuntring og konstruktive innspel.

Sist men ikkje minst, ynskjer eg å takke mine fantastiske foreldre for all støtte og hjelp gjennom heile prosessen. Dykk har vore uvurderlege!

Gry Bystøl

Voss - 28.01.2012

Samandrag

Denne oppgåva tek for seg den nye lokale forvaltningsmodellen for større verneområde i Noreg, og freistar å sjå om denne forvaltningsmodellen kan føre til auka økonomisk verdiskaping i nasjonalparkane tilhøyrande randsoner.

Regjeringa avgjorde å innføre den lokale forvaltningsmodellen sumaren 2009. Den lokale forvaltningsmodellen inneber at nasjonalparkane med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat, no vert forvalta av interkommunale nasjonalparkstyre. Tidlegare har det vore statleg forvaltning av verneområda i Noreg, og fylkesmannen har hatt forvaltningsansvaret.

Sidan byrjinga av 2000 talet kan ein sei at det frå regjering og Storting i Noreg har vore ei sterk auke i fokus på vern og verdiskaping. Særleg har det vorte trekt fram at nasjonalparkane skal vere ein ressurs for lokal verdiskaping i distrikta. Denne oppgåva freistar då å setje søkeljos på samanhengen mellom den nye forvaltningsmodellen som er innført, og lovnadane om satsing på vern og verdiskaping, med fylgjande problemstilling:

Kan lokal forvaltning av nasjonalparkar bidra til auka lokal økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane?

Som grunnlag for å kunne svare på problemstillinga har det vorte utført kvalitative djupneintervju med medlemmer i Rondane - Dovre og Jotunheimen nasjonalparkstyre, samt at representantar frå den tidlegare forvaltninga hjå fylkesmannen i Oppland har vorte intervjuet. Sidan samanhengen mellom den nye forvaltningsmodellen og verdiskaping i og kring nasjonalparkane er lite utforska, nyttar ein i oppgåva eit eksplorativt forskingsdesign.

Problemstillinga vert freista belyst ved hjelp av opplevingsøkonomi, innovasjon og entreprenørskapsteori, interessenteori og teori kring sjølvstyre. Det vert også nytta nokre relevante artikkelar og fagrapportar, kring emnet nasjonalparkar og verdiskaping, for å belyse problemstillinga.

Oppgåva byggjer på ei førehandsforståing om at nasjonalparkstyra kan spele ei rolle for lokal verdiskaping, men at denne rolla er lite vektlagt i lover og formelle rammevilkår, og at styra ikkje har nok makt, sjølvstyre og økonomiske ressursar til å bidra noko særleg til lokal

verdiskaping. Disse førehandsforståingane vert langt på veg bekrefta i den avsluttande diskusjonen i oppgåva.

Oppgåva konkluderer med fylgjande: *Med bakgrunn i hovudfunna kan ein sei, på grunn av nasjonalparkstyras manglande mandat og handlingsrom, er det lite truleg at lokal forvaltning av nasjonalparkane for Jotunheimen og Rondaneområdet kan føre til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane*

Andre interessante funn i oppgåva, er at det verkar som ein finn hovudtyngda av innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane innanfor det ein kan kalle naturbasert opplevingsnæring. Vidare at Den Norske Turistforining synes å være ein svært sentral aktør i nasjonalparkane, og at ein difor for nasjonalparkane må utvide den velkjende forklaringsmodellen for innovasjon og entreprenørskap, triple-helix modellen, til ein quadrupel-helix modell kor friviljug sektor også er inkludert.

Summary

This paper focuses on the new management model for large protected areas in Norway, and argues whether the new model can result in economical growth for the national parks and its surrounding areas.

In 2009, the Norwegian government decided to implement the new model, which means that national parks are being managed by local politicians in national park boards. Earlier this administration was held by the state.

Since the early 2000's the Norwegian government has had an increased focus on preservation and creation of values. In particular the national parks are believed to be an important resource for creating local values for the various regions. This leads to the following research question:

Can local management of national parks contribute to increased economical growth in the national parks?

In an attempt to answer this question there's been held qualitative interviews involving members of the Rondane- Dovre and Jotunheimen national park boards, as well as representatives from the former governmental management. Furthermore there's been used theory from experience economy, innovation and entrepreneurship theory, stakeholder theory and self-government theory.

The paper concludes with the following: Due to the national park board's lack of mandate and means, it is doubtful that local management of Jotunheimen and Rondane areas can result in increased economical growth in the national parks.

Other findings suggest that the bulk of innovation and entrepreneurship in the national parks is found in what's known as nature-oriented experience economy. It also seems that 'Den Norske Turistforening' is a key figure within the national parks, and therefore one should expand the well-known triple-helix model for innovation and entrepreneurship into a quadruple-helix model, which includes the voluntary sector.

Innhold

1	Innleiing	9
1.1	Bakgrunn.....	9
1.2	Problemstilling.....	10
1.3	Oppgåvas oppbygging	11
1.4	Oppgåvas struktur	12
2	Ny forvaltningsmodell for større verneområde	13
2.1	Bakgrunn og prosess	13
2.2	Evaluering av dei fire forsøka med lokal forvaltning av store verneområde	14
2.3	Ny forvaltningsmodell for større verneområde	16
2.4	Forvaltning av verneområda – formelle rammer	19
2.5	Oppsummering.....	22
2.6	Rondane - Dovre nasjonalpark	24
2.7	Rondane - Dovre nasjonalparkstyre	25
2.8	Jotunheimen nasjonalpark	27
2.9	Jotunheimen nasjonalparkstyre	28
3	Kunnskapsgrunnlag: Nasjonalparkar og verdiskaping	31
3.1	Naturbasert turisme	31
3.2	Artiklar og fagrapportar.....	35
3.3	Oppsummering.....	46
4	Teori	49
4.1	Innovasjon og entreprenørskap	49
4.2	Interessentar	53
4.3	Lokalt sjølvstyre.....	54
4.4	Opplevingsøkonomi.....	55
4.5	Oppsummering.....	57
5	Metode	59
5.1	Forskningsprosess og design	59
5.2	Utval	61
5.3	Data innsamling og analyse.....	62
5.4	Forskarens rolle	63
5.5	Metodekritikk.....	64
6	Presentasjon av data	66
6.1	Ny forvaltningsmodell, formelle rammer og organisering.....	66

6.2	Data som kan drøftast opp mot kunnskapsgrunnlaget.....	69
6.3	Lokalt sjølvstyre for nasjonalparkstyra?.....	71
6.4	Aktivitet i nasjonalparkane som kan knytast til opplevingsøkonomi.....	73
6.5	Interessentar til Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark.....	74
6.6	innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane.....	77
6.7	Framtidsutsikter og verdiskapingspotensiale.....	78
7	Analyse og avsluttande diskusjon	81
7.1	Ny forvaltningsmodell, formelle rammer og organisering.....	81
7.2	Analyse av data sett opp mot kunnskapsgrunnlaget.....	83
7.3	Lokalt sjølvstyre for nasjonalparkstyra?.....	87
7.4	Aktivitet i nasjonalparkane og opplevingsøkonomi.....	89
7.5	Interessentanalyse for Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark.....	91
7.6	innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane.....	96
7.7	Framtidsutsikter og verdiskapingspotensiale.....	99
7.8	Avsluttande diskusjon	101
	Litteratur.....	104
	Vedlegg 1: Semistrukturert intervjuguide	108
	Vedlegg 2: arrangement, organisasjonar og verksemder	110

Figuroversikt

Figur: 2.1	Oppretting av verneområde	side 20
Figur: 2.2	Organisasjonskart - forvaltning av Rondaneområdet	side 26
Figur: 2.3	Organisasjonskart forvaltning av Jotunheimen nasjonalpark	side 30
Figur: 3.1	Naturbaserte aktivitetar	side 34
Figur: 3.2	Næringsaktivitet i verneområda i Noreg	side 37
Figur 4.1:	Triple-helix modellen	side 52
Figur 4.2	Sjølvstyre	side 55
Figur 4.3	Opplevingsdimensjonane	side 56
Figur 6.1	Interessentar i Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark	side 75
Figur 7.1	Sjølvstyregrad for Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalparkstyre	side 89
Figur 7.2	Interessentmatrise for Jotunheimen og Rondane området	side 93
Figur 7.3	Interessentanalyse for Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark	side 95

1 Innleiing

Denne oppgåva tek føre seg den nye forvaltningsmodellen for større verneområde i Noreg, som inneber at større verneområde som nasjonalparker og landskapsvernområde no vert forvalta lokalt av interkommunale nasjonalparkstyre. Datainnsamling til denne masteroppgåva har vorte gjennomført ved djupneintervju med medlemmer i Jotunheimen og Rondane -Dovre nasjonalparkstyre. Tidlegare låg forvaltningsmynde for desse verneområda hjå fylkesmannen i Oppland, difor har også to tilsette i miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen i Oppland vorte intervjuet. Ved å sjå funn frå denne datainnsamlinga opp mot relevante artiklar/fagrapportar samt relevant teori, freistar denne oppgåva å klargjera om lokal forvaltning kan føre til auka økonomisk verdiskaping i nasjonalparkane og tilhøyrande randsoner. Utgangspunktet for oppgåva er eit ynskje om å produsere kunnskap som kan være til nytte for desse nye nasjonalparkstyra.

1.1 Bakgrunn

Ein kan sei at det dei siste ti åra, frå sentralpolitisk hald, har funne stad ei markant auke i fokus på vern og verdiskaping. Med auka fokus har det også fylgd lovnader om ei auka satsing på verdiskaping i og kring nasjonalparkane. Dette vart tydeleggjort i den såkalla Fjellteksten frå 2003, her kan ein blant anna lese:

"Regjeringen vil åpne for økt verdiskaping i fjellbygdene ved å legge til rette for økt aktivitet innenfor og rundt en del av nasjonalparkene.." (St. prp. Nr. 65 2002-2003, punkt 3.13.E)

Sidan *Fjellteksten* vart vedteken i stortinget har den sittande raud - grøne regjeringa ved fleire høve stadfesta at vern og verdiskaping er noko ein skal satse på i Noreg. I Soria Moria-erklæringa frå 2005-2009 kan ein lese:

"Det påbegynte arbeidet med å utvikle nasjonalparkene som en ressurs for lokalsamfunnene og lokal verdiskaping skal fortsette." (s 54)

Regjeringas reiselivsstrategi frå 2007 set også fokus på verneområda:

"Regjeringen vil jobbe aktivt for å tilrettelegge for skånsomt reiseliv i verneområdene våre og ønsker på en bærekraftig måte å gjøre nasjonalparker og andre større verneområder mer tilgjengelig for brukerne."(s32)

I stortingsmeldinga *Lokal vekstkraft og framtidstru* frå 2008 vert nasjonalparkane nok ein gong framheva som ein ressurs for verdiskaping for lokalsamfunna, og det vert lova ei vesentleg kvalitetsheving i forvaltninga.

”Regjeringa har i Soria Moria- erklæringa gjort det tydeleg at arbeidet med å utvikle nasjonalparkane som ressurs for lokalsamfunna og for lokal verdiskaping skal halde fram. Ei hindring for at verneområda skal vere ei slik positiv kraft er manglande ressursar i forvaltning av områda. Regjeringa satsar på ei vesentleg kvalitetsheving i forvaltninga av verneområda, og har derfor i statsbudsjettet for 2009 lagt inn ei kraftig styrking av forvaltningsbudsjettet.”
(s.82 St. meld nr 25 2008-2009)

Med bakgrunn i desse døma, kan ein argumentere for at det frå regjering og storting har vorte gjeve lovnader om ei auka satsing på nasjonalparkane, som ein ressurs for lokal verdiskaping. Vidare at regjeringa slår fast at manglande ressursar i forvaltninga kan være hemmande for ei eventuell verdiskaping, og at dei difor lovar ei vesentleg kvalitetsheving av forvaltninga inkludert ei kraftig styrking av forvaltningsbudsjettet. Dette leier oss inn på den nye forvaltningsmodellen, som i fylgje regjeringa representerer ei slik økonomisk og kvalitetsmessig heving av forvaltninga.

Bakgrunnen for oppgåva er todelt. Det har vorte gjeve politiske lovnader og signal om ei satsing på verdiskaping i og kring nasjonalparkane, til fordel for kringliggjande lokalsamfunn, og regjeringa har også innført ein ny forvaltningsmodell for større verneområde. Det som då er interessant å undersøkje, og som denne oppgåve freistar å setje søkeljos på, er om den nye forvaltningsmodellen og dei politiske lovnadane går hand i hand. Har dei nye nasjonalparkstyra handlingsrom og ressursar, til å bidra positivt i denne auka satsinga på vern og verdiskaping som vert skissert?

1.2 Problemstilling

Hovudproblemstilling i oppgåva spring då ut ifrå bakgrunnen og spørsmålsstillinga over. Men har også utspring i forfattarens eiga førehandsforståing, om at nasjonalparkstyra kan fungere som viktige utviklingsaktørar innanfor vern og lokal verdiskaping, men at denne rolla er lite vektlagt i lover og formelle rammevilkår. Samt ei førehandsforståing om at nasjonalparkstyra ikkje har nok makt, sjølvstyre og økonomiske ressursar til å bidra noko særleg til lokal verdiskaping i og kring nasjonalparkane. Med bakgrunn i dette får ein fylgjande problemstilling:

- *Kan lokal forvaltning av nasjonalparkar bidra til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane?*

Problemstillinga vert freista belyst med teori kring sjølvstyre, opplevingsøkonomi, interessentar, innovasjon og entreprenørskap, samt eit utdrag av relevante fagrapportar og artiklar.

1.3 Oppgåvas oppbygging

Oppgåva byggjer på eit eksplorativt forskingsdesign, kor datainnsamlinga har vorte gjort ved djupneintervju. Dette fordi oppgåva omhandlar eit emne som er relativt lite utforska. Det finst relevante fagartiklar og fagrapportar om nasjonalparkar og verdiskaping, men sidan den lokale forvaltningsmodellen er heilt ny, er det skrive lite eller ingenting om samanhengen mellom denne nye forvaltningsmodellen og verdiskaping. Ein freistar difor i denne oppgåva å finne nokre samanhengar mellom forvaltningsmodellen og verdiskaping, slik at det kan utviklast hypotesar som seinare kan testast i andre undersøkingar.

For å avgrense oppgåva er Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalparkstyre vald som fokusområde. Jotunheimen nasjonalparkstyre har forvaltningsansvar for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Medan Rondane - Dovre nasjonalparkstyre har forvaltningsansvar for Dovre nasjonalpark, Rondane nasjonalpark, tre naturreservat og fire landskapsvernområde. Dette området har ein felles forvaltningsplan, og vert ofte referert til som Rondaneområdet, også i denne oppgåva. Likeeins vert det referert til Jotunheimenområdet, som då omfattar nasjonalparken og landskapsvernområdet. Desse nasjonalparkstyra vart valde som case, fordi dei (i fylgje Aas m. fl. 2006) forvaltar dei verneområda i Noreg med mest næringsaktivitet. Tanken bak denne utveljinga er at dersom ein skal skrive ei oppgåve om verdiskaping i og kring nasjonalparkar, er det greitt å på førehand vite at det finst eit vist omfang av verdiskaping i dei områda ein har vald som fokusområde.

I offentlege dokument vert både nemninga *verneområdestyre* og *nasjonalparkstyre* nytta synonymt på dei interkommunale verneområdestyra som er oppretta. Omgrepet nasjonalparkstyre vert nytta i størst utstrekning i denne oppgåva. Vidare er det nasjonalparkane som står sentralt i denne oppgåva, dette fordi nasjonalparkane kan seiast å være "flaggskipa" til dei norske verneområda. Så sjølv om nasjonalparkstyra også forvaltar

andre verneområde, er det altså *nasjonalparkane* som her er i fokus. Men for å variere teksten noko, og når det synest viktig å inkludere eit større område enn kunn nasjonalparkane vert omgrepet *verneområda* nytta noko. Vidare står omgrepet *økonomisk verdiskaping* sentralt i oppgåva. Med *økonomisk verdiskaping* meinast det her, sysselsetting og inntektsdanning, men også nyetablering og vekst i eksisterande verksemder.

1.4 Oppgåvas struktur

Kapittel 2 tek for seg den nye forvaltningsmodellen, formelle rammer for verneområdeforvaltning samt ein presentasjon av Rondane - Dovre nasjonalparkstyre og Jotunheimen nasjonalparkstyre og verneområda dei har forvaltningsansvar for.

Kapittel 3 presenterer eit utval av relevante fagrapportar og artiklar kring nasjonalparkar og verdiskaping.

I kapittel 4 vert teori kring innovasjon og entreprenørskap, interessenteori, sjølvstyregrad og opplevingsøkonomi presentert.

Kapittel 5 er metodekapittel som inneheld utgreiing kring forskingsdesigna, utval, innsamling av data, metodekritikk samt andre metodiske avvegingar.

Data frå djupneintervjua vert presentert i kapittel 6.

Kapittel 7 er analysekapittelet. Her vert forvaltningsmodellen, kunnskapsrunnlaget og teorien drøfta opp mot funna i djupneintervjua, for å best mogleg kunne svare på problemstillinga. Til slutt kjem ein avsluttande diskusjon kor aktuelle hypotesar for vidare arbeid vert presentert, ein konklusjon på problemstillinga samt nokre råd til nasjonalparkstyra om korleis dei best mogleg arbeide for verdiskaping i og kring nasjonalparkane.

2 Ny forvaltningsmodell for større verneområde

Lokal forvaltning

Fram til den nye ordninga med nasjonalparkstyre vart etablert, har fylkesmennene i all hovudsak vore forvaltningsstyresmakt for verneområda i Noreg. Men mange stader har kommunar og andre interessentar også under fylkesmennene hatt ei rolle i rådgjevande organ, så lokal involvering i forvaltninga er ikkje noko heilt nytt. (Prop. 1 S 2009-2010 MD).

2.1 Bakgrunn og prosess

Proessen med å innføre lokal forvaltning av verneområda kan ein sei vart sett i gang rundt 91-92, då den sitjande regjeringa la fram stortingsmeldinga *Landsplan for Nasjonalparkar* (nr 62 1991-92). Det er særleg i instillinga frå kommunal og miljøkomiteen tiløyrande denne stortingsmeldinga, at spørsmål kring lokal involvering og folkevalt medbestemming vart reist. I instillinga vart Miljøverndepartementet bedne om å komme attende til Stortinget med eit endeleg forslag til korleis folkevalt medverknad og medbestemming for verneområda kunne ivaretakast. I den same instillinga frå kommunal og miljøkomiteen frå 92-93 vart det også sett søkeljos på at lokalkunnskap og erfaringsbasert kunnskap, er ein viktig dimensjon som vert betre ivareteke dersom ein vel forvaltningsmodellar med meir lokal involvering.

”Grunneiernes, brukerne og befolkningens medvirkning og medbestemmelse representerer positive verdier. Komiteen mener man gjør natur og kulturvernet en bjørnetjeneste ved å gjennomføre forvaltningsmodeller som resulterer i lokal fremmedgjøring” (Innst. S. nr. 124. (1992-93) i Innst. S. nr. 92 (1996-97) punkt 2).

Oppfordringa til departementet om å sjå på korleis ein kunne få meir lokal involvering i forvaltning av verneområda, vart fylgd opp av Energi- og miljøkomiteen ved behandlinga av lov om statleg naturoppsyn i 1996 (Ot. Prp. Nr. 30 (1995-96)). Her gjer fleirtalet i komiteen det klart at dei ynskjer at det vert sett i gang forsøk med lokal medverknad i forvaltninga av ein eller fleire nasjonalparkar. For å få flest moglege erfaringar ut av forsøka ynskjer dei at det vert valt ut område som omfattar fleire kommunar og mist to fylker. Komiteen kom med forslag til aktuelle område og set krav om at det vert rapportert til Stortinget frå forsøka (Innst. O. nr 64 (1995-96)).

Ved behandlinga av verneplan for Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane sette Stortinget igjen trykk på problemstillinga kring auka lokal involvering i forvaltning av større verneområde (Falleth og Hovik 2008). Stortinget ved Energi- og miljøkomiteen, ber i innstilling. S. nr. 92 (1996-97), regjeringa om å nytte Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane som forsøksområde for lokal medverking i forvaltning av verneområdet. Det vert av fleirtalet i komiteen også presisert at det er avgjerande i alle verneprosessar at alle råka partar og interessentar føler at dei vert høyrd av ansvarleg forvaltningsmyndigheit.

I 1998 vart det opna for at kommunane kunne søkje om forvaltningsansvaret for mindre verneområde som naturreservat, landskapsvernområde, naturminne og biotopvernområde. Omkring 70 kommunar søkte om forvaltningsmynde for slike mindre verneområde, men Miljøverndepartementet skriv at det har vore større interesse blant kommunane for å ta på seg forvaltningsmynde for dei store verneområda. (Prop. 1 S 2009-2010 MD)

Falleth og Hovik (2008) skriv at bakgrunnen for Stortinget sitt engasjement kring lokal involvering i forvaltning av verneområda, var konflikt mellom lokale interessentar/ kommunale myndigheiter og den statlege naturforvaltninga, som tidlegare hadde ansvaret for å forvalte verneområda. Dei skriv vidare at konflikten tiltok utover 90-talet og at stortinget ynskte å prøve meir lokal involvering i forvaltninga for å senke konfliktnivået.

Med bakgrunn i den beskrivne prosessen vart fire forsøk som innebar lokal forvaltning sette i gang. Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane frå 2001, Forollhogna og Dovrefjell-Sunndalsfjella i 2003 og Blåfjella-Skjærfjella i 2006 (Prop. 1 S 2009-2010 MD). Direktoratet for naturforvaltning fekk i oppgåve å administrere forsøka, tre av områda i forsøka vart peika ut av stortinget i Innst. O. nr 64 (1995-96) medan Direktoratet for naturforvaltning valde ut Dovrefjell-Sunndalsfjella (Falleth og Hovik 2008). Norsk institutt for by- og regionsforskning (NIBR) har evaluert desse fire forsøka.

2.2 Evaluering av dei fire forsøka med lokal forvaltning av store verneområde

I evalueringa frå NIBR skriv Falleth og Hovik (2008) at hovudformålet med evalueringa var å undersøkje om forsøksområda hadde skapt større legitimitet rundt vernet, vorte integrert lokalt og drive ein meir effektiv verneforvaltning utan at det har gått ut over verneverdiane og føremålet med vernet.

Områda som vart valde ut til forsøksordninga var altså: Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Forollhogna nasjonalpark med tilgrensande landskapsvernområde, Blåfjella - Skjækerfjella nasjonalpark og Dovrefjell - Sundalsfjella nasjonalpark.

Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde oppretta 28 april 2000. Frå juli 2001 fekk kvar av dei åtte involverte kommunane delegert mynde for sin del av landskapsvernområdet. Det vart oppretta eit rådgjevande interkommunalt samordningsorgan beståande av lokalpolitikarar med eige sekretariat.

Forollhogna nasjonalpark med tilgrensa landskapsvernområde vart oppretta 21. desember 2001, her overtok kommunane forvaltningsmynde for sitt område i mai 2003. På lik line med Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane har det også her vore eit interkommunalt rådgjevande samarbeidsorgan med lokalpolitikarar, med eit sekretariat, men i motsetnad til Setesdalområde har det ikkje vore tilsett noko fulltid sekretariatsleiar.

Blåfjella - Skjækerfjella nasjonalpark vart oppretta i 2004. Frå 2006 vart forvaltningsmynde her delt mellom kommunane, fylkesmannen og reindriftsforvaltninga. Det vart oppretta eit rådgjevande nasjonalparkråd sett saman av eit breitt spekter av interessentar.

Dovrefjell - Sundalsfjella nasjonalpark med tilgrensa verneområde vart oppretta i 2001. Her overtok Dovrefjellrådet, eit interkommunalt og fylkeskommunalt organ, forvaltningsmynde i juli 2003. Dette forsøket skil seg altså frå dei andre ved at forvaltningsmynde er lagt til eit interkommunalt organ og ikkje fordelt mellom kommunane.

Modellen som er valt i Dovrefjell med forpliktande interkommunalt samarbeid, har bidrege til meir like forvaltningspraksis i heile området og sterkt lokalpolitisk engasjement. Ein sit såleis att med mange positive erfaringar frå forsøket med den forvaltningsmodellen som vart vald i Dovrefjell-Sundalsfjella. (Prop. 1 S 2009-2010 MD, Falleth og Hovik 2008)

Hovudkonklusjonen til Falleth og Hovik (2008) i evalueringa av forsøka er at den lokale forvaltninga i hovudsak er i tråd med forvaltningsplanane, og at forsøka har førd til sterkt lokalpolitisk engasjement rundt verneområdeforvaltninga. Men dei peikar også på ein del kritikkverdige forhold som bør vurderast før ny modell for forvaltning av større verneområde vert innført. Ein hovudutfordring som vert peikt på er at lokal forvaltning tenderer til å være meir liberal samanlikna med statleg praksis. Det vert gjevne mange, til dels ubetydelege

dispensasjonar, men sett under eit vil akkumuleringa av mange dispensasjonar kunne truge verneformålet. Falleth og Hovik peikar også på at det er naudsynt med tydelegare statlege rammer og mekanismar for å sikre ein meir einskapleg forvaltning i tråd med verneformåla/forvaltningsplanane. Dei skriv vidare at for å sikre ei meir einskapleg forvaltning i tråd med statlege rammer bør forvaltningsmynde leggast til interkommunale samarbeid. Evalueringa set søkeljos på fire hovudsvakheitar ved forsøka: mangel på statlege sanksjonsmoglegheiter overfor kommunane som ikkje fylgjer rammene. Manglande reell deltaking frå alle råka partar og arenaer for konflikthandtering. Manglar ved saksbehandlingspraksis og naturvitskapleg kompetanse. Og til slutt manglande statlege system for veiledning, dokumentasjon og kontroll.

Det som er særleg interessant i høve verneområdestyra sin rolle, er at denne evalueringa viser at lokale forvaltning legg større vekt på brukarinteresser og mindre vekt på verneformålet enn statleg forvaltning. Næringsutvikling vert prioritert av dei lokale forvaltningsaktørane og inkludert i forvaltningsplanane i ein mykje større utstrekning enn ved statleg forvaltning. Falleth og Hovik peikar også på at dei lokale forvaltningsmyndigheitene har mykje større fokus på løysingar for bruk og vern. Dette kan tolkast slik at lokale verneområdestyre, i mykje større utstrekning enn statleg forvaltningsmyndigheit, ynskjer å ta ein rolle som utviklingsaktørar innanfor vern bruk perspektivet.

Forsøka med lokal forvaltningsmodell kan seiast å være ein del av ein regimeendring innanfor vernepolitikken, fokus på næringsutvikling i og ved verneområdet har auka betrakteleg dei siste åra, forholdet mellom bruk og vern vert difor meir kompleks. Vidare ser ein at lokal involvering i forvaltninga er ein internasjonal trend (Falleth og Hovik 2008).

2.3 Ny forvaltningsmodell for større verneområde

Folk flest vart nok fyrst klar over at ein ny forvaltningsmodell for verneområda sto på trappene då Miljøverndepartementet 07.07.2009 sendte ut ei pressemelding med overskrifta, *Verneområda skal forvaltast lokalt*, i pressemeldinga står det:

”Regjeringen har besluttet at store verneområder som bl.a. nasjonalparker og landskapsvernområder skal sikres lokal forvaltning gjennom interkommunale verneområdestyrer”

I pressemeldinga skriv Miljøverndepartementet vidare at dei ynskjer å styrkje lokaldemokratiet i forvaltninga av verneområda, samt at ein med den nye forvaltningsmodellen med verneområdestyre vil sikre at både vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap vil bli nytta i forvaltninga. Det vert vidare vist til departementets budsjettproposisjon for 2010 nærare omtale av forvaltningsmodellen.

Denne pressemeldinga kan seiast å markere startpunktet for Miljøverndepartementet sitt arbeid med å implementere den nye forvaltningsmodellen for dei store verneområda. Ei grundig utgreiing av den nye forvaltningsmodellen kom i budsjettproposisjonen til Miljøverndepartementet for 2010, og i eit brev til aktuelle kommunar datert desember 2009.

Miljøverndepartementet budsjettproposisjon for 2010

I tillegg til å innføre den nye forvaltningsmodellen for verneområda, vert det lagt stor vekt på at ein i løpet av 2010 skal ferdigstille den såkalla nasjonalparkplanen, samt implementere og fylgje opp den nye naturmangfaldlova.

Miljøverndepartementet gjennomførde i 2010 det dei karakteriserer som ei styrking av verneområdeforvaltninga. For 2010 inneber dette ein auke på 54 millionar til verneområdeforvaltning, til blant anna områdeforvaltarar, gjennomføring av nasjonalparkplanen, utarbeiding av forvaltningsplanar samt lokal forvaltning av større verneområde.

Miljøverndepartementet er i budsjettproposisjonen klare på at målet med å opprette ein lokal forvaltningsmodell for dei store verneområda, er å styrke forvaltninga av verneområda.

”Forvaltning av verneområde er ei slik oppgåve der lokal kunnskap og erfaring kan bidra positivt..Det er naudsynt å få til eit auka lokalt eigarskap til verneområda. Forvaltning av nasjonalparker og andre store verneområde bør derfor forankrast lokalt (side 222).”

Forvaltningsordninga skal tufte på den nye Naturmangfaldlova vedteken i kongeleg resolusjon 01.07.2009, og den nye forvaltningsordninga skal byggje på fylgjande prinsipp:

- *Lokal forvaltning*, lokalt eigarskap og forankring er essensielt i forvaltning av store verneområde.
- *Einskapleg forvaltning*, rammene for vernet og forvaltninga skal være tydelege. I *Naturmangfaldlova* vert einskapleg forvaltning sikra gjennom dispensasjonsføresegnar (§48.), krav til målformuleringar (§33.) og krav til at forvaltings og skjøtselsplanar vert godkjende av Direktoratet for naturforvaltning (§35.).
- *Kunnskapsbasert forvaltning*, Miljøverndepartementet skriv at kunnskap må liggje til grunn for alt arbeid knytt til verneområda, både i opprettinga og forvaltning av områda. Prinsippet om kunnskapsbasert forvaltning er lovfesta i naturmangfaldlova (§8.)
- *Rapporterings-, kontroll og sanksjonsordningar*, jamfør naturmangfaldlova (§ 62. myndigheit etter lova) har staten moglegheit til å instruere verneområdestyra og eventuelt trekkje attende det delegerte mynde om ikkje forvaltninga skjer i samsvar med nasjonale og internasjonale retningslinjer. Fylkesmannen har klagerett for vedtak fatta av lokale nasjonalparkstyre etter naturmangfaldlova, Miljøverndepartementet er klageinstans, sakene vert førebudd av Direktoratet for naturforvaltning.

Miljøverndepartementet sende i 2009 ut eit brev til kommunane, kor dei kom med detaljar rundt den praktiske organiseringa av verneområdestyra og implementeringa av den nye forvaltningsmodellen.

Invitasjon til å delta i interkommunale verneområdestyre

Desember 2009 sendte Miljøverndepartementet, signert minister Erik Solheim, ut eit brev kor han inviterte aktuelle kommunar til å delta i forvaltninga av spesifikke større verneområde, gjennom deltaking i nasjonalpark-/verneområdestyre. I brevet står det:

”Regjeringa har vedtatt at nasjonalparkar og store verneområde skal forvaltast lokalt. Gjennom den nye forvaltningsmodellen for verneområda som er omtala i Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon for 2010, vil kommunane få forvaltningsmynde gjennom deltaking i politisk samansette nasjonalpark- eller verneområdestyre”

Departementet ynskjer ein attendemelding innan 10. februar 2010 om kommunane ynskjer å delta i forvaltninga av nemnde verneområde med tilhøyrande verneplan (individuelle brev til alle råka kommunar).

Departementet skriv vidare at ein ynskjer å innføre den nye forvaltningsmodellen for å styrke forvaltninga av verneområda, fremje lokal forankring og gjere forvaltninga av dei store verneområda mest mogleg kunnskapsbasert og einskapleg. Dei presiserer at

verneområda skal forvaltast gjennom interkommunale politisk samansette styre. Styret vil få eit sekretariat med ein eller fleire nasjonalpark/verneområdeforvaltarar. Forvaltarane skal tilsetjast av fylkesmannen og ha ei tilknytning til fylkesmannen sitt fagmiljø på verneområdet. Forvaltarane skal lokaliserast lokalt i nasjonalparksenter eller andre typar naturinformasjonssenter, desse forvaltningsknutepunkta er viktige i henhald til prinsippet om kunnskapsbasert forvaltning.

I brevet frå Miljøverndepartementet står arbeidsoppgåvene til dei nye nasjonalparkstyra beskrive slik:

”Styret si oppgåve er å være forvaltningstyresmakt for nærare bestemte verneområde. I grove trekk inneber dette å fatte avgjerd knytt til vernereglane, gjennomføring av tiltak som tilrettelegging for bruk, informasjons – og skjøtselstiltak, og i samarbeid med SNO medverke til lokal forankring i gjennomføring av tiltaka. Der det er aktuelt, skal styret utarbeide og rullere forvaltnings-/skjøtselsplanar som Direktoratet for naturforvaltning skal godkjenne. I samband med delegering av forvaltningsmynde til styra vil departementet utarbeide ein konkret oversikt over ansvar og oppgåver som styret får.”

Miljøverndepartementet har som mål å etablere verneområdestyre for dei kommunane som ynskjer det i løpet av 2010.

Kvar kommune har ein politisk representant i nasjonalparkstyra, vald av kommunestyret. Miljøverndepartementet tek avgjersler kring oppretting styra, Direktoratet for naturforvaltning styrer prosessen med konstituering av styra.

2.4 Forvaltning av verneområda – formelle rammer

Nye verneområde vert oppretta etter naturmangfaldlova ved kongeleg resolusjon. For kvart av verneområda skal det vedtakast ei eige verneforskrift. Ved oppretting av eit nytt verneområde vert det gjennomført ein omfattande planprosess. Planprosessen startar med at Miljøverndepartementet gjev fylkesmannen oppdrag om å utarbeide verneforslag for det aktuelle området. På vegen fram mot eit endeleg forslag som skal leverast til fagleg godkjenning hjå Direktoratet for naturforvaltning, må fylkesmannen sikre at offentlegheita har moglegheiter til medverknad. Utgreiingar av verneverdiar og innspel frå råka partar skal danne grunnlaget for fylkesmannens verneforslag.


Verneforslaget frå fylkesmannen vert fagleg behandla av Direktoratet for naturforvaltning, før det vert sendt ut på lokale og sentrale høyringar. Medverknad frå råka partar er svært viktig gjennom heile prosessen og det vert arrangert fleire opne offentlege møte.

Ei vernesak vert så i siste instans behandla i regjeringa, og det endelege vedtaket vert fatta av kongen i statsråd. For området som vert vedteke verna vert det også vedteke ei eiga verneforskrift med tilhøyrande vernekart som er ein del av forskrifta. Verneforskrifta er eit juridisk dokument, og det

viktigaste styringsdokumentet for forvaltningsmyndigheit for det aktuelle området. I verneforskrifta vil det liggje ei beskriving av verneformålet og naturgrunnlaget.

Verneforskrifta skal regulere framtidig bruk av området, som til dømes inngrep i området og bruk av området hjå ulike brukarinteresser (Handbok for områdevern og forvaltning, DN 2010).

Forvaltningsmyndigheitene skal altså utøve mynde i tråd med naturmangfaldlova, (Lov 2009-06-19- nr 100: Lov om forvaltning av naturens mangfald), og verneforskrifta for det aktuelle området.



Figur: 2.1 Oppretting av verneområde - Handbok for områdevern og forvaltning. s. 8 kap 3

Forvaltningsmyndigheitene skal også utarbeide ein forvaltningsplan, som skal godkjennast at Direktoratet for naturforvaltning. Brot på nemnde verneforskrift for området skal rapporterast og eventuelt meldast til politiet.

”Forvaltningsstyresmakta har ansvaret for å forvalte verneområda i tråd med naturmangfaldlova og verneforskrifta og treffe nødvendige tiltak dersom verneverdiane er truga. I tillegg vil forvaltningsstyresmakta ha ansvar for nødvendig administrasjon, budsjett rettleiing/informasjon, kontakt mot andre styresmakter, brukarar og grunneigarar, interesseorganisasjonar o.a.” (Prop. 1 S 2009-2010 MD).

Tidlegare vart det beskrive at ei av oppgåvene til forvaltningsstyra er å utarbeide ein forvaltningsplan for verneområdet, som skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Det er verneforskrifta og vernekartet som legg rammene for forvaltningsplanen. Ein forvaltningsplan kan ikkje innehalde tiltak som er i strid med verneforskrifta eller verneformålet. Forvaltningsplanane er i utgangspunktet ikkje eit juridisk bindande dokument, med mindre verneforskrifta viser direkte til punkt i forvaltningsplanen. Forvaltningsplanane skal være eit konkret hjelpemiddel og arbeidsverktøy for forvaltningsmyndigheita, og innehalde retningsliner om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging med meir. Forvaltningsplanen kan innehalde ulike temaplanar, kring emne som forvaltningsmyndigheita tykkjer er viktige å prioritere i området (Handbok for områdevern og forvaltning, DN 2010).

Ein kan sei at naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplanane utgjer dei viktigaste formelle rammene til nasjonalparkstyra. Det ein ser er at det i desse rammeverka er at nasjonalparkstyra ikkje har nokon lovpålagde oppgåver som går på å bidra til lokal verdiskaping. Det verkar som verneområdestyra sjølv aktivt må ta denne rolla, og forankre den i forvaltningsplanane som verneområdestyra har ansvar for å lage.

Direktoratet for naturforvaltning gav i 2001 ut eit rundskriv: *Forvaltning av verneforskrifter*, rundskrivet skal være eit hjelpemiddel for forvaltningsmyndighetene. Rundskrivet vart revidert i 2010 etter innføringa av den nye forvaltningsmodellen og inneheld i fyrste rekkje krav til saksbehandling av verneforskrifter. Dette rundskrivet samt *Handbok for områdevern og forvaltning* revidert 2010 DN. er ein viktig del av verktøykassa til nasjonalparkstyra. I *Handbok for områdevern og forvaltning* står det noko om korleis forvaltninga kan leggje til rette for næringsaktivitet og verdiskaping, særleg knytt mot reiselivsnæringa. Også her vert det presisert at reiselivsaktørar og andre næringsaktørar bør takast omsyn til når ein utarbeider forvaltningsplanen for området.

Når ein då ser på dei viktigaste formelle rammene nasjonalparkstyra har å halda seg til, naturvernlova, verneforskrift og forvaltningsplan, er det særleg i utarbeidinga av forvaltningsplanane nasjonalparkstyra har moglegheit til å påverke forvaltninga. Dersom nasjonalparkstyra ynskjer å opptre som utviklingsaktørar, og bidra til verdiskaping kring nasjonalparkane, kan dei få synleggjort dette i forvaltningsplanen for området. Det er også moglegheiter til å lage temaplanar kring utvikling og verdiskaping. Slik vil ein allereie ved å lese forvaltningsplanen til eit verneområde få ein pekepinn på om nasjonalparkstyra er framoverlent og ynskjer å bidra til utvikling.

Status per dags dato

12. mars 2010 vart det sendt ut eit brev frå Miljøverndepartementet om den vidare framdrifta, knytt til innføring av ny modell for forvaltning av større verneområde. Brevet slår fast at av dei spurde kommunane ynskjer dei aller fleste å delta i lokal forvaltning av verneområda, gjennom nasjonalparkstyre. I brevet står det at det er kome innspel frå enkelte kommunar at forvaltaren bør tilsettast av styra og ikkje fylkesmannen, men det vert avvist frå Miljøverndepartementet. Det er også kome innspel om at ein bør gjennomgå rolla til Statens naturoppsyn når det gjeld skjøtsel, informasjon og tilretteleggingstiltak. Miljøverndepartementet opnar for at forvaltningsstyra kan nytte andre lokale aktørar til dei nemnde oppgåvene men at Statens naturoppsyn beheld oppgåvene knytt til tilsyn, som er regulert av naturoppsynslova.

Departementet skriv vidare i brevet at dei så snart som mogleg vil kontakte aktuelle kommunar slik at oppnemninga av nye styre vert sett i gang. Dette har vorte gjort og me skal no sjå nærare på Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark og nasjonalparkstyra som har vorte oppretta der.

2.5 Oppsummering

Ein kan spore prosessen med å innføre lokal forvaltning av verneområda attende til byrjinga av 90- talet, då sitjande regjering la fram stortingsmeldinga, *Landsplan for nasjonalparkar*. Utover 90- talet sette stortinget gjentekne gonger søkeljos på folkevald medverknad og

medbestemming over verneområda. Bakgrunnen for stortingets engasjement var nok det høge konfliktnivået mellom statleg verneforvaltning og lokale interessentar og kommunane. Stortingets energi og miljøkomité ba regjeringa om å setje i gang forsøk med lokal forvaltning. Difor vart det frå 2001 til 2006 sett i gang fire forsøk som innebar lokal forvaltning av verneområde. I 2008 vart det gjort ei evaluering av desse forsøka. Evalueringa peika på at den lokale forvaltninga i all hovudsak har vore i tråd med forvaltningsplanane, og skapt sterkt lokalpolitisk engasjement. Men ein del kritikkverdige forhold ved den lokale forvaltninga vart og beskrive.

Så i juli 2009 sende Miljøverndepartementet ut ei pressemelding kor dei kunngjer at regjeringa har avgjort at store verneområde no skal forvaltast gjennom interkommunale verneområdestyre. Den nye forvaltningsmodellen skal sikre lokaldemokratiet samt sikre at lokal og erfaringsbasert kunnskap vert nytta i forvaltninga. Den nye forvaltningsmodellen vert grundig gjort greie for i Miljøverndepartementets budsjettproposisjon for 2010. Her kan ein blant anna lese at den nye ordninga vil representere ei styrking av verneforvaltninga og at den skal tufte på prinsippa: lokalt eigarskap, einskapleg forvaltning og kunnskapsbasert forvaltning. I desember 2009 sender så Miljøverndepartementet ut brev kor dei inviterer aktuelle kommunar til å delta i forvaltning av namngjevne verneområde. Dei skriv at det skal opprettast interkommunale nasjonalparkstyre og brevet inneheld ei beskriving av oppgåvene til desse styra.

Ser ein så på dei formelle rammene kan ein sei at naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplanane utgjer dei viktigaste formelle rammene til verneområdestyra. Men at nasjonalparkstyra, i desse rammeverka, ikkje har nokon lovpålagde oppgåver som går på å bidra til lokal verdiskaping. Ut i frå rammene verkar det som om verneområdestyra sjølv aktivt må ta denne rolla om dei ynskjer det, og forankre den i forvaltningsplanane som verneområdestyra har ansvar for å lage.

2.6 Rondane - Dovre nasjonalpark



I forvaltningsplanen for dei store verneområda i Rondane kan ein lese at Rondane nasjonalpark vart oppretta allereie i 1962 og vert rekna som Noregs fyrste nasjonalpark (Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Hedmark 2009). Då *Verneplan for Rondaneområdet* vart vedteke ved Kongeleg resolusjon 24. oktober 2003, vart verneområdet utvida. Dovre nasjonalpark vart oppretta, samt fire landskapsvernområde og eit naturreservat. Dei store verneområda i Rondane omfattar no to nasjonalparkar Rondane og Dovre nasjonalpark, tre naturreservat og fire landskapsvernområde. Dei verne areala ligg i Dovre, Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommune i Oppland og Stor-Elvdal og Følldal kommune i Hedmark.

Det er skriven felles forvaltningsplan for verneområda i Rondane, og områda vert forvalta av Rondane - Dovre nasjonalparkstyre.

I forvaltningsplanen kan ein lese at, hovudføremålet med vernet er å ta vare på eit fjelløkosystem kor ein finn ein del av den siste attverande bestanden av Nord-Europas ville fjellrein. Det skal samstundes vere anledning til utøving av enkelt tradisjonelt friluftsliv, med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsplanen for området omhandlar i høgste grad brukarinteresser i parken, men det er ikkje fokus på utviklingsmoglegheiter. Fokus ligg på retningsliner og tiltak, kva som er lov og ikkje lov. I kapittelet om turisme, reiseliv og utvikling i randsona vert det presentert nokre besøks- og trafikketal for området, men framtidige utviklingsmoglegheiter vert ikkje omhandla. I innleiinga til forvaltningsplanen står det tydeleg at:

"En forvaltningsplan skal kun definere rammene for bruken, skjøtselen og tilretteleggingen i verneområdene. Å belyse mulighetene for næringsutvikling er ikke et formål" (side 11.)

Eit anna moment ved forvaltningsplanen som er relativt særeige for dette området samanlikna med andre nasjonalparkar, er dei strenge restriksjonane på organisert ferdsel i Rondaneområdet.

"Organisert ferdsel til fots og på ski som ikke følger merkete stier og løyper, eller er innenfor spesielle soner for organisert ferdsel, betraktes i dette området som ferdsel som kan

skade naturmiljøet. Slik ferdsel forutsetter derfor dispensasjon fra verneforskriften(e) for de som arrangerer gjentatte turer over sesongen, eller for grupper større enn 20 personer. Turer i regi av turistforeningen, skoler, barnehager, ideelle lag og foreninger er ikke søknadspliktig." (side 60)

Forbud mot organisert ferdsel kombinert med at det er også strenge restriksjonar på oppkøyring og stikking av vinterløyper, og merking av løyper generelt, er noko som sterkt råkar næringsinteresser i området. Særleg vert det av fleire av intervjuobjekta påpeika forskjellsbehandlenga mellom DNT og private næringsaktørar, sidan DNT ikkje vert råka av forbodet mot organisert ferdsel. Dette vert nærare diskutert i analysedelen av oppgåva.

2.7 Rondane - Dovre nasjonalparkstyre


I pressemelding frå Miljøverndepartementet 22. desember 2010 går det fram at representantar frå Dovre, Sel, Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu, Stor-Elvdal, Folldal kommune, Hedmark og Oppland fylkeskommune vert oppnemnt til nasjonalparkstyret som skal forvalte verneområda knytt til verneplanen for Rondaneområdet. Nasjonalparkstyret får forvaltningsansvar for Rondane og Dovre nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Miljøverndepartementet sende 21. desember 2010 ut brev til råka kommunar og fylkeskommunar, kor vedtektene for Rondane - Dovre Nasjonalparkstyre var vedlagt. Tilnærma likelydande vedtekter vert sendt til alle nasjonalparkstyra frå Miljøverndepartementet, og er førande for nasjonalparkstyra si organisering og verksemd.

Vedtektene slår fast at styret skal forvalte verneområda med heimel i naturmangfaldlova og gjeldande verneforsrifter for dei einskilde verneområda. Vidare gjev vedtektene fylgjande føringar om organisering:

- Styret kan opprette eit **arbeidsutval** som har delegert mynde til å ta avgjersler på vegne av styret i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane.
- **Sekretariat/forvaltningsknutepunkt**, I brev frå Miljøverndepartementet 06. mai 2011 går det fram at departementet har godkjent Rondane - Dovre nasjonalparkstyre sitt innspel om å etablere forvaltningsknutepunkt på Norsk Villreinsenter på Hjerkin, og at det er sett av midlar til ei stilling som nasjonalparkforvaltar for området. Fylkesmannen i det fylket kutepunktet vert etablert i vil få tilsetjings og personalansvar for forvaltaren.
- I vedtektene står det også at styret skal etablere eit nært samarbeid med **Statens naturoppsyn (SNO)** lokalt, og at det skal utarbeidast ein årleg plan/prioritering for skjøtsel og forvaltningstiltak. Det vert løyvd midlar til tiltaka i denne planen gjennom bestillingsdialogen med SNO og DN. Såleis må styra kome til einigheit med DN og SNO om

midlar til tiltak, dei har ikkje eigne midlar. Truleg vil mesteparten av dialogen med SNO finne stad gjennom sekretariatet. Det står også klarlagt i vedtektene at SNO har tilsynsmynde i verneområda.

- Vidare skal styret oppnemne eit **fagleg rådgjevande utval**, beståande av representantar for interessene i området som grunneigarar, fjellstyre, næringsliv, friviljuge organisasjonar, natur- og miljøorganisasjonar. Nasjonalparkstyret bør ha minimum eit årleg dialogmøte med det fagleg rådgjevande utvalet.
- For å sikre at forvaltninga av verneområda vert godt integrert i den kommunale forvaltninga, bør styret også opprette eit **administrativt kontaktutval** med representantar frå administrasjonen i kommunane.



Figur: 2.2 Organisasjonskart - forvaltning av Rondaneområdet

I tillegg til utvala som nasjonalparkstyra er pålagde å opprette, freistar organisasjonskartet å syne den nemnde tilknytninga til SNO og dei respektive fylkesmennene. Vidare at Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning har stor påverknad på det daglege virke til nasjonalparkstyra. Eksempel på dette er til dømes at kommunane måtte melde inn to moglege representantar til Miljøverndepartementet, medan det var departementet som i siste instans utnemnde nasjonalparkstyra. Likeeins er nasjonalparkstyra bedne om å komme med forslag om plassering av forvaltningsknutepunkt,

her og er det departementet som tek endeleg avgjerse. Direktoratet for naturforvaltning har fleire kontrolloppgåver ovanfor nasjonalparkstyra. Her kan ein særleg nemne at DN og SNO står for endeleg godkjenning av dei årlege tiltaksplanane, nye og reviderte forvaltningsplanar.

2.8 Jotunheimen nasjonalpark

I fylkesmennene si tilråding til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, kan ein lese at Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon 05.12. 1980.

(Fylkesmannen i Sogn og fjordane, Fylkesmannen i Oppland juli 2008). Nasjonalparken er på ca 1151 km² medan Utladalen landskapsvernområde er på ca 314 km², fordelinga av vernearealet på kommunane er: Lom kommune 40%, Vang kommune 3% og Vågå kommune 19% i Oppland fylke, Årdal kommune 19% og Luster kommune 19% i Sogn og Fjordane fylke.



Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta som den 14. nasjonalparken i Noreg. Føremålet med Jotunheimen nasjonalpark er i fylgje kongeleg resolusjon frå 1980:

"Å verne et vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med geologiske førekomstar. Dyre- og planteliv og kulturminne på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. I nasjonalparken er det innanfor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, jakt og fiske, undervisning og forskning." (side21-22)

Den fyrste forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart godkjent i 1998. I juli 2008 sende fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane ei tilråding til revidert forvaltningsplan for området til Direktoratet for naturforvaltning. Denne reviderte forvaltningsplanen ligg framleis på bordet til Direktoratet for naturforvaltning. Den reviderte forvaltningsplanen, vert saman med verneforskrifta og naturmangfaldlova nytta som styringsdokument i forvaltninga, sjølv om den endelege godkjenninga av planen endå ikkje føreligg (munnleg meddeling frå FM. i Oppland).

I motsetnad til ein del andre nasjonalparker i Noreg vert Jotunheimen rekna som ein brukspark. I det ligg det at friluftsliv har hatt ei stor tyding i Jotunheimen heilt attende til 1800-talet, og tilrettelegging og ivaretaking av tradisjonelt friluftsliv er eit av føremåla med parken. I fylgje forvaltningsplanen er dei totale besøkstala i parken svakt aukande, medan talet på dagsbesøk i verneområda aukar markant. Det er særleg turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Glittertind som opplever auka trafikk. Vidare er det svært få restriksjonar på organisert ferdsel i regi av næringsaktørar og andre. I den omtalte forvaltningsplanen står det også at forvaltninga skal legge til rette for gode innfallsportar til nasjonalparken, med parkeringsplassar og informasjon. Det er også lagt opp til at ein ved søknad skal få særskilt løyve til større arrangement. Her vert det nemnt at arrangement som fjelltelemarksrenn, Fanaråken Duatlon, Galdhøpiggen Opp, High Camp m. fl. har fått løyve dei siste åra.

Brukarinteresser er altså via stor plass i utkastet til ny forvaltningsplan, om reiseliv står det at:

"..må målet være å bruke Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde som ein sentral del av (utviklinga av) reiselivet i regionen.."(side 88)

Vidare står det at dei viktigaste tiltaka for å byggje oppunder reiselivet i området er å sikre god infrastruktur med stigar, parkering, informasjon osv. Vidare står det i planen at forvaltninga bør være i ein dialog med reiselivet for å medverke til utvikling, samt halde informasjonsmøte retta mot reiselivet. Skal ein setje fingeren på ein ting som hemmande ekspansjons og utviklingsmoglegheiter for næringslivet i Jotunheimen nasjonalpark, er det nok det generelle forbodet mot nybygg og påbygg innanfor verneområdet. Det kan likevel gjevast dispensasjon til mindre utbyggingar og ombyggingar for turisthyttene i parken. Men samla sett kan ein sei at utkastet til forvaltningsplan tek god omsyn til næringsinteresser, ja endåtil er framoverlent og ynskjer at forvaltninga skal bidra til utvikling i og kring nasjonalparken.

2.9 Jotunheimen nasjonalparkstyre

31.03.2011 oppnemnde Miljøverndepartementet nasjonalparkstyret som skal forvalte Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Jotunheimen nasjonalparkstyre vil bestå av representantar frå Vang, Lom, Vågå, Årdal og Luster kommune samt Oppland og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Miljøverndepartementet sende 04. november 2010 ut brev med vedtekter for nasjonalparkstyret.

På lik line med Rondane - Dovre nasjonalparkstyre har Jotunheimen nasjonalparkstyre oppretta arbeidsutval, administrativt kontaktutval og kontakt med SNO. Det som særskilt skil dei to nasjonalparkstyra og forvaltning av områda, er forvaltningsknutepunkta og tilsynsutvala for Jotunheimen nasjonalpark.


Nasjonalparken har sidan opprettinga hatt lokale tilsynsutval. Det er organisert tilsynsutval i kvar råka kommune, utvala har hatt årlege samlingar kor alle tilsynsutvala tilknytt verneområdet har vore samla. Ordninga med tilsynsutval for Jotunheimen nasjonalpark er unike i sitt slag i landet. Tilsynsutvala er heimla i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, i §8 *Rådgjevande utval* står det at i kvar kommune som har areal i nasjonalparken skal det finnast eit lokal tilsynsutval. Tilsynsutvala har uttalerett i alle vesentlege og prinsipielle saker, saman utgjer det kommunale tilsynsutvala eit rådgjevande organ for nasjonalparken. Jotunheimen nasjonalparkstyre har vedteke at dei vil halde fram med dei lokale tilsynsutvala sjølv om det no vert innført ein ny forvaltningsmodell. Dette gjer dei i praksis ved at tilsynsutvala vert inkludert i ordninga med fagleg rådgjevande utval som Miljøverndepartementet har pålagt nasjonalparkstyra å opprette. For Jotunheimen vil det i det fagleg rådgjevande utvalet sitje representantar frå kvar av dei kommunale tilsynsutvala, samt representantar frå andre organisasjonar (møteprotokollen Jotunheimen nasjonalparkstyre 19. oktober 2011).

Når det gjeld forvaltningsknutepunkt syner møteprotokollen for Jotunheimen nasjonalparkstyre frå 14. juni 2011 at styret ynskjer Lom og Luster som forvaltningsknutepunkt. Miljøverndepartementet avgjorde at det berre skulle være eit forvaltningsknutepunkt, dette vart plassert i Lom. Men nasjonalparkstyret fekk to forvaltarar, ein plassert i Lom og ein i Luster, ein har difor eit delt forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen. I motsetnad til Rondane - Dovre nasjonalparkstyre som har eit knutepunkt og ein forvaltar.

Slik ser ein på organisasjonskartet under at forvaltninga av Jotunheimen nasjonalpark er ein ganske stor og kompleks organisasjon/institusjon. Det som samanlikna med Rondane - Dovre nasjonalpark gjer organiseringa av Jotunheimen nasjonalparkstyre og forvaltning kompleks, er dei fem lokale tilsynsutvala samt dei to geografisk spreidde forvaltarane. Organiseringa vert diskutert teke med vidare i analysedelen av oppgåva.

Direktoratet for naturforvaltning

Miljøverndepartementet



Figur: 2.3 Organisasjonskart forvaltning av Jotunheimen nasjonalpark.

3 Kunnskapsgrunnlag: Nasjonalparkar og verdiskaping

Fyrste del av kapittelet vert via omgrepet naturbasert turisme. Dette fordi omgrepet naturbasert turisme ligg i botn for fleire av dei artikkane som vert presenterte i dette kapittelet. Me skal også sjå at turisme/reiselivet seinare vert trekt fram som svært viktig for lokal verdiskaping i og kring nasjonalparkane. Reiselivet sine økonomiske moglegheiter knytt til verneområda, er i hovudsak basert på naturkvalitetane til desse områda. Difor vert det naturleg å byrje kapittelet med kunnskap om ei retning innan reiselivet som vert kalla naturbasert turisme.

Elles vert det i kapittelet trekt fram eit utval av nasjonale og internasjonale artiklar, med relevans for oppgåva. Felles for artikkane er at dei omhandlar emnet nasjonalparkar og verdiskaping. Sidan dette er eit relativt nytt og smalt felt, med lite eller ikkje eksisterande teorigrunnlag, vert det naturleg å ta med kunnskap som finst i relevante artiklar og rapportar før ein går inn i teorikapittelet.

3.1 Naturbasert turisme

Mehmetoglu (2007) presenterer ei brei tilnærming til naturbasert turisme, kor naturbasert turisme vert definert som opplevingar og/eller aktivitetar som er direkte avhengige av naturen. Mehmetoglu skil mellom omgrepa naturbasert turisme og naturbasert reiseliv, då naturbasert reiseliv også omfattar forretningsreiser, kurs/konferansar og venne/slektsbesøk.

Andre definisjonar på naturbasert turisme kan være meir utdjupande:

"We believe that most scholars interpret that nature-based tourism is associated with leisure activities taking place in nature areas, and that key components are the visitor (being away from home) and experiences of, or in, nature" (Fredman og Tyrvainen 2010:180)

Fredman et al. 2009 har identifisert fire kjenneteikn for naturbasert turisme, kor berekraftperspektivet er inkludert:

"1: visitors to a nature area, 2: experiences of a natural environment 3: participation in an activity 4: normative components related to e.g. sustainable development and local impacts

I litteratur om naturbasert turisme finn ein koplingar til verneområde. Men fenomenet naturbasert turisme femner breiare enn turisme i verneområde, omgrepet femnar om turisme i alle naturtypar, verne og ikkje verna.

"Nature-based tourism..Typically this means travelling to and staying overnight in locations close to protected areas, forest, lakes or the sea or the countryside and participating in activities compatible with the location`s natural qualities." (Fredman og Tyrvainen 2010:179)

I følgje Fredman og Tyrvainen (2010) er naturbasert turisme kjenneteikna av mange interessantar. I tillegg til dei interessentane ein normalt finn i turismesektoren, finn ein interessantar knytt til vern, styring og utvinning av naturressursar. Dette fører til at naturbasert turisme iblant operer i eit komplekst landskap.

Naturbasert turisme veks raskare enn turisme generelt , enkelte hevdar at innanfor den breie definisjonen av naturbasert turisme kan 60% av dagens turisme reknast som naturbasert turisme. Vidare har truleg naturbasert turisme eit stort unytta potensiale i innanlandsmarknaden i Noreg (Mehmetoglu 2007). Fredman og Tyrvainen 2010, hevdar også at naturbasert turisme er ei vekst næring:

"Nature has been a key attraction factor for tourism in the Nordic countries for decades. The demand for nature-based tourism has steadily grown and is the most rapidly expanding sector within tourism across Europe and elsewhere" side 177

Dette vert også underbygd av Haukeland, Grue og Veisten I ein artikkel frå 2010. Der skriv dei at naturbasert turisme er ein mega trend, særleg er dette gjeldane i Skandinavia kor natur vert rekna som det viktigaste reisemotive for utanlandske turistar.

Mehmetoglu forklarar denne auka interessa for naturbasert turisme med tre paradigmeskifte i samfunnet vårt, miljøbevisstheit, framvekst av post- materialistiske verdiar og modernitet. Dei reisande ynskjer i større grad noko nytt og anna en masseturisme, dei søker autentiske opplevingar som ikkje går på bekostning av lokal natur og kultur. I kjølvatnet av denne utviklinga har fenomenet alternativ turisme vakse fram. Naturbasert turisme vert rekna som ei form for alternativ turisme. Alternativ turisme er eit svar på masseturismen, den skal være meir autentisk, meir berekraftig og ikkje belastande for lokale natur og kultur forhold . Fredman og Tyrvainen (2010) brukar meir generelle samfunnstrekk for å forklare den aukande etterspurnaden etter naturbasert turisme:

Firstly, there are large amounts of rural and peripheral areas with decreasing amounts of job opportunities and population numbers. Secondly, there is an increasing rate of urban population with a high standard of living demanding recreation opportunities in the proximity of the cities, but also in the countryside." S 179

Dette fører i fylgje Fredman og Tyrvainen til kommersialisering av natur aktivitetar og auke innan naturbasert turisme.

Det finst eit breitt spekter innanfor naturbasert turisme kor økoturisme vert rekna som den mest konservative forma. Mange andre former for turisme har også innslag av naturbasert turisme som kulturbasert turisme, sol og bade feriar og også masseturismen. Ein vil finne uklare "overlappande" skjeringspunkt mellom dei ulike formene for turisme. Naturbasert turisme vert ofte tett knytt mot berekraftig turisme, men det er viktig å presisere at det ikkje er alle former for naturbasert turisme som kan reknast for berekraftig. Det er heller ikkje vanleg å inkludere berekraft perspektivet i overordna definisjonar på naturbasert turisme (Mehmetoglu 2007, Fredman og Tyrvainen 2010 m.fl.).

Naturbaserte turistar er svært attraktive for turistnæringa. Dette fordi dei kan karakteriserast med høg inntekt, høg utdanning, høg betalingsevne og at dei har ein ansvarleg grunnhaldning med tanke på bærekraft. I den veksande marknaden til naturbasert turisme kan ein skilje mellom kjerne naturbasert turisme og meir generell naturbasert turisme. Innan det ein kan kalle kjernen i naturbasert turisme finn ein det ein kan kalle "spesialistane", dei er kunnskapsrike, krevjande kundar som i høg grad er motivert av naturen til å reise. Innan generell naturbasert turisme finn ein "generalistane". Ein kan sei at dette er meir vanlege turistar, ofte ein del av masseturismen, som på reisa si også ynskjer naturbaserte produkt. Generalistane er ikkje særskilt motivert av sjølv naturen for å reise, dei ynskjer tilbod og aktivitetar som ikkje er for utfordrande, men kor den sosiale settinga er ein meir framtrêdande del av produktet. Det viser seg at spesialistane eller kjerne naturbasert turisten er i fåtal, og at naturbasert turisme difor er avhengig av den vanlege turisten som ynskjer å "krydre" reisa med naturbaserte produkt (Mehmetoglu 2007).

Mehmetoglu (2007:52) segmenterer naturbaserte turistar inn i fire kategoriar :

- Tilfeldige naturturistar: naturopplevinga er noko dei tilfeldigvis deltek i
- Generelle naturturistar: naturopplevingar representerer noko nytt for dei
- Dediserte naturturistar: dei oppsøker aktivt naturopplevingar
- Kjerne- naturturisten: søker, vil lære om, aktivt delta i naturopplevingar

Med bakgrunn i fleire internasjonale undersøkingar har Mehmetoglu (2007) laga ei opplisting av dei vanlegaste naturbaserte aktivitetane. I dei fleste undersøkingane er det å besøke nasjonalparkar, fotturar, vannbaserte aktivitetar og å nyte naturen dei mest populære aktivitetane.

Fottur	Sykling	Rafting
Camping	Fjellklatring	Sjå plante og dyreliv
Skitur	Hanggliding /paraseiling	Kanotur
Snorkling/dykking	Båttur	Besøk i nasjonalpark
Segling	Fisking	Skogstur
Kajakk	Bading	Riding
Nyte naturen	Ta bilde i naturen	Sjå fuglelivet
Kvalsafari	Guida turar i naturen	Isklatring
Besøk av naturattraksjonar	Spenningsreiser	

Figur: 3.1 - Naturbaserte aktivitetar - fritt etter Mehmetoglu (2007)

I fylgje Fredman og Tyrvainen (2010) ser ein at naturbaserte turistar krev eit stadig meir spesialisert , variert og individuelt tilpassa tilbod/produkt. Ein kan også sjå ein aukande etterspurnad etter spennings aktivitetar og villmarks opplevingar, men også høgare krav til service og komfort.

Mehmetoglu (2007) beskriv nokre positive og negative økonomiske verknader ved naturbasert turisme. Positive økonomiske verknader, som ein også kan kalle den økonomiske verdiskapinga er :

- Økte inntekter ved økt sal av varer og tjenester. Her er det også viktig å ta med ringverknadane, ein kan sei at turistanes forbruk av varer og tenester generer inntekter i tre ledd og har direkte, indirekte og indusert økonomisk verknad for lokalsamfunna.
- Økt sysselsetting.
- Økonomiske utviklingsmoglegheiter for distrikta "Distriktsområder innehar det beste utgangspunktet for utvikling av naturbasert turisme da naturbasert turisme er ment å finne sted i områder med størst mulig grad av natur og naturestetikk, lokalisert langt frå urbane strøk"(Hall og Boyd 2005, i Mehmetoglu 2007:99)
- Økt entreprenørskap
- Økt valutatilførsel

På tross av dei positive effektane er det verdt å merke seg at økonomisk verdiskaping ved naturbasert turisme også kan føre til økonomisk lekkasje og alternativkostnader. Truleg er

den viktigaste faktoren for lokal verdiskaping basert på naturbasert turisme at ein avgrensar den økonomiske lekkasjen. I utviklingsland er den økonomiske lekkasjen frå naturbasert turisme estimert til 50%, truleg finn ein i distriktsområde i industriland same nivå av økonomisk lekkasje frå naturbasert turisme(Mehmetoglu 2007).

3.2 Artiklar og fagrapportar

Marit Vorkinn (2008) Har på oppdrag frå Trysil kommune, vurdert potensiale for økonomisk verdiskaping ved ein eventuell etablering av Fulufjellet nasjonalpark i Trysil kommune.

Samanlikna med andre land nyttar Noreg lite midlar til forvaltning av nasjonalparkane. Mottaks og besøksapparat i nasjonalparkane manglar i Noreg . Låg bemanning fører til at til tilsette i nasjonalparkforvaltninga må prioritere kontrolloppgåver medan utviklingsoppgåver som formidling, tilrettelegging og næringsutvikling vert nedprioritert.

Vorkinn 2008 viser til at nasjonalparkar kan ha direkte og indirekte næringsmessige effektar. Direkte effektar: forsterke merkevare (turisme, produkt, tenester), tiltrekking av fleire turistar, auka inntekter. Indirekte effektar: nyutvikling av tenester og produkt, nye finansieringsmoglegheiter, forsterka konkurransevne gjennom forbetring av "mjuke faktorar" som nettverk, samarbeid, kompetanse osv.

Vorkinn skriv at ei rekkje undersøkingar viser at nasjonalparkar vert oppfatta som eit kvalitetsstempel, og bidreg til å auke området attraktivitet. Vidare at turisme i og rundt verneområda er omfattande og veksande. I Noreg dominerer innanlandsmarknaden for bedrifter i og rundt norske verneområde, ca 70 % av kundane er nordmenn.

Vorkinn skriv at nasjonalparkar ikkje automatisk fører til auka verdiskaping, men at utviklingsprosjekt tilknytt store verneområde kan gje nye arbeidsplassar, auka lokale inntekter og auka forbruk blant turistar i område. Vorkinn listar opp seks suksessfaktorar for utviklingsprosjekt i verneområder:

- Ein klar visjon og konsept

- Integrasjon med eksisterande reiselivsstrategiar i tiliggande område og destinasjonar
- Samarbeid på tvers av sektorar
- Lokal tilpassing
- Kompetanse innan leiing og prosjektstyring
- Langsiktighet, 3 år viser seg å være for kort, det kan ta opp til 10 år før resultatene kjem

For Trysil vil etablering av Fulufjellet nasjonalpark kunne vere positivt for Trysil som heilårs reiselivsdestinasjon, passe godt inn i prosjektet for berekraftig reiseliv og vere ein faktor i beslutningsgrunnlaget for turistane sitt val av destinasjon. Men det er viktig å merke seg at det kvalitetsstempelen ein nasjonalpark gjev ikkje er verdifullt dersom infrastruktur og kommersielle tilbod knytt til parken ikkje held mål. Vidare oppfordrar Vorkinn Trysil kommune om å vere aktiv i prosessen med utarbeiding av forvaltningsplan for området, sidan viktige moment som besøksstrategi og infrastruktur vert fastlagt her. Til slutt bør kommunen jobbe for å få størst mogleg ressursar til forvaltning av nasjonalparken, for å kunne oppnå økonomisk verdiskaping.

Heiberg, Christensen, Aas (2005) Har skrivne ein rapport om turisme i verneområde, rapporten er eit ledd i eit samarbeidsprosjekt mellom NORSKOG og NINA kalla, "Turistbasert næringsvirksomhet i verneområder, muligheter og hindringer". Bakgrunnen for prosjektet er den såkalla *Fjellteksten* kor regjeringa fremmar auka berekraftig bruk av fjellområda innan turisme. Forfattarane meiner dette skapar eit kunnskapsbehov rundt kva slags verdiskapingspotensial som faktisk eksisterer tilknytt verneområda.

Forfattarane skriv at erfaringar frå andre land viser at verneområde mange stader kan føre med seg auka inntekter for lokalsamfunna, men at verdiskapinga også kan forsvinne ut av regionen (økonomisk lekkasje) dersom ein ikkje har bevisste strategiar på korleis lokalsamfunna skal sitte igjen med gevinsten.

Samanlikna med andre land har Noreg langt mindre tilrettelegging for turistar i og rundt nasjonalparkane. Allemannsretten er eit særtrekk som ein finn i dei nordiske landa. I land som til dømes Canada og New Zealand eksisterer ikkje allemannsretten. Her har ein inngangspengar i nasjonalparkane og trafikkerte parkar har også besøksstyring.

Inngangspengar og avgifter skapar heilt andre rammevilkår for forvaltninga. Noreg står også i ein særstilling i og med at DNT tilsynelatande dominerer bruken av nasjonalparkane med stignett og turisthytter. Undersøkingane påpeiker at dette fører til konflikter mellom private næringsaktørar og DNT.

Gjennom undersøkingane vart det gjort ei kartlegging av næringsaktivitetar ein finn i verneområda i Noreg.

Overnatting og servering	Private hytter, DNT, Fjellstyrehytter, Statsskog hytter og serveringsstader
Tematurar	Soppturar, floraturar, fuglesafari, moskussafari, elgsafari, hvalsafari, selsafari og eggsanking
Aktivitetar	Hundekøyring, fjellguiding, breføring, guiding i nasjonalparker, kajakk og kano, guida skiturar, riding, gummibåtsafari, klatring
Kultur arrangement	Bluesfestival, fjellfilmfestival, musikkfestival, Galdhøpiggrønnen, Fanaråken duatlon, Tinderittet, Skåla opp
Transport	Passasjerbåt, fergetrafikk, minicruise, hesteskys, leigekøyring
Jakt og fiske	Sal av jaktkort og fiskekort, tilrettelagt jakt og fiske/guiding
Primærnæringer	Beite, vedhogst, gardsturisme, seterdrift, reindrift
Anna	Leirskule, rakfiskproduksjon

Figur: 3.2 Næringsaktivitet i verneområda i Noreg- Heiberg, Christensen, Aas (2005)

Undersøkinga viser at verksemdene meiner marknadsføringseffekten av verneområda er liten, men meir gjeldane mot den utanlandske marknaden.

Næringsutvikling med basis i verneområda finn stad i minst like stor utstrekning i randsonene, tilrettelegging av kommersielle tilbod utanfor vernegrensene er difor minst like viktig og aktuelt.

Heiberg, Hagen og Christensen (2006) har gjort ei studie på rammer og handlingsrom for næringsutvikling i verneområda. Forfattarane beskriv eit norsk forvaltningsapparat kor det formelle regel og planverket som verneforskrifter og forvaltningsplanar, i liten grad differensierer mellom nasjonalparkane og dei ulike lokale forholda som er essensielle for næringsdrift. Difor kan ein ikkje sei at dagens formelle rammer samsvarar med det politiske målet om å leggje til rette for auka bruk av verneområda til turistbasert næringsutvikling.

Forvaltningsplanane for verneområda vert trekt fram som det viktigaste verktøyet for å sikre næringslivsinteresser og utviklingsmoglegheiter. Forfattarane meiner at reiselivet bør inkludrast i forvaltningsplanane med eit eige kapittel. Ein kan sjå ein tendens mot at dei nyare forvaltningsplanane tek meir omsyn til lokalt næringsliv.

Det dei næringsdrivande sjølve meiner hemmar næringsutvikling i tilknytning til verneområda er særleg forbod mot motorisert ferdsel, byggeforbod og det generelle forbodet mot inngrep.

Dei sentrale utfordringane for å auke næringsverksemd i verneområda vert beskrive som:

- Inkludere næringsverksemd i og i arbeidet med forvaltningsplanar.
- Vurdere større differensiering i verneforskriftene mellom dei ulike områda.
- Auke forutsigbarheita i forvaltninga, særleg knytt til dispensasjonssaker.
- Forbetre dialog mellom næringslivet, grunneigarar og forvaltningsmyndigheitene.
- Bidra til å flytte næringslivet og grunneigarane sitt fokus frå verneprosessen (negativt) til eit meir framtidsretta fokus kring moglegheitene vernestatusen gjev.
- Auke miljømyndigheitenes kunnskap kring restaurerande tiltak og kva potensiale som ligg i slike tiltak.

Aas m. fl. (2006) har undersøkt turistbedrifter i og rundt norske verneområde.

Undersøkingane er gjort med reiselivbedrifter i og rundt norske verneområde, som nyttar verneområda direkte til aktivitet eller indirekte til marknadsføring. Ein av tre av bedriftene opplevde vernestatusen som eit kvalitetsstempel medan ein av fem meldte om enklare sal. Dette kan ikkje seiast å være høge tal.

Forvaltningsplanane vert trekt fram som eit viktig verktøy for avklaringar kring bruk og vern. Undersøkinga viser at turisme i og rundt verneområda er omfattande og veksande, og at næringslivet ser vekstmoglegheiter. Undersøkinga viser at turisme i verneområda ikkje er likt fordelt utover landet, det er ei overvekt av verksemdar med tilknytning til verneområda i fjellregionen på Austlandet.

Karakteristisk for verksemdar i og rundt verneområda er at dei er:

- Små verksemdar, gjennomsnittleg sysselsetting på 4 årsverk.
- Overnattings og serveringsverksemdar er i gjennomsnitt større enn aktivitetsbedriftene.
- Andelen nystarta bedrifter er større blant aktivitetsbedriftene.
- Besøkande frå fritidsmarknaden dominerer med tre fjerdedelar, men bedriftsmarknaden tenderer til å være noko viktigare for aktivitetsbedriftene.
- Den norske marknaden dominerer med 70 % av kundane.

I undersøkinga vart det skild mellom tilrettelagde aktivitetar som kan seljast (guida turar, riding), aktivitetar som ikkje er tilrettelagde aktivitetar men også kan seljast (sal av fiskekort, utleige av utstyr) og tilrettelagde aktivitetar som ikkje kan seljast (løyper, turstigar). Det var faktisk meir vanleg å finne aktivitetstilboda utanfor enn innanfor verneområda, med unntak av enkelte aktivitetar som breføring og fjellføring. Dei mest utbrette tilboda var fotturar, guida og ikkje guida. Fiske, kanoturar og riding var også utbreitt. Men sjølv om tradisjonelle aktivitetar er mest vanleg er det også ein god del verksemdar som tilbyr spenningsaktivitetar

og andre meir utradisjonelle tilbod. Forfattarane meiner at verksemdene på denne måten henvender seg til både hard-core og mainstream turistar.

Nesten 80% av bedriftene seier dei har mål om å spreie kunnskap, særleg om det å ta vare på naturen. Fire av fem meinte såleis at verksemda deira påverka verneverdiane positivt. To av tre ser eit behov for å sertifisere guidar, det er også interesse for å innføre sertifiseringsordningar for bedriftene. Heile to av tre verksemdar opplever ikkje vernet som eit hinder. Blant dei som gjer det vert særleg motorisert transport av utstyr og gjester, byggerestriksjonar samt tungrodd saksbehandling trekt fram som problemområde.

Dei største og eldste nasjonalparkane har heilt klart størst andel av bedrifter i og rundt verneområda. Av dei som vart intervjuar opererte 16% i Jotunheimen nasjonalpark, 14% i Rondane nasjonalpark og 11% i Hardangervidda nasjonalpark.

Transportøkonomisk institutt (ved Veisten et. al. 2010) gjennomførte i 2009 ei studie blant nasjonale og internasjonale turistars bruk av nasjonalparkane i Nord- Gudbrandsdalen. Undersøkinga viser at av aktivitetar i nasjonalparkane dominerer vandring/tur organisert av turistane sjølve. Kanskje litt overraskande melde mange av turistane at dei var godt nøgde med tilrettelegging og infrastruktur i og rundt parkane. Over halvparten av dei spurde sa at nasjonalparkane hadde hatt stor betyding for val av reisemål, langt større betyding for utanlandske turistar.

Turistane var opptekne av infrastruktur som overnattingstilbod, vegar, parkeringsplassar, lokal mat og besøkssenter kring nasjonalparkane. Medan innanfor park grensene var dei opptekne av skilting, informasjon og tilrettelagde stigar.

Dei neste fire artiklane er publisert i ei spesialutgåve av Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism 2010 kor naturbasert turisme var tema.

Fredman og Tyrväinen (2010) skriv at natur har vore hovudattraksjonen for turistar i Norden i fleire tiår. Naturbasert turisme har vore i vekst i fleire år, og er no den raskast veksande sektoren innan turisme i Europa og elles i verden.

Å nytte naturen som eit turist produkt fører med seg ein del utfordringar knytt til lokalsamfunna og forvaltning av naturressursane. Grunneigarar, næringsverksemdar, landbruket og andre primærnæringar og naturvern organisasjonar er blant aktørane ein må

ta omsyn til. Lokalsamfunna er ofte ein integrert del av naturbaserte turismeprodukt, kor naturressursane ein nyttar til turisme ofte har sterke koplingar til lokale tradisjonar og kultur. Ein ser at naturbasert turisme har mange interessentar og stundom føregår i eit komplekst landskap, samanlikna med "vanleg turisme" må ein i tillegg ta omsyn til vernemyndigheiter og andre grunneigarar. Eit anna moment som anna turisme sjeldan kjem i nærkontakt med er allemannsretten og den sterke posisjonen friviljuge lag og organisasjonar har innan friluftslivet i Norden.

Fredman og Tyrväinen (2010) skriv at nasjonalparkar og andre verneområde vert meir og meir viktig for naturbasert turisme, også i politikken i dei nordiske landa ser ein no ei aukande tru på rolla verne område kan spele for turismen:

"While national parks still represent one of the more powerful tools to preserve nature, more recent policies in the Nordic countries have emphasized their roles for outdoor recreation opportunities and tourism development. Increasingly national parks are seen as drivers for economic development through growth of nature-based tourism." S 177

Ei undersøking utført av **Haukeland, Grue og Veisten 2010**, viser at turistar som ved besøk i nasjonalparkar er på utkikk etter utfordringar og sightseeing, ynskjer fleire infrastruktur- og servicetiltak i nasjonalparkane. Turistar som i hovudsak vil drive tradisjonelt friluftsliv ynskjer ikkje denne auka tilrettelegginga. Vidare viser det seg at hovudmotivasjon for ni av ti av naturbaserte turistar er den urørde, uforureina naturen med reint vatten og klår luft svært viktig.

"The conclusion is that there is a market potential for developing all identified types og facilities inside and outside parks, but one should be aware that the support for large-scale arrangements is poor in several segments.."

Forfattarane skriv at nasjonalparkane i Noreg med få unntak ikkje har slike infrastruktur og servicetiltak som nokre av turistane etterspør. For å innfri dette trengst meir økonomiske ressursar og personell.

Fram til to tusen talet var moglegheitene for å drive kommersielle aktivitetar i nasjonalparkane svært avgrensa, men dei seinare åra har politikarar og andre sett potensiale for å nytte naturbasert turisme i verneområda som eit regional utviklingsverktøy.

Denstadli, Lindberg og Vistad (2010). Gjennomførte ei undersøking i Lom med hovudvekt på bruk og slitasje på merka stigar, kor det kom fram at lokalbefolkninga er motstandarar mot å innføre inngangspengar og avgifter. Faktisk kan det vise seg at forvaltninga og lokalbefolkninga er større motstandarar mot slike avgifter enn turistane.

Wray, Espinerand Perkins (2010). Har undersøkt forholdet mellom etablert lokal bruk og utanlandske turistars bruk av ein nasjonalpark i New Zealand. Dei legg til grunn at andre studiar i New Zealand har vist at det eksisterer konflikthar mellom lokalbefolkninga, busett nær/i verna område og den urbane befolkninga busett i nærliggjande byar, om bruk av områda til fotturar, fising, jakt osv.

I studia av Fiordland National Park viser det seg at viser det seg at new zealandske friluftslivsfolk er svært skeptiske til utanlandske turistars bruk av nasjonalparken. Dei meiner auken av internasjonale turistar i nasjonalparkane svekkar kvaliteten på deira egne naturopplevingar. Vidare har dei lokale friluftslivsentusiastane eit inntrykk av at turistane har eit anna, kolliderande, syn på bruken av villmarka og at dei ikkje er kjend med korleis den tradisjonelle lokale bruken føregår. Undersøkinga viser at motstanden mot turisme var størst hjå dei lokale som nytta områda mykje.

Forfattarane viser til undersøkingar gjennomført både i Noreg og New Zealand som viser at natur og nasjonalparkane er ein viktig del av den nasjonale identiteten, og at særleg lokalbefolkninga har sterke følelsesforhold til nærliggande verneområde. Difor kan ein oppleve ein sterk skepsis til utanlandske turistar, fordi dei rører ved nasjonalfølelsar og kultur. Forfattarane legg til grunn at det her er grobotn for konflikthar, og at ein må ta særleg omsyn ved innføring av tiltak i nasjonalparkane som lokalbefolkninga opplever svekkar eller hindrar deira friluftsopplevingar.

Dominik Siegrist (2010) skriv i ein artikkel om verdiskaping i regionalparkar i Sveits og Alpane, at vurdering av verdiskapingeffektar av nasjonalparkar må baserast på omfattande empiriske datainnsamlingar og kan kunn gjerast innanfor rammene av større forskingsprosjekt. Difor finn ein få studiar/kartleggingar som dokumenterer verdiskapingeffektar av nasjonalparkar. Det er framleis usikkerheit rundt kor stor verdiskapingeffekt parkane representerer. Men Siegrist refererer likevel til nokre studiar i Sveits, Austerrike og Tyskland som viser at ein relativt høg grad av parkane kan vise til

regional verdiskaping. Særleg er dette gjeldande for perifere område som ikkje har mange andre alternativ til økonomisk verdiskaping.

Det synes klart at turisme spelar ein nøkkelrolle for å realisere verdiskaping i og rundt vernområder. Eit viktig poeng her er at gjentekne undersøkingar viser eit avvik mellom verdiskaping frå parkturisme og den høge betalingsvilja til turistane. Enkelt sagt er turistane villige til å nytte meir pengar kring parkane enn det dei har moglegheit til.

Eit siste moment er at myndigheitene må vurdere den samfunnsøkonomiske nytta mellom offentleg bruk på nasjonalparkar og regional verdiskaping. Ei undersøking viser at i den tyske nasjonalparken Bayericher Wald generer kvar euro myndigheitene bidreg med ein regional verdiskaping på same storleik.

Sæbjørn Forberg i Teigen m. fl. 2009 skriv i sin artikkel om statleg arealvern og lokal verdiskaping, om ein del interessante internasjonale trendar innan verneforvaltninga. Blant anna hevdar han at forvaltninga tenderer til å bli meir aktiv og utviklingsretta, verna område får tilført meir midlar til skjøtsel og tilrettelegging og det vert forventa at områda skal spele ei rolle i lokal og regional verdiskaping. Kanskje mest interessant i denne samanhengen er det at ein ser ei vriding i arealvern frå statleg "topp down" styre til meir lokalt styre og lokal involvering, "bottom up" styre. Dette ser ein i utviklinga av verneområdeforvaltninga som har føregått i Noreg dei siste åra. Den nye forvaltningsmodellen for store verneområde kan ein absolutt sei har ei meir "bottom up" preg over seg. Kor "grasrota" vert meir involvert i avgjersler som råkar dei og ein får ei mykje meir lokal involvering i forvaltning av verneområda.

Forberg skriv at i ein del vern av ein del område svekkar moglegheita for lokal økonomisk verdiskaping. Han peikar her på at utbyggingar som til dømes hyttefelt, alpinanlegg, kraft og vegbygging er svært vanskeleg å få til, også i randsonene til verneområda. Forberg presenterer ikkje dokumentasjon på lokale utbyggingsprosjekt som har vorte skrinlagde på grunn av vern, såleis er det vanskeleg å seie noko om kor store verdier som eventuelt vert bandlagde på grunn av vern. Forberg peikar på eit verdiskapingspotensiale for naturbasert opplevingsnæring i tilknytning til verne område.

Forberg skriv at naturbasert opplevingsnæring tilbyr opplevingar til kundane, som ikkje bryt med verneformålet eller forbrukar naturressursar. Klassiske eksempel er brevandring, rafting, fjellklatring og anna type guiding i fjell og natur. Forberg (2009) hevdar at det er innanfor dei naturbaserte opplevingsnæringane verdiskapingspotensiale knytt til verna område og randsonene ligg. Han skriv at for å hente ut dette verdiskapingspotensialet er aktørane nøydt til å tilby eit produkt som har ein eksklusiv opplevingsverdi. Kven som helst kan jo nytte naturen. Men aktørane innanfor opplevingsnæringane lever av å tilby eit produkt kor dei lettar tilgangen, tilrettelegg og ved hjelp av utstyr og kunnskap tek kundar med på opplevingar som dei sjølve ikkje ville vore i stand til å utføre/organisere. Evna til å skape eksklusive produkt ved hjelp av kunnskap og utstyr står altså sentralt her. Forberg beskriv moglegheiter for tre typar innovasjonar innanfor naturbasert opplevingsnæring:

- ❖ Ressursbasert innovasjon: utvikling av naturbasert opplevingsnæring basert på tradisjonell matauk som jakt og fiske.
- ❖ Remediebasert innovasjon: utvikling av naturbasert opplevingsnæring med utgangspunkt i utstyr og reiskapar, t.d. rafting, brevandring mm.
- ❖ Mediebasert innovasjon: utvikling av naturbasert opplevingsnæring med utgangspunkt i kultur eller konstruerte naturopplevingar som t.d. utekonsertar, spel, teater mm.

Det er altså innanfor naturbasert opplevingsnæring at Forberg meiner det kan realiserast eit lokalt verdiskapingspotensiale knytt til verneområda. Vidare at det kan finne stad ressursbasert, remediebasert og mediebasert innovasjon innanfor naturbasert opplevingsnæring.

Eit siste og viktig poeng i artikkelen frå Forberg (2009) er hans beskriving av viktigeita ved fellesgode. Fellesgode er i utgangspunktet gode som alle har tilgang til og som ikkje vert oppbrukte. Fellesgode er vanskelege å ta eigarskap i og tene pengar på. Døme på fellesgode i denne samanheng er infrastruktur og tilrettelegging som merking og skilting. Forberg hevdar at det er heilt essensielt at denne infrastrukturen vert utvikla og ivareteken i og kring verneområda, om ein skal sjå lokal verdiskaping.

Haukeland (2010) har gjort ei studie av turistbedrifter i Jotunheimen og Rondane nasjonalpark, og tek særleg føre seg deira oppfatning av nasjonalparkforvaltninga. Han skriv at lokale turistbedrifter er viktige interessentar i nasjonalparkane.

I Noreg har forvaltninga tradisjonelt fokusert på vern og lagt mindre vekt på besøkstilrettelegging og utvikling innan turisme. Forvaltninga i Noreg kan karakteriserast som klassisk naturforvaltning, kor turisme har vore sett på som ein trussel for verneverdiane. Men Haukeland (2010) skriv at ein dei seinare åra har sett ei utvikling kor ein beveger seg frå ei meir statisk vernefokuserd forvaltning til ei meir dynamisk forvaltning kor lokale interessentar får meir innflytelse. På tross av denne forvaltningsmessige og politiske vridinga har norske nasjonalparkar avgrensa ressursar til tilrettelegging og besøksservice, dette inneber også lite ressursar på personalsida til å ivareta dei same tilboda.

I fylgje Haukeland har verneforvaltninga lenge vore dominert av det han kallar "*static-preservation approach*". Ei tilnærming kor lokal kunnskap og tradisjonar ikkje vert vektlagt, ein set si lit til akademisk elite for kunnskap og ekskluderer lokale interessentar i planleggingsprosessar. Men denne tilnærminga har dei seinare åra vorte utfordra av det han kalla "*dynamic-innovation approach*". Kor involvering av lokale interessentar vert sett på som svært viktig og ein ser ein fornuftig miks av "bottum-up" og "topp-down" drivne prosessar. Han skriv vidare at det særleg er tre viktige prinsipp ein må ta med seg for å sikre gode prosessar mellom lokale interessentar og forvaltninga. Dette er representativitet at lokale interessentar vert høyrd og at deira mål og visjonar vert tekne omsyn til. Det andre er eigarskap, som reflekterer at fullverdig deltaking i prosessar som til dømes utarbeiding av forvaltningsplanar truleg vil skape eit mykje større eigarskap til den ferdige planen. Det siste er gjensidig tillit mellom interessentar og forvaltninga, som verkar å være essensielt for å få til eit godt samarbeid mellom partane.

Resultata frå undersøkingane til Haukeland viser at nær alle som vart intervjua er positive til nasjonalparkstatusen. Fleire uttrykte også at nasjonalparkstatusen var svært viktig for dei i marknadsføringssamanheng. I motsetnad til dette var mange skeptiske til prosessen rundt forvaltningsplanar som har føregått i begge parkane, det var særleg graden av involvering av turistbedriftene som vart kritisert. Men også det at prosessen har vore einseitig kor nasjonale interesser med tanke på vern har fått meir merksemd enn lokale interesser og kunnskap. Prosessane med forvaltningsplanane vart av fleire karakterisert som topp-down drivne prosessar, med mangel på lokal representativitet.

I Rondane var det mange respondentar som problematiserte forbodet mot organiserte grupper i nasjonalparken, og meinte dette kunne hemme næringsutvikling/drift. Nær alle respondentane i Rondane var også ueinig i det store fokuset på beskyttelse av villreinen, og etterlyste forskning som kunne bevise at turismen i området forstyrrar villreinen.

I Jotunheimen vart det reist sterkast kritikk rundt det at forvaltninga ikkje har ein strategi for reiselivsutvikling i nasjonalparken. Det vart også stilt spørsmål kring forvaltninga si kompetanse rundt dette med reiselivsutvikling. Her vart det trekt fram at forvaltninga fokuserte på tradisjonelt friluftsliv, medan reiselivsbedriftene opplevde at etterspurnaden etter tradisjonelt friluftsliv var minkande og at besøkande no var interessert i kortare turar enn før, betre fasilitetar og tilrettelegging. Bedriftene etterlyste meir merking, tilrettelegging og informasjon. Dei var også interessert i å få materiell og moglegskapen til å sjølve informere meir om nasjonalparkane.

Eit hovudpoeng hjå respondentar både i Jotunheimen og Rondane var motorisert ferdsel. Dei var av den oppfattinga at forbod mot motorisert ferdsel førde til at dei ikkje kunne yte viktige tenester som bagasjetransport, persontransport og oppkøying av skiløyper. Noko som svekka deira næringsgrunnlag og konkurranseevne samanlikna med bedrifter utanfor nasjonalparkane.

Respondentar i begge parkane peikar altså på at det ikkje eksisterer gjensidig tillit mellom lokale bedrifter og forvaltninga. Bedriftene forklara det dårlege tillitsforholdet med ein lunken instilling frå forvaltninga til turisme i og kring parkane. Dei opplevde å bli lite høyrd i prosessen med forvaltningsplanane og andre avgjersler som påverka dei, samt ei misstillit til forvaltninga si kompetanse om turisme. Dei viktigaste funna til Haukeland er nok at det eksisterer mangel på eit gjensidig tillitsforhold mellom forvaltninga og lokale turistbedrifter, samt at forvaltningsplanane ikkje kan seiast å ha lokalt eigarskap.

Men Haukeland skriv også at den nye forvaltningsmodellen vil kunne føre til større involvering av lokale interessentar. Han skriv at det er viktig at forvaltninga implementerer turisme som eit sentralt emne i mål og visjonar for nasjonalparkane. Vidare er det i fylgje Haukeland eit stort potensiale for at lokale interessentar kan bli gjevne eit større medansvar når det gjeld planlegging og forvaltning. Til slutt skriv Haukeland at det er behov for studiar også med forvaltninga sitt perspektiv på desse problemstillingane. Dette er akkurat det

denne oppgåva vil setje søkeljos på, moglegheiter for lokal verdiskaping i og kring nasjonalparkane, sett frå nasjonalparkstyra sin ståstad. I analysedelen av oppgåva vil funna frå Haukelands sine intervju med turistbedriftene bli diskutert opp mot mine funn gjennom intervju med nasjonalparkstyra. Såleis vil ein få ei interessant samanlikning mellom dei to gruppene.

3.3 Oppsummering

Kapittelet byrja med å forklare omgrepet naturbasert turisme og presentere noko teori rundt omgrepet. Dette vert gjort for å gje lesarane eit grunnlag for vidare lesing, då mange av artiklane som vert presentert fokuserer på naturbasert turisme i samband med verneområda.

Det vert no presentert nokre gjennomgåande og viktige moment frå artiklane og rapportane i dette kapittelet, som vert teke med vidare i analyse og diskusjonsdelen av oppgåva.

Fleire av forfattarane hevdar at samanlikna med andre land nyttar Noreg lite midlar til forvaltning og tilrettelegging for besøkande i nasjonalparkar, og at mottaks og besøksapparat i nasjonalparkane er nærast fråverande. Låg bemanning fører til at tilsette i nasjonalparkforvaltninga må prioritere kontrolloppgåver medan utviklingsoppgåver som formidling, tilrettelegging og næringsutvikling vert nedprioritert. I ein artikkel vert det peika på at inngangspengar til verneområda kan være ein måte å auke dei økonomiske rammene på, medan ei anna undersøking hevdar at lokalbefolkninga er motstandarar mot dette.

Nær alle artiklane hevdar at turisme i og kring verneområda er veksande, nokre at den er omfattande. Fleire av artiklane peikar på at nasjonalparkane vert oppfatta som eit kvalitetstempel, dette er særleg blant utanlandske turistar. Men for bedrifter i og kring nasjonalparkane er ca 70 % av kundane nordmenn. Nær alle artiklane peikar på at reiselivet spelar ei nøkkelrolle for å realisere verdiskapingspotensialet i og i randsonene til verneområda.

I fleire av artiklane vert det peika på kor sentral rolle forvaltningsplanane spelar. Forvaltningsplanane vert trekt fram som det viktigaste verktøyet for å sikre næringslivsinteresser og utviklingsmoglegheiter i nasjonalparkane. Det er eit

gjennomgåande synspunkt at lokalt næringsliv og andre lokale interessentar på ein god måte må inkluderast i planprosessen. Vidare at utviklingsmoglegheiter og næringslivet, då særleg reiselivet, må inkluderast i forvaltningsplanane med eige kapittel og omtale.

Det vert gjentekne gonger hevda at vandring/tur organisert av dei besøkande sjølve er den vanlegaste aktiviteten i nasjonalparkane, og at dei aller fleste er opptekne av skilting, informasjon og tilrettelegging av stigar. Forberg hevdar i sin artikkel at det er heilt essensielt at infrastruktur som merking og tilrettelegging av stigar, vert utvikla og ivareteke om ein skal sjå lokal verdiskaping. Vidare at denne typen tilretteleggingar er å rekne som eit fellesgode som forvaltninga må ta ansvar for, sidan små lokale aktørar ikkje har kapasitet til dette sjølve.

Særleg Heiberg m. fl. 2005, men også andre, peikar på at DNT står i ei særstilling i Noreg. Dei dominerer bruken av nasjonalparkane med stignett og turisthytter, dette fører til konflikter mellom private næringsaktørar og DNT.

Aas m. fl. 2006 hevdar at to av tre verksemder ikkje opplever vernet som eit hinder. Blant dei som gjer det vert særleg motorisert transport av utstyr og gjester, byggerestriksjonar samt tungrodd saksbehandling trekt fram som problemområde.

Fleire peikar på at det har føregått ei oppmjuking i vernepolitikken dei seinare åra, kor bruk og vern perspektivet har kome meir på bana. Ein ser også i politikken auka fokus på kva rolle verneområda kan spele for turisme. Haukeland m. fl. 2010 hevdar at politikarane no ser på næringsutvikling i tilknytning til nasjonalparkane som eit regionalt utviklingsverktøy.

Ei undersøking i New Zealand viser at lokalbefolkninga er skeptisk til auka bruk av deira nærliggjande verneområde, særleg frå utanlandske turistar.

Forberg hevdar i sin artikkel at det er innanfor naturbasert opplevingsnæring verdiskapingspotensialet ligg knytt til verneområda og randsonene. Han presenterer tre moglege innovasjonstypar innanfor denne næringa, desse innovasjonstypane vert nærare diskutert i samband med anna innovasjonsteori seinare i oppgåva.

Haukeland 2010 har gjort ei studie av turistbedrifter i Jotunheimen og Rondane og deira oppfatting av verneforvaltninga, funn frå hans studie vert seinare i oppgåva samanlikna med svar frå intervjuobjekta i denne oppgåva. Den interessante tilnærminga Haukeland

presenterer til interessentar kring nasjonalparkane, vert teke med vidare i oppgåva knytt til interessenteori. I artikkelen skiv Haukeland vidare at nær alle som vart intervjuet er positive til nasjonalparkstatusen, men at dei fleste hadde ein del å utsetje på forvaltninga av parken. Særleg var bedriftene negative til prosessen rundt forvaltningsplanar, som har føregått i begge områda, og då spesielt graden av involvering av reiselivsbedriftene. I Rondane var det mange av respondentane som var svært negative til forbodet mot organisert ferdsel, og merking/oppkøyring av skiløyper. Respondentar i bådø områda opplevde forbodet mot motorisert ferdsel som hemmande. Vidare var bedriftene i Jotunheimen sterkt kritiske til at forvaltninga ikkje hadde strategi eller kompetanse kring reiselivsutvikling knytt til parken. Haukeland konkluderer med at det er mangel på gjensidig tillitsforhold mellom forvaltninga og lokale reiselivsbedrifter, men at den nye forvaltningsmodellen forhåpentlegvis vil føre til betre involvering av reiselivet som han reknar som ein viktig lokal interessent.

4 Teori

For å setje søkeljos på lokal verdiskaping med utgangspunkt i nasjonalparkane og større verneområde, har eg vald å nytte nokre velkjende teoretiske moment. Fyrst er det viktig å leggje litt meir innhald i omgrepet økonomisk verdiskaping. Innovasjon og entreprenørskap er viktig for å sikre økonomisk vekst og oppretthalde økonomisk verdiskaping i eit samfunn. For områdestyra, som vert intervjuva i denne oppgåva, kan det nok vere vanskeleg å konkretisere moglegheiter for økonomisk verdiskaping. Då kan ein nytte faktorar som entreprenørskap og innovasjon for å gjere det heile meir handterleg. Dersom ein klarar å identifisere moglegheiter for innovasjon og entreprenørskap i og kring nasjonalparkane, kan ein også sei at det eksisterer moglegheiter for auka økonomisk verdiskaping. Vidare vert det presentert noko teori kring interessentar, slik at ein i analysen kan freiste å laga ei interessentanalyse for Jotunheimen og Reinheimen nasjonalpark. Det vert også presentert teori om lokalt sjølvstyre. I analysedelen og den avsluttande diskusjonen vert nasjonalparkstyras grad av reelt sjølvstyre diskutert. Til slutt vert det også presentert noko teori om den såkalla opplevingsøkonomien. Dette fordi ein altså kan argumentere for at det økonomiske verdiskapingspotensialet til verneområda, i stor grad er knytt til reiseliv og opplevingar.

4.1 Innovasjon og entreprenørskap

Som nemnt ovanfor kan innovasjon og entreprenørskap betraktast som to viktige parameter for økonomisk verdiskaping. Difor vert heilt grunnleggjande omgrep for innovasjon og entreprenørskap presentert her, slik at dei kan nyttast i analyse og diskusjonen om verneområda og moglegheiter for lokal verdiskaping.

Innovasjon

Innovasjon vert ofte definert som noko nytt som har betydning for den økonomiske utviklinga. Dersom nyhende ikkje vert kontinuerleg presentert vil økonomien stagnere, innovasjon er difor essensielt for å oppretthalde økonomisk verdiskaping. Ein ser ofte at innovative regionar har større positiv økonomisk verdiskaping enn mindre innovative regionar (Fagerberg et. al. 2005).

I fylgje den anerkjende Austerriske vitskapsmannen Schumpeter er innovasjon å introdusere:

- a) Nye produkt
- b) Nye produksjonsmetodar
- c) Nye marknader
- d) Nye innsatsfaktorar
- e) Ny organisasjon av næring og bransjar

Deakins og Freel (2003) definerer fem ulike typar innovasjon, som i dag er vanleg å nytte: prosessinnovasjonar, marknadsinnovasjonar, organisatoriske - innovasjonar, produktinnovasjonar og teknologiske innovasjonar. Til dømes nyttar NHD, dei fire fyrste typane av innovasjon når dei definerer kva innovasjon er*.

I artikkelen til Forberg (2009), som vart presentert i tidlegare kapittel, beskriv Forberg tre typar innovasjon han meiner er relevant for verneområda. Han hevdar at det er innanfor det han kallar naturbasert opplevingsnæring at verdiskapingspotensialet til verneområda ligg. Innanfor naturbasert opplevingsnæring beskriv han tre typar innovasjon han meiner kan førekome i og i tilknytning til verneområda, dette er:

- ❖ *Ressursbasert innovasjon*: utvikling av naturbasert opplevingsnæring basert på tradisjonell matauk som jakt og fiske.
- ❖ *Remediebasert innovasjon*: utvikling av naturbasert opplevingsnæring med utgangspunkt i utstyr og reiskapar, t.d. rafting, brevandring mm.
- ❖ *Mediebasert innovasjon*: utvikling av naturbasert opplevingsnæring med utgangspunkt i kultur eller konstruerte naturopplevingar som t.d. utekonsertar, spel, teater mm.

I analyse og diskusjonsdelen av oppgåva vil det bli diskutert nærare om ein med bakgrunn i intervju som har vorte utført, kan sei at det har funne stad eller er moglegheiter for ressursbasert, remediebasert eller mediebasert innovasjon i og kring Jotunheimen og Rondane nasjonalpark.

Det er vanleg å skilje mellom radikale og inkrementelle innovasjonar. *Radikale innovasjonar*

*(www.regjeringen.no/nb/dep/nhd. 10.09.2011)

vert ofte beskrive som nye produkt, løysingar, marknader osv. som rask utkonkurrerer det eksisterande. Medan *inkrementelle innovasjonar* som stegvise innovasjonar som vert utvikla over tid. Dersom noko er nyskapande for ei verksemd eller marknad men i røynda er ein kopi/vidareutvilning av eksisterande løysingar vert dette ofte kalla *imitasjonar*, i betydinga av at det ikkje er "ekte" innovasjonar men også viktige for økonomisk vekst (sjå blant anna Teigen og Rønning 2007, Spilling 2007).

Entreprenørskap


Schumpeter knytte entreprenørskap sterkt mot innovasjonsomgrepet. Han definerte ein *entreprenør* som ein person som organiserer ei ny forretningsverksemd som representerer noko nytt. Han meinte at entreprenøren skulle nytte seg av nye kombinasjonar og løysingar og at entreprenøren skulle fungere som ein "endringsagent". (Spilling 2006, Rønning og Teigen red. 2007). Ein *etablerar* derimot er ein person som startar opp ei ny forretningsverksemd, utan at denne verksemda representerer noko nytt i form av innovasjon. Ein etablerar er altså ein som etablerer ny verksemd, omgrepet tek ikkje omsyn til innovasjonsgraden i denne nye verksemda (Spilling 2006). Det er også vanleg å nytte omgrepet *intraprenør*, om personar som initierer og gjennomfører endringar i eksisterande verksemdar.

Ofte vert desse to omgrepa *entreprenør* og *etablerar* brukt om kvarandre. Men for å få eit meir nyansert omgrepsapparat å jobbe utifrå, tykkjer eg det er hensiktsmessig å oppretthalde skiljet mellom ein *entreprenør* som noko meir nyskapande enn ein *etablerar*. Det vert derimot meir og meir vanleg å skilje entreprenørskapsomgrepet heilt frå innovasjon. Anerkjende studiar som *Community Innovation Surveys* og *Global Entrepreneurship Monitor*, legg til grunn at ein *entreprenør* er ein person som nyleg har eller er i prosessen med å starte opp ei ny verksemd, uavhengig av innovasjonsdimensjonen.

Dei seinare åra har det vorte meir fokus på det som vert kalla *entreprenørskapskultur* og *entreprenørskapskompetanse*. Ein kan hevde at ein i enkelte miljø (til dømes i ulike verksemdar, regionar, bransjar) finn ein kultur som betre støttar oppunder og oppmuntrar til *entreprenørskap* enn andre. Dersom ein tenkjer seg *entreprenørskap* som eit resultat av interaksjon mellom fleire aktørar, kan eksistensen av *entreprenørskapskultur* i *entreprenørens miljø* være ein avgjerande faktor (sjå td. Spilling 2006 og Landstrøm 2005).

Landstrøm (2005) er også av dei som hevdar at entreprenørskap kan lærast, at ein kan utvikle ein entreprenørskapskompetanse. Om ein ser på dagens omfang av ulike kurs og skuletilbod innan entreprenørskap, kan det synast å være ein etablert oppfatning at entreprenørskapskompetanse kan lærast

Triple-helix modellen vert nytta som ein forklaringsmodell for både innovasjon og entreprenørskap. Ut i frå modellen kan ein argumentere med at eit godt samarbeid mellom forskning og utvikling/akademia, næringsliv og det offentlege er grunnleggjande for innovasjon og entreprenørskap. Modellen byggjer på at dersom ein får til samarbeid og interaksjon mellom dei tre sektorane, kan det i sfæren/ overlappinga mellom dei tre sektorane oppstå positive synergjar som kan føre til entreprenørskap og innovasjon (spilling 2006:240, Rønning og Teigen red. 2007:33). I analysekapittelet vert det diskutert om det for økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane også er naturleg å ta med ein fjerde sektor, den friviljuge sektoren. Me har i kunnskapsgrunnlaget sett at særleg Den Norske Turistforeining (DNT) synes å vær ein sentral aktør i og kring nasjonalparkane. Difor kan det med nasjonalparkane som utgangspunkt, være aktuelt å utvide triple-helix modellen til ein quadruple-helix modell kor den friviljuge sektoren også vert inkludert.



Figur 4.1: Triple-helix modellen

4.2 Interessentar

Eit hovudpoeng i fleire av artiklane som vart presentert i kunnskapsgrunnlaget er at forvaltning av verneområde er eit komplisert felt kor mange interessentar er involvert. Særleg vert det hevda at ein ved næringsutvikling i tilknytning til verneområda må ta omsyn til fleire interessentar enn ved næringsutvikling elles i samfunnet. Difor er det interessant å diskuterte og prøve å kartleggje dei interessentane nasjonalparkstyra må ta høgde for.

Definisjonen på ein interessent kan være. *“any group or individual who can affect or is affected by the achievement of the organizations objectives”* (Mitchell et. al. 1997, side 2). Altså ein interessent er dei grupper eller individ som kan påverke eller vert påverka av ein organisasjon sine prestasjonar og måloppnåing. Vidare kan ein kategorisere interessentar etter tre variablar:

- 1) Interessentanes makt til å påverke organisasjonen.
- 2) Grad av legitimitet i forholdet mellom interessenten og organisasjonen.
- 3) Viktigheita/nødvendigheita av interessentens fordring i og til organisasjonen.

Underforstått her at dei interessentane som skårar høgt på alle tre variablane er dei interessentane som bør ha eller har størst innverknad på organisasjonen, eller vert mest påverka av organisasjonens handlingar og avgjersler (ibid.).

På denne måten kan ein undersøkje interessentane til nasjonalparkane, som kan påverke eller vert påverka av nasjonalparkstyra sine prestasjonar, handlingar og avgjersler. Med utgangspunkt i variablane makt, legitimitet og viktigheit kan ein diskutere kven som er dei viktigaste interessentane til nasjonalparkane, som nasjonalparkstyra må ta omsyn til i sitt arbeid.

Haukeland (2010) skriv i sin artikkel om lokale turistbedrifter i Jotunheimen og Rondane, at dei lokale turistbedriftene bør reknast som svært viktige interessentar i desse nasjonalparkane. Han skriv vidare at verneforvaltninga lenge har vorte dominert av det han kallar *static- preservation approach*, kor lokale interessentar i stor grad har vorte ekskludert frå avgjersletaking og planleggingsprosessar. Men at ein no ser ei vriding mot det som kan kallast *dynamic-innovation approach*, kor involvering av lokale interessentar vert sett på

som svært viktig. Haukeland (2010) presenterer tre viktige prinsipp som han meiner må takast omsyn til om ein skal oppnå samarbeid og sikre gode prosessar mellom lokale interessentar og forvaltninga:

1. *Representativitet*, at lokale interessentar vert høyrd og at deira mål og visjonar vert tekne omsyn til.
2. *Eigarskap*, fullverdig deltaking i prosessar, som til dømes utarbeiding av forvaltningsplanar vil truleg skape eit mykje større eigarskap til den ferdige planen.
3. *Gjensidig tillit* mellom interessentar og forvaltninga, verkar å være essensielt for å få til eit godt samarbeid mellom partane.

Med bakgrunn interessenteorien som har vorte presentert, vert det i analysedelen av oppgåva freista å lage interessentanalyser for Rondane og Jotunheimen nasjonalpark.

4.3 Lokalt sjølvstyre

Eit aspekt ved den nye forvaltningsmodellen som det vert freista å setje søkeljos på i denne oppgåva er om nasjonalparkstyra har eit reelt sjølvstyre. Med dette meinast det om den nye forvaltningsmodellen representerer det ein kan kalle eit "skinn demokrati" eller om nasjonalparkstyra i røynda har moglegheiter til å ta sjølvstendige avgjersler, setje mål for institusjonen og velje høvelege verkemiddel.

Kjellberg og Hansen (1984) presenterer ein modell for kommunalt sjølvstyre, kor kommunalt sjølvstyre vert definert som graden av uavhenge mellom lokale forvaltningsorgan og statlege eller sentrale myndigheiter. Dei nyttar seg av parametera *uavhenge* og *representativitet*. I ein rapport om landbruksforvaltninga, nyttar Glosvik et. al. (1996) seg av ein omarbeida versjon av modellen til Kjellberg og Hansen. Dei beskriv graden av sjølvstyre hjå den lokale forvaltninga, ved å setje søkeljos på moglegheiter til å setje egne mål med tilhøyrande verkemiddel. Modellen som vert presentert under er laga med basis i desse to nemnde modellane. Målet er med utgangspunkt i denne modellen å vurdere i kva grad nasjonalparkstyra opplever eit reelt sjølvstyre.

Ser ein på modellen er *fridomen til å fastsetje egne mål og ta sjølvstendige avgjersle* rangert i grad 1-3 låg - høg, og *likeeins fridomen til å velje egne verkemiddel*. Set ein så desse to variablane

saman får ein eit måleverkty for graden av sjølvstyre. Høg grad av sjølvstyre 5-6 , medium grad av sjølvstyre 4 og låg grad av sjølvstyre 2-3.

	Fridom til å fastsetje egne mål og ta sjølvstendige avgjersler			
		Høg (3)	Medium (2)	Låg (1)
Fridom til å velje egne verkemiddel	Høg (3)	Høg-høg (6)	Høg (5)	Medium (4)
	Medium (2)	Høg (5)	Medium (4)	Låg (3)
	Låg (1)	Medium (4)	Låg (3)	låg - låg (2)


Figur 4.2: Sjølvstyre. Fritt etter Kjellberg og Hansen(1984) og Glosvik et. Al. (1996)

4.4 Opplevingsøkonomi

Dei siste åra har konsumentens opplevingar, og ikkje berre nytteverdien av ulike produkt og serviceytingar, fått auka fokus. Omgrepet opplevingsøkonomi vert nytta på ei rekkje ulike bransjar, innan reiselivet kan ein sei at opplevingar alltid har stått sentralt. Såleis kan opplevingsøkonomien være ein interessant innfallsvinkel når ein skal undersøkje ulike former for turisme, også turisme knytt til verneområde (sjå blant anna Engen og Mehmetoglu og Breiby i Teigen et. al 2009). Samstundes står altså opplevingsøkonomi sentralt i omgrepet *naturbasert opplevingsøkonomi*, som Forberg (2009) introduserer.

Pine og Gilmore (1999) er blant dei som hevdar at opplevingsøkonomien er ein megatrend. Dei hevdar at eit fjerde ledd innan økonomisk verdiskaping no har gjort seg gjeldande (etter utvinning av råvarer, produksjon av varer og levering av tenester), nemleg iscenesetting av opplevingar. Dei hevdar at å levere gode tenester og produkt ikkje lenger er nok, men at ein no må knytte minneverdige opplevingar til konsumet av produkt og tenester om ein skal lukkast i marknaden. På denne måten meiner Pine og Gilmore at pris ikkje lenger er kundens hovudmotivasjon, men altså det dei kallar minneverdige, høgkvalitets opplevingar. På denne måten kjøper ikkje kunden kunn eit produkt/teneste som vert nytt her og no, dei kjøper seg minner som dei kan ta med seg i uoverskodeleg framtid, kundens oppleving vert altså eit viktig verdiskapande element.

Skal ein knytte teorien til Pine og Gilmore til verdiskaping kring nasjonalparkane, kan det være nyttig å sjå på det dei kalla opplevingsdimensjonane. Dei har laga ein modell som beskriv fire ulike opplevingsdimensjonar, og hevdar at dersom ein klarar å trigge alle dimensjonane samtidig vil ein få tilfredse kundar som sit at med rike opplevingar.



Figur 4.3: Opplevingsdimensjonane (fritt etter Pine og Gilmore 1999:30)

Pine og Gilmore skil mellom aktiv og passiv deltaking og om kunden absorberer opplevinga/i kva grad opplevinga går inn i kunden og i kva grad kunden fordjupar seg/lever seg inn i sjølve opplevinga. På denne måten får ein definert fire opplevingsdimensjonar. Underhaldning er opplevingar kor kundar heller passivt absorberer ei oppleving, i denne samanhengen kan det være eit skodespel, konsert el. i tilknytning til verneområda. Læring er opplevingar kor kunden er meir aktive og absorberer ein lærdom som til dømes ved eit brekurs el. Estetiske opplevingar er opplevingar kor kundane er passive deltakarar men lever seg inn i sjølve opplevinga, dette kan være å stoppe å sjå på og ta bilete av storslått natur. Den siste opplevingsdimensjonen er eskapistiske opplevingar kor kunden er ein aktiv deltakar som lever seg heilt inn i opplevingar, typiske opplevingar her kan være såkalla "spenningsopplevingar" som rafting og strikkhopp.

På denne måten kan verksemdar som ynskjer å utvikle produkt/tenester tilknytt nasjonalparkane gjere seg nytte av denne modellen. Om ein klarar å trigge alle fire opplevingsdimensjonane, vil kundane i fylgje Pine og Gilmore vera til stades i det dei kallar "sweet spot" kor dei får meningsfulle, minneverdige og rike opplevingar.

Boswijk, Thijssen og Peelen (2007) stiller seg bak Pine og Gilmore i at opplevingsøkonomien er ein kjempe trend, og freistar å gje nokre forklaringar på kvifor det er slik. Dei hevdar at ein har kome til eit nytt "level of human needs" kor sjølvrealisering og det å bestemme over og gje meining til eige liv er essensielt for folk. Dei hevdar at ein er inne i ei dematerealisering, kor materielle ting ikkje lenger er like viktig men at det er knytt minst like mykje status til meningsfulle opplevingar og meningsfull kontakt med andre menneske. Eit siste poeng som kan være relevant i denne samanhengen er at Boswijk, Thijssen og Peelen (2007) hevdar at me er komne inn i ein epoke kor kundane ynskjer å kommunisere med verksemdene for å vere med å forme produktet eller tenesta slik kunden ynskjer. Ved hjelp av internett, smarttelefonar ol. stiller altså kunden krav til spesialiserte tilbod særleg tilpassa deira ynskjer.

4.5 Oppsummering

Som nemnt i innleiinga kan entreprenørskap og innovasjon sjåast på som viktige parameter for økonomisk verdiskaping. Grunnleggjande omgrep for innovasjon og entreprenørskap har vorte presentert her, for å leggje grunnlaget for ein diskusjon om nasjonalparkane og moglegheiter for lokal verdiskaping. Forberg (2009) hevdar at det er innafør det han kallar naturbasert opplevingsnæring at verdiskapingspotensialet til verneområda ligg. Difor er det her teke med tre typar innovasjon han meiner kan førekome i og i tilknytning til verneområda: *ressursbasert innovasjon, remediebasert innovasjon og mediebasert innovasjon.*

Moglegheiter for innovasjon generelt og desse tre typane spesielt vert diskutert nærare i analysen. Nasjonalparkstyra vart også stilt spørsmål om moglegheiter og omfanget av entreprenørskap og etablerarar i tilknytning til nasjonalparkane. Til slutt vert triple-helix modellen presentert som ein forklaringsmodell både for innovasjon og entreprenørskap. I analysen vidare vert det diskutert om det for verneområda sin del kan være naturleg å utvide denne modellen til ein quadruple-helix modell, kor den friviljuge sektoren også vert inkludert .

I kunnskapsgrunnlaget vert det slått fast at forvaltning av verneområder er eit komplisert felt kor mange interessentar er involvert. Difor er det interessant i denne oppgåva å ta med noko interessant teori, og med bakgrunn i denne freiste å lage interessentanalysar for Jotunheimen og Rondane nasjonalpark. Interessentar vert her definert som grupper eller individ som kan påverke eller vert påverka av ein organisasjons prestasjonar og måloppnåing. Med utgangspunkt i variablane teorien presenterer: makt, legitimitet og viktighet, vil ein freiste å kategorisere dei mest betydingsfulle interessentane til Jotunheimen og Reinheimen nasjonalpark.

Eit anna moment som er interessant å analysere er graden av nasjonalparkstyras sjølvstyre. Ved å sjå på dimensjonane, moglegskapen til å definere eigne mål og ta sjølvstendige avgjersler og fridom til å velje høvelege verkemiddel, vert det diskutert i kva grad nasjonalparkstyra opplever eit reelt sjølvstyre.

Til slutt vert det altså presentert teori kring opplevingsøkonomi og opplevingsdimensjonane. Dette noko på grunn av at dei tre moglege typane av innovasjon kring verneområda Forberg (2009) presenterer, byggjer på opplevingsøkonomi. Men det er også interessant å sjå om medlemmene i nasjonalparkstyra har eksempel på verksemder i og kring nasjonalparkane, som nyttar seg av opplevingsdimensjonane læring, underhaldning, estetikk og eskapisme for å skape minneverdige meiningsfulle opplevingar for kundane. Pine og Gilmore hevdar at dersom ein klarar å trigge dei fire opplevingsdimensjonane som vert presenterte, skal det kunne gje verksemder marknadsføretrinn.

5 Metode

Denne oppgåva omhandlar eit emne som er relativt lite utforska. Den lokale forvaltningsmodellen er heilt ny, og det er skriva lite eller ingenting om forvaltningsmodellen og lokal verdiskaping. Ein freistar difor i denne oppgåva å finne nokre samanhengar mellom forvaltningsmodellen og verdiskaping, slik at ein kan utvikle hypotesar som seinare kan testast i andre undersøkingar. Difor er det for denne oppgåva vald eit eksplorativt forskingsdesign med kvalitativ metode og djupneintervju som teknikk.

I den nye forvaltningsmodellen kan ein sei at dei omtalte nasjonalparkstyra er hovudaktørar på regionalt nivå, sidan verneområdeforvaltninga er interkommunal. For å kunne svare på problemstillinga, om lokal forvaltning kan bidra til auka verdiskaping i og kring nasjonalparkane, vert det difor naturleg å fokusere på nasjonalparkstyras rolle og moglegheit til å bidra. Det vert i oppgåva sett søkeljos på om nasjonalparkstyra har rammevilkåra, sjølvstyregraden, og ressursane som trengst for å kunne bidra til verdiskaping i og kring nasjonalparkane.

Synsvinkelen nytta i denne oppgåva vert difor, å sjå mogleg verdiskaping i og kring nasjonalparkane frå nasjonalparkstyra sin ståstad og rammevilkåra styra har.

5.1 Forskingsprosess og design

Ein forskingsprosess byrjar vanlegvis med at ein har eit emne som ein ynskjer å utforske nærare. Ut i frå emnet utarbeidar ein relevante forskingsspørsmål, dette er spørsmål som definerer det ein ynskjer å få svar på med undersøkingane. Vidare formulerer ein med utgangspunkt i forskingsspørsmåla ei hovudproblemstilling for arbeidet (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004). For denne oppgåva vart nasjonalparkar i Noreg og lokal verdiskaping vald som emne. For å avgrense dette omfattande emnet noko, vart emnet innsnevra til å sjå på nasjonalparkar og lokal verdiskaping i samband med den nye forvaltningsmodellen for store verneområde i Noreg. Sidan nasjonalparkstyra er hovudaktørar i den nye forvaltningsmodellen, er det altså essensielt å ta utgangspunkt i deira rolle for å vurdere om lokal forvaltningsmodell kan bidra til auka verdiskaping i og kring nasjonalparkane. Med bakgrunn i dette vart fylgjande forskingsspørsmål formulert : Er det samsvar mellom dei politiske lovnadane og den nye forvaltningsmodellen? Har nasjonalparkstyra nok

handlingsrom og ressursar, til å bidra positivt i denne auka satsinga på vern og verdiskaping som vert skissert? Korleis kan nasjonalparkstyra arbeide best mogleg for verdiskaping i og kring nasjonalparkane om dei ynskjer det?

Forskingsspørsmåla vart i hovudsak formulert for forfattarens eigen del, som ei hjelp og eit utgangspunkt for å formulere ei hovudproblemstilling. Utifrå forskingsspørsmåla vart då fylgjande problemstilling formulert:

Kan lokal forvaltning av nasjonalparkar bidra til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane?

Sidan problemstillinga omhandlar eit emne som er relativt uutforska, er det forfattarens vurdering at ein ikkje har nok bakgrunnskunnskap til å formulere del problemstillingar og eller hypotesar. Ei slik spissing er vanleg i mange undersøkingar, men for denne oppgåva vert det altså vurdert slik at ein ikkje har nok kunnskap til å gjennomføre ei slik spissing som hypotesar/delproblemstillingar kan representere. I staden vert det i innleiinga presentert nokre førehandsforståingar som kan drøftast i analysen.

I fylgje Corbin og Strauss (2008) skal ei kvalitativ problemstilling være fleksibel, slik at ein innanfor problemstillinga har fridom til å utforske emnet i djupna. Det har tidlegare vorte argumentert for at nasjonalparkstyra på lokalt/regionalt nivå er hovudaktørane i den lokale forvaltningsmodellen. I røynda kunne ein difor formulert ei problemstilling kor det vart stilt spørsmål ved om nasjonalparkstyra kan bidra til lokal verdiskaping i og kring nasjonalparkane. Men for å halde problemstillinga meir open og fleksibel, jamfør Corbin og Strauss, vart dette ikkje gjort. Fordelen med den problemstillinga som er vald, er at andre sider ved forvaltningsmodellen som ikkje angår nasjonalparkstyra også kan diskuterast. Bakdelen er at ein kanskje kunne skrive ei endå meir spissa oppgåve med ei problemstillinga som retta seg eksplisitt mot nasjonalparkstyra. Men alt i alt er det teke ei avveging på at det er betre å kunne utforske emnet noko fritt, i motsetnad til at ein knyter oppgåva kunn opp mot nasjonalparkstyra.

Etter å ha definert ei problemstilling, er det vanleg å sjå på kva data ein treng for å kunne svare på problemstillinga, korleis ein skal samle inn desse data og korleis ein skal ordne og analysere innsamla data. Krav til data, innsamling og analyse munnar ut i at ein vel eit

høveleg forskingsdesign for dei undersøkingane ein skal gjere (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004).

Dersom ein veit lite om eit emne eller fenomen og ynskjer å utforske dette nærare, og ein ikkje klare formeiningar om kva samanhengar som finst på området, vert ofte kvalitative undersøkingar med eit eksplorativt forskingsdesign nytta (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004). Når eit eksplorativt design vert nytta, kjenneteiknast undersøkingane ved at ein ynskjer å forstå og tolke eit emne for å få betre innsikt. Vidare har ein sjeldan klare teoretiske modellar som utgangspunkt for undersøkingane. Eksplorativt forskingsdesign vil ofte være hypotesegenererande undersøkingar. Det vil sei at ein frå byrjinga ikkje har klare hypotesar som skal undersøkjast, men at undersøkingane genererer hypotesar som seinare kan utforskast i undersøkingar med eit anna forskingsdesign. Eksplorativt design har to hovudteknikkar, fokusgrupper og djupneintervju som i all hovudsak vil generere kvalitative data (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004).

Sidan emne som er vald for denne oppgåva er relativt lite utforska og ein ynskjer å få belyst, gå i djupna og skaffe meir kunnskap om ein eventuell samheng mellom verdiskaping i og kring nasjonalparkar og den nye forvaltningsmodellen, er altså eksplorativt forskingsdesign vald. Av dei to hovudteknikkane er djupneintervju vald, vidare skal me no sjå korleis utvalet for desse djupneintervjua vart plukka ut.

5.2 Utval

Før ein kan foreta eit utval til ei undersøking, må ein fyrst definere populasjonen. Ein seier at populasjonen er summen av alle einskapane undersøkinga freistar å seie noko om (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004).

For undersøkingane som er utført i samband med denne oppgåva, var det fyrst tenkt at populasjonen var alle nasjonalparkstyra i Noreg. Men etterkvart viste det seg også fornuftig å inkludere representantar frå den tidlegare forvaltninga i populasjonen/utvalsramma. Altså tilsette hjå fylkesmenna, som i tillegg til å representere tidlegare forvaltningspraksis også står sentrale i arbeidet med å implementere den nye forvaltningsmodellen. Som det tidlegare har vore nemnt skal det også tilsetjast forvaltarar tilknytt dei ulike

nasjonalparkstyra og områda. Men sidan eit fåtal av desse i skrivande stund er tilsette, vart det vanskeleg å inkludere forvaltarane i utvalsramma til desse undersøkingane.

Vidare er det til undersøkingane gjort eit vurderingsutval etter snøballmetoden. Dette er eit ikkje- sannsynlegheits utval, som vil sei at utvalet ikkje er basert på statistisk tilfeldighet. Eit vurderingsutval er eit utval kor ein vel ut element frå populasjonen med bakgrunn i eigenskapar forskaren ynskjer skal vere representert i utvalet. Ein form for vurderingsutval er *snøballutval*, kor ein tek utgangspunkt i ein eller få personar frå populasjonen. Desse vert vidare oppmoda til å tipse om andre personar i populasjonen som har spesiell innsikt eller kjennskap til emnet ein skal undersøkje (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004).

Sidan det til denne oppgåva vart gjennomført djupneintervju, som var arbeidskrevjande både i gjennomføring og etterarbeid, avgrensa det talet på kor mange intervju det vart mogleg å gjennomføre innanfor rammene av oppgåva. Det vil altså sei at kapasitet, kombinert med arbeidsomfanget til metoden som er vald, førde til at utvalet måtte bli relativt lite. Sidan utvalet vart lite og det vart gjennomført relativt få intervju, vart det viktig at kvart intervju var av høg kvalitet og genererte kvalitet og informasjonsrike data. Difor vart det essensielt å få tak i intervjuobjekt som hadde synspunkt, kunnskap og innsikt om den nye forvaltningsmodellen og verdiskaping i og kring nasjonalparkane. Valet falt difor på å nytte eit vurderingsutval etter snøballmetoden.

I praksis medførde det at det vart gjennomført prøveintervju, med eit medlem frå eit av nasjonalparkstyra som underteikna kjende til frå før. I dette prøveintervjuet kom det fram tips på to aktuelle personar som ein burde prøve å få intervju, desse to intervju genererte igjen namn på fire intervjuobjekt. Slik vart utvalet på seks intervjuobjekt, fire representantar frå Rondane - Dovre og Jotunheimen nasjonalparkstyre og to representantar frå fylkesmannen i Oppland, vald ut etter snøballmetoden.

5.3 Data innsamling og analyse

Individuelle djupneintervju vert altså nytta som teknikk når intervjuobjektets personlege erfaringar og meiningar er av interesse (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004). Til denne masteroppgåva vart det altså utført eit prøveintervju og seks djupneintervju.

Dette arbeidet byrja med at det vart laga ein intervjuguide. Intervjuguiden vart gjennomarbeida i samråd med veileidar, før den vart testa i eit prøveintervju. Etter prøveintervjuet vart det gjort nokre siste korreksjonar på intervjuguiden før den vart teken i bruk.

Når ein gjennomfører djupneintervju er det i fylgje Corbin og Strauss (2008) viktig å stille nokre innleiande oppvarmingsspørsmål, ha ei ope instilling, freiste å ikkje bli for nervøs i intervjusituasjonen slik at det kan påverke intervjuobjektet, takle stille periodar i intervjuet, ikkje stille leiande spørsmål, men framfor alt behandle intervjuobjektet med respekt. Djupneintervju skal helst bære meir preg av ein vanleg samtale, enn ein intervjusituasjon (Corbin og Strauss 2008).

Intervjua som vart gjennomførde vart tekne opp på lydband, og vara frå ein time til nærare to timar for det lengste intervjuet. Dette resulterte i eit lydmateriale på til saman godt over åtte timar, som skulle gjennomarbeidast og analyserast. I etterkant av intervjua vart kvart enkelt av intervjua transkribert i heilskap. Dette resulterte igjen i eit skriftleg materiale på nærare 30 sider. For å finne essensen i intervjumateriale vart det så gjennomført ei koding. Ei god måte å ordne og analysere kvalitative data på, er å gjennomføre ei koding eller konseptualisering, kor ein ordnar viktige utsegn frå datamateriale etter førehandsbestemte emne (Corbin og Strauss 2008). Dette er gjort i denne oppgåva, i analysekapittelet vil ein sjå korleis datamaterialet er organisert og analysert under sju ulike emne.

5.4 Forskarens rolle

I fylgje Corbin og Strauss (2008) er objektivitet i kvalitative undersøkingar ei myte, forskarane tek med seg inn i undersøkinga sin kunnskap perspektiv og erfaringar. Vidare hevdar dei at resultatata frå ei kvalitativ undersøking er eit produkt av data pluss det forskaren sjølv tilfører analysen.

"They are unafraid to draw on their own experiences when analyzing materials, having rejected more traditional ideas of objectivity and the dangers of using personal experience." (Corbin and Strauss 2008 s 13)

Corbin og Strauss hevdar at sensitivitet er å føretrekkje framfor objektivitet, og definerer sensitivitet som: innsikt i data og evne til å fordjupe seg i data både i innsamling og analyse.

På denne måten kan ein sjå på forskarens erfaringar, kjennskap til og kontakt med fenomenet som skal undersøkast som ein ressurs i staden for ein trussel.

Sidan underteikna gjennom jobbsituasjon har og har hatt brei kontakt med systemet masteroppgåve omhandlar, vert ei drøfting av forfattarens objektivitet naudsynt. Ei stilling som prosjektleiar for eit prosjekt i *Verdiskapingsprogrammet for naturarven*, drive av Direktoratet for naturforvaltning, har gjeve underteikna innsikt i emnet og systemet rundt forvaltning av norske verneområde. Sjølv om ein kan tenkje seg at erfaringar og kunnskap kan farge undersøkingane som vert gjort, ved at ein på førehand har gjort seg opp synspunkt kring emnet. Vert det her vald å fokusere på at dette gjev forfattere auka sensitivitet, jamfør Corbin og Strauss. Forhåpentlegvis vil ei slik jobberfaring og nettverk bidra til ei auka djupna og forståing i analysane og ikkje stå i vegen for å få fram uventa funn i undersøkinga.

5.5 Metodekritikk

Som tidlegare nemnt er det vald eit perspektiv kor ein ser på den lokale forvaltningsmodellen og verdiskapingspotensiale frå nasjonalparkstyra sin ståstad. Det kan være ein fare ved at dette perspektivet kan være noko førande og/eller avgrensande. Likevel er ein innanfor rammene til ei slik masteroppgåve nøydd å gjere nokre avgrensingar for å kunne skrive ei nokolunde poengtert oppgåve.

Det kan også seiast at utvalet som er plukka ut er litt lite, og at det kan svekke kvaliteten på undersøkingane. Som ein konsekvens av dette vert det lagt vekt på at undersøkingane skal være hypotesegenererande og informasjonsskapande, og i mindre grad konkluderande. Bakgrunnen for dette er også ei vurdering av den eksterne validiteten til undersøkingane. Om resultat frå ei undersøking kan overførast til liknande situasjonar, altså om funna kan generaliserast. Sjølv om ein ved individuelle djupneintervju ikkje kan generalisera funna til populasjonen (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004), vert det vurdert slik at undersøkingane har skaffa informasjon som kan vere nyttig for heile populasjonen, men ikkje i noko særleg grad kan seiast å ha direkte/påvist overføringsverdi til populasjonen.

Ein faktor som vart diskutert ovanfor er forfattarens objektivitet. Men det som også kan være hensiktsmessig å diskutere er intervjuobjektas objektivitet. Intervjuobjekta får i denne undersøkinga sleppe til med klare synspunkt og meiningar. Der det synes naudsynt vert det i

analysen freista å påpeike manglande objektivitet, og andre moglege synspunkt enn dei intervjuobjekta har. Men det er klart at når synsvinkelen i oppgåva dreiar så klart mot medlemmene i nasjonalparkstyra sine perspektiv, kan dette gå noko på akkord med objektiviteten.

Til slutt bør det takast med at det til denne oppgåva er teke med det som vert kalla *relevant teori* i teorikapittelet og relevante artiklar/fagrapportar i kunnskapsgrunnlaget. Kva som er relevant teori og kva som er relevant kunnskapsgrunnlag kan alltid diskuteras. Til ei slik oppgåve må ein gjere eit utval, men ein bør være kritisk til om val av teori og kunnskapsgrunnlag kunne vore gjort på ein anna måte.

Desse faktorane over kan oppsummerast i ei vurdering av undersøkingas validitet og reliabilitet. Med validitet meinast gyldigheit, kor godt ein måler det ein har som hensikt å måle, og med reliabilitet nøyaktigheit og pålitelegheit (Gripsrud, Olsson og Silkoset 2004). Ein kan godt måle med høg grad av reliabilitet utan at ein måler det ein eigentleg har som hensikt å måle, med det resultat at undersøkinga har låg validitet. I dette tilfelle kan ein tenkje seg at intervju, etterarbeidet og analysen vert gjort med høg grad av nøyaktigheit og pålitelegheit. Men at faktorar som synsvinkel, utval og objektivitet kan være med å svekke validiteten til undersøkinga. På ei anna side er ein nok kome langt i å sikre validiteten når ein har identifisert dei faktorane som kan påverke validiteten negativt. Då har ein eit godt utgangspunkt for å unngå å falle i dei fellene som er nemnt ovanfor.

På tross av desse punkta som vert påpeika her i metodekritikken, er det forfattarens vurdering at dei undersøkingane som er gjort, dannar eit godt grunnlag for å kunne svare på problemstillinga i oppgåva. Det ligg i det eksplorative forskingsdesigna si natur at undersøkingane ikkje genererer bastante konklusjonar og moglegheiter til å generalisere til populasjon. Likevel vil dette arbeidet som er gjort kunne belyse sentrale element ved den nye forvaltningsmodellen og samanhengen med verdiskaping, samt generere ny kunnskap slik at ein kan formulere hypotesar som seinare kan testast ved andre undersøkingar og vere eit nyttig innspel til nasjonalparkstyra sitt arbeid.

6 Presentasjon av data

For å samle inn data til denne masteroppgåva vart gjennomført djupneintervju med styremedlemmer i Rondane - Dovre og Jotunheimen nasjonalparkstyre, samt tilsette hjå Oppland fylkeskommune. Til saman tre ordførarar, ein fylkeskommunal representant og to representantar frå fylkesmannen i Oppland har vorte intervjuet. Både frå fylkesmannen har tidlegare arbeida med forvaltning av Jotunheimen og Rondaneområdet, og har no vore sentrale i arbeidet med å implementere ny forvaltningsmodell for områda. Når sitat vert nytta i analysen, vert det presisert om sitatet tilhøyrer ein av ordførarane, fylkeskommunal representant eller tilsett hjå fylkesmannen. Der sitat omhandlar spesifikke problemstillingar knytt til kunn eit av områda, det opplyst om sitata tilhøyrer medlemmer frå Rondane - Dovre eller Jotunheimen nasjonalparkstyre.

6.1 Ny forvaltningsmodell, formelle rammer og organisering

Intervjua innleia med spørsmål kring organisering og rammene kring den nye forvaltningsmodellen. På spørsmål om det var motsetningar internt i kommunane mot å gå inn i ny forvaltningsmodell, svarar alle ordførarane at det var lite eller ingen diskusjon kring det å gå inn i den nye modellen, kommunestyra var jamt over svært positive til den nye forvaltningsmodellen. Fylkeskommunerepresentanten var også positiv til innføring av ny modell, men tykkjer det framleis er ein del uklarleik rundt rolleavklaring.

"Prinsipielt meiner me at lokal forvaltning er bra, men me som kjem frå fylkeskommunane har lurt på kva vår rolle skal være i dette. Fylkeskommunen si hovudoppgåve er å vere regional utviklingsaktør, men det å foreine vern og utvikling er krevjande." (fylkeskommunal representant)

Representantane frå fylkesmannen stiller seg meir tvilande til den nye forvaltningsmodellen enn nasjonalparkstyremedlemmene.

"Mange fylkesmenn var skeptiske til lokal forvaltningsmodell fordi evalueringa av dei fire forsøksordningane ikkje var særleg positive. Men meir prinsipielt er det jo i internasjonal samanheng svært spesielt at nasjonale miljøverdier som skal forvaltast i eit 200-års perspektiv vert styrd av lokalpolitikarar som er valde for 4 år av gongen." (tilsett hjå fylkesmannen.)

Både styremedlemmene og tilsette hjå fylkesmannen stiller spørsmålsteikn ved at forvaltarane skal være tilsett hjå fylkesmannen, men underlagt nasjonalparkstyra. Særleg ordførarane verkar spente på om lojaliteten til dei nye forvaltarane vil ligge hjå fylkesmannen eller styret.

"Oss har hatt det som prinsipp at forvaltaren burde vore tilsett direkte under styret, og ikkje hjå fylkesmannen. Slik det er no vert forvaltaren fylkesmannens forlenga arm, ein får ikkje rein lokal forvaltning. Men no er det no eit faktum at det er eit statleg sekretariat, det må me berre ta til etterretning." (ordførar)

"Kva rolle har eigentleg forvaltaren? Er litt spesielt då den er tilsett hjå fylkesmannen men har eit lokalt styre å forholda seg til, kor ligg lojaliteten? Ein anna ting er at det i retningslinene står at forvaltaren kan komme med protokolltilførsel dersom han er ueinig med styret, det er rart at ein i administrasjonen kan komme med protokolltilførsel dersom noko blir slik han ikkje ynskjer." (ordførar)

Ein annan ting som vert problematisert ved rolla til forvaltaren er at han har moglegheit til å kome med protokolltilførsel.

"Problemet er jo at forvaltaren er tilsett hjå fylkesmannen medan fylkesmannen også har klagerett, slik at forvaltarens arbeidsgjevar kan påklage dei vedtaka som forvaltaren har skrive instilling på. Strengt tatt kan jo forvaltaren då be sin arbeidsgjevar, fylkesmannen, om å klage på eit vedtak fatta av styret som han sjølv ikkje er einig i, dette vert jo ikkje heilt ryddig." (tilsett hjå fylkesmannen)

Intervjuobjekta uttrykte også engasjement rundt den forvaltningsfaglege biten av den nye modellen. Ein ser her at hjå fylkesmannen kan det rå ein viss skepsis til om kvaliteten på sakshandsaming og forvaltning vert like god med den nye ordninga.

Særleg det å sikre eit godt fagmiljø gjennom forvaltningsknutepunkta verka viktig for både fylkeskommunale og fylkesmannsrepresentantar.

"Då fylkesmennene var forvaltarar og saker vart vedtekne her vart sakene førebudd og diskutert både på møter og internt i fagavdelinga før det vart fatta vedtak. Forvaltaren vert no sitjande meir åleine med førebuing av saker, difor er forvaltningsknutepunkta svært viktige for å byggje opp eit fagmiljø rundt forvaltninga." (tilsett hjå fylkesmannen)

"Det har sett ut som det har vore viktigare å få ein ny tilsett på kommunehuset, enn å byggje opp eit fagmiljø rundt forvaltninga. Eg meiner at dersom me skal lukkast med denne modellen må ein få fram fagmiljø med tyngde. Det at for eksempel ein og same nasjonalpark får to knutepunkt er ikkje heldig." (fylkeskommunal representant)

Miljøverndepartementet hevdar at dei ved å løyve meir midlar samt innføre den nye forvaltningsmodellen har styrka verneforvaltninga i Noreg. Alle intervjuobjekta var faktisk

samde i dette utspelet, særleg tykkjer dei at dei nye forvaltarstillingane representerer ei auka satsing. Ein tilsett hjå fylkesmannen presiserte dette slik:

" Til no har me kanskje hatt ein tredjedels stilling her hjå fylkesmannen og ein tredjedel i Sogn og fjordane, medan det no vert oppretta to 100% stillingar som områdeforvaltarar for Jotunheimen. Sjølv om ein del av desse stillingane går med til å drifte eit større byråkratisk opplegg, vil jo desse nye forvaltarane bli meir aktive forvaltarar enn det me har hatt ressursar til å være." (tilsett hjå fylkesmannen)

Eit av hovudføremåla til den nye forvaltningsmodellen er å sikre at lokalkunnskap og erfaringsbasert kunnskap vert betre inkludert i forvaltninga. Her er intervjuobjekta også samde i at ein med lokalpolitikarar i styret truleg vil få denne positive gevinsten, men at det endå er for tidleg å sei noko konkret om korleis dette vil slå ut. For Jotunheimen sin del vart det presisert av fleira av intervjuobjekta at ordninga med tilsynsutvala allereie sikrar ivaretaking av slik kunnskap.

På spørsmål om den nye forvaltningsmodellen kan bidra til lokal forståing og oppslutnad kring vernet, er intervjuobjekta samde i at lokalpolitikarar nok kan bidra meir til legitimitet kring vern enn fylkesmannen. Det vert kommentert frå ein av ordførarane at det nok er ein høgare terskel for å gå til åtak på eigne lokalpolitikarar enn fylkesmannen. Ein annan ordførar seier det slik:

"Enkelte har jo nesten sett på fylkesmannen som eit skjellsord. Dersom me som sit i styra er flinke til å informere og få fram budskapet i eigen kommune, trur eg det kan bidra til større forståing og aksept kring verneområda." (ordførar)

Nærstående er også spørsmålet om den nye modellen kan bidra til å senke konfliktnivået mellom statleg naturforvaltning og lokale interessentar. Her svarar styremedlemmene til liks med spørsmålet om legitimitet kring vernet, at lokalpolitikarar nok kan ha ein positiv effekt på konfliktnivå og handtering til samanlikning med fylkesmannen. Dei tilsette hjå fylkesmannen har meir klare tankar kring dette.

"Trur det som har størst effekt i heile denne modellen er den lokale utplasserte forvaltaren, som folk kan møte ansikt til ansikt og diskutere aktuelle saker som skal leggjast fram for styret. Det at det ikkje blir ein telefon til Lillehammer, for det har nok skapt litt avstand. Eg trur det vert veldig positiv med den nye forvaltaren som vert utplassert lokalt at han har tid til å vere med ut diskutere løysingar osv." (tilsett hjå fylkesmannen)

"Eg vil tru at kommunane føler dei får eit større eigarforhold til verneområda. Me ser det allereie på saker som har vore oppe i styret no at lokalbefolkninga tek kontakt med

ordførarane for å diskutere sakene på førehand. Berre dette ikkje fører til for mykje press på ordførarane.."(tilsett hjå fylkesmannen)

6.2 Data som kan drøftast opp mot kunnskapsgrunnlaget

Nær alle artiklane og rapportane frå kunnskapsgrunnlaget hevdar at turismen i verneområda er aukande. Intervjuobjekta var stort sett samde i at det nok er tilfellet at turismen er aukande, men forutan ein av ordførarane var det ingen som hadde erfaringar som kunne underbygge dette synspunktet.

"Særleg folk som kjem frå utlandet skal inn i nasjonalparkane. Dei etterspør korleis dei kan kome seg inn i nasjonalparkane og kor dei kan gå i nasjonalparkane. Eg har sete ein del i turistinformasjonen så dette veit eg." (ordførar)

Sjølv om det blant intervjuobjekta rådde ei oppfatting om at turismen i verneområda er aukande, var det ingen som opplevde at lokalbefolkninga reagerte negativt på denne auken. Fleire av artiklane/rapportane peika også på at nasjonalparkane vert oppfatta som eit kvalitetsstempel. Her var intervjuobjekta samstemde i at nasjonalparkane bør sjåast på som eit kvalitetsstempel, men ikkje minst at parkane bør utnyttast betre av reiselivet og andre.

"Her må ein sjå dei moglegheitene og handlingsrommet som finst. Det er viktig å få vist fram dei kvalitetane som ligg i nasjonalparken." (ordførar)

"Ein har naturkvalitetane men ein treng også noko meir. Det er ikkje nok at det ligg ein nasjonalpark her, det må finnast næring i randsonene, overnattingsstader og god mat." (ordførar)

Ut i frå intervju er det tydeleg at særleg ordførarane er svært positive til kva betydning nasjonalparkane kan ha for reiselivet i kraft av å være eit kvalitetsstempel. Men det er også klart at dei tykkjer det framleis står mykje att når det gjeld å utnytte dette kvalitetsstempelet i marknadsføring, produktutvikling osv.

På spørsmål om dei har opplevd at næringsverksemd i og kring verneområda ser på vernet som eit hinder, svarar fleire av intervjuobjekta at det nok er reiselivsverksemd som ser på restriksjonane kring motorisert ferdsel som ei utfordring, dette for både Rondane og Jotunheimen. Det er særleg motorisert person og bagasjetransport, samt oppkøyring av skiløyper vinterstid som vert trekt fram.

I intervjuet vart det også spurd kva aktivitetar i og rundt nasjonalparken dei oppfatta som dei mest populære. Dette fordi det i kunnskapsgrunnlaget gjentekne gonger vert hevda at vandring og tur, organisert av dei besøkande sjølve er den vanlegaste aktiviteten i nasjonalparkane. Intervjuobjekta støtta i stor grad synet på at vandring og turar er den vanlegast aktiviteten i nasjonalparkane, og at ein har ein trend kor kortare turar vert meir populært. Men fleire hevda også at organiserte turar, guida turar og safarier vert meir og meir populært.

Dette med tilrettelegging er eit emne som særleg engasjerte medlemene i nasjonalparkstyret, og kan også koplant mot det som ovanfor vart poengtert i at det vert større etterspurnad etter kortare turar og dagsturar.

"Tilreisande ynskjer i dag ikkje å gå i mange timar, dei ynskjer berre ein tilrettelagt liten tur inn i nasjonalparken." (ordførar)

Fleire av dei intervjuet kom også med positive attendemeldingar på det tilretteleggingsarbeidet Statens naturoppsyn (SNO) har gjort dei siste åra.

"SNO har hatt nokre veldig bra prosjekt på tilgjengelegheit og tilrettelegging dei siste åra, fått gjort mykje bra." (ordførar)

"Naturen vert mindre slitt ved grundig tilrettelegging, det har me til dømes sett på Besseggen og Fanaråken, ein får kanalisert folk og forhindrar naturslitasje." (ordførar)

Dette med inngangspengar/avgifter til nasjonalparkane var alle i utgangspunktet skeptiske til. Men det kom eit fram synspunkt om at kanskje det kan vurderast ei slags avgift i området med svært mykje ferdsel.

"Men ein har område kor ein kan vurdere dette, ved heilt spesielle attraksjonar som genererer mykje ferdsel kan ein vurdere ei slags avgift for å finansiere fasilitetar som parkering toalett osv. til dømes ved Galdhøpiggen området." (ordførar)

I intervjuet kom det fram at medlemmene i nasjonalparkstyra var svært kritiske til prosessen rundt forvaltningsplanane, særleg går dette på manglande involvering av næringslivet.

"Revisjonen av forvaltningsplanen var etter mitt syn sterkt prega av fylkesmannen og miljøvernavdelinga der. Me gjekk saman med nokre andre kommunar ut og kravde ei breiare samansett referansegruppe, me oppfatta referansegruppa som var sett ned som for snever. Lokalsamfunnet burde vore meir involvert i forslaget som vart utarbeidd, trur det

hadde vorte ein betre prosess dersom ein hadde trekt inn ei større referansegruppe."
(ordførar Jotunheimen)

"Ein del reiselivsbedrifter i Gudbrandsdalen var svært negative til forvaltningsplanen, men eg trur planen som vart vedteken er prøvd laga som eit kompromiss, sjølv om enkelte nok ikkje opplever det slik. Men ein ser særleg i forhold til løypekøyring vinterstid at enkelte bedrifter berre må føye seg. Trur ikkje det akkurat er reiselivet som sit att med alle plussa i denne planen.." (ordførar Rondane)

Også tilsette hjå fylkesmannen ser at forankringa/involveringa av det lokale reiselivet kanskje ikkje var tilstrekkeleg.

"Det vart vald ein representant for reiselivet til arbeidsgruppa for revidering av forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen. Men me må innrømme at me hadde liten oversikt over kor mykje kontakt ho hadde utover med resten av reiselivet."
(tilsett hjå fylkesmannen)

6.3 Lokalt sjølvstyre for nasjonalparkstyra?

Utsegna nedanfor viser nok at intervjuobjektet opplever eit avgrensa handlingsrom innanfor dei formelle rammene nasjonalparkstyra må forholde seg til.

"Sjølvstyre...her tykkjer eg det ligg mykje fast frå sentralt hald, det er jo klart det er lovverket som styrer, er ikkje rom for store sprell." (ordførar)

Eit anna moment som har vore framme før, er det at forvaltarane er tilsette hjå fylkesmannen og ikkje direkte under styra. Det verkar som intervjuobjekta tykkjer det svekkar sjølvstyregarden.

"At forvaltaren er tilsett hjå fylkesmannen har jo vorte kritisert, enkelte tenkjer nok at då vert det framleis styrd ein del frå staten si side." (tilsett hjå fylkesmannen)

"Eg håpar denne nye forvaltningsmodellen ikkje er eit skalkeskjul for lokaldemokratiet. Eg tykkjer det må meir reelt sjølvstyre inn, no har ein to byråkratiske faktorar som er med å styrer, SNO og fylkesmannen gjennom sekretariatet. Det er jo kjent at nær alle kommunane som uttalte seg om den nye forvaltningsmodellen var skeptiske til at sekretariatet skal liggje hjå fylkesmannen." (ordførar)

Men ikkje alle intervjuobjekta er like skeptiske til sjølvstyregarden.

"Eg meiner ein har tilstrekkeleg lokal sjølvstyre med denne ordninga, dersom fylkesmennene ikkje prøver å påverke for mykje." (ordførar)

" Korleis verneområda skal profilerast, informasjon og slikt er jo styret med og påverkar. Dei kan være med å påverke og forme ting men det kan jo ikkje gå på tvers av forskriftene." (tilsett hjå fylkesmannen)

Ei anna sak som opptok fleire av intervjuobjekta var at dei ikkje har høve til å delegere kurrante saker ned til forvaltaren/ane.

" I Dovrefjellsrådet kunne me delegere kurrante saker til forvaltaren, no må alt gjennom styret. Det er ikkje så interessant å sitje i eit styre å behandle masse saker som kunne vore delegert, ein burde sitje att med dei tyngre sakene, burde også hatt midlar og moglegheiter til å setje opp langsiktige planar" (ordførar Rondane).

" Litt vanskeleg å sei endå om ein har ei reelt sjølvstyre, det me har fått gjort til no er å behandle haugen av dispensasjonssøknader. Ein kan jo lage planar, men når ein ikkje har pengar til å gjennomføre desse, anna enn at ein må i ein slik søknadsdialog så fryktar eg at handlefridomen er liten" (fylkeskommunal representant).

Eit moment som alle intervjuobjekta kommenterte var den økonomiske situasjonen til nasjonalparkstyra. Det at nasjonalparkstyra rår over svært avgrensa egne midlar, var ei side ved forvaltningsmodellen ingen av intervjuobjekta tykte var positiv.

" Dette med økonomiske midlar og nasjonalparkstyra er faktisk noko fylkesmannen har teke opp med Direktoratet for naturforvaltning. Me tykkjer forvaltningsmynde bør sitje på tiltaksmidla og ha styring på dei, no er det i røynda SNO som fordeler og har styring på tiltaksmidla i nasjonalparkane. Er viktig at SNO melder ifrå om kva tiltak dei tykkjer skal gjennomførast, men bør vere nasjonalparkstyra som forvaltningsmyndigheit som gjer den endelege prioriteringa, ikkje SNO. Ideelt sett burde nasjonalparkstyra fått ei ramme kvart år som dei kunne fordele på dei tiltaka dei ynskjer" (tilsett hjå fylkesmannen).

"Att nasjonalparkstyra ikkje rår over egne midlar trur eg det kan verte forandringar på, men me har jo ein mektig etat sitjande i Trondheim som ikkje ynskjer å gje frå seg for mykje makt. Dersom ein skal snakke lokalt sjølvstyre, tykkjer eg det bør gå i den retninga at nasjonalparkstyra har egne budsjett" (ordførar).

6.4 Aktivitet i nasjonalparkane som kan knytast til opplevingsøkonomi

Sentralt i det som vert kalla opplevingsøkonomi står teorien om at verksemder som spelar på opplevingsdimensjonane læring, underhaldning, estetikk og eskapisme i tilbod og aktivitetar, vil ha eit konkurranseføretrinn på andre verksemder som ikkje spelar på opplevingsdimensjonane. Intervjuobjekta vart spurde om å kome med eksempel på tilbod, aktivitetar og verksemder, som kunne seiast å spele på dei nemnde opplevingsdimensjonane.

I intervjuet vart kjem det fram at det i bådø områda førekjem ein del guida turar. For Rondane sin del er dette stort sett avgrensa til jakt og fiskeguiding og noko dyresafarier i randsonene på grunn av strenge restriksjonar på organisert aktivitet i området.

"Moskussafari og andre guida turar har vorte populært, naturopplevingar med dyr er populært blant tilreisande." (ordførar Rondane)

I Jotunheimen, som er ein brukspark, er guida fjell, bre og toppturar mykje meir utbreidd. I utkastet til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen kan ein lese at det ved førre teljing var 30 bedrifter som dreiv kommersiell tur, guide og kursverksemd i verneområdet.

Men det var andre døme enn desse meir tradisjonelle fjell og friluftslivsaktivitetane som var dominerande, då intervjuobjekta vart bedne om å nemne aktivitetar eller tilbod som spelar på dei fire opplevings dimensjonane. Særleg for Jotunheimen vart det nemnt at det i dei seinaste åra har kome opp ei rekkje arrangement og festivalar i nasjonalparken og i randsonene, som kan seiast å spele på ein eller fleire av opplevingsdimensjonane. Det vart også nemnt at desse arrangementa og festivalane betyr mykje for lokalt reiseliv ved å trekke tilreisande til området. Dette med arrangement og festivalar gjeld i hovudsak Jotunheimen, sidan Rondaneområdet har strengare restriksjonar og forfattaren er ikkje kjend med noko liknande arrangement/festivalar der.

"Vinjerock er eit godt eksempel. Dei spelar på alle desse fire opplevingsdimensjonane, dei har kultur, kurs og arrangerer guida toppturar og breturar inn i nasjonalparken" (ordførar Jotunheimen)

"Arrangement tilknytt høg fjell og idrett har vorte meir og meir populært. Sjå til dømes på Fjellfilmfestivalen og High Camp ved Turtagrø området. Desse arrangementa må då kunne seiast å spele på det du beskriv som opplevingsdimensjonar." (ordførar Jotunheimen)

I årsmelding for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde for 2010 vert det beskrive seks relativt store arrangement som inneverande år har nytta seg av nasjonalparken: Galdhøpiggen, Galdhøpiggen Opp, Tinderittet, Fanaråken Opp, High Camp og Fjellfilmfestivalen (sjå vedlegg 2).

Eit anna innspel frå ein av dei tilsette hjå fylkesmannen er at toppturgåing og tinderangling har vorte meir og meir populært dei siste åra.

"Toppturar og tinderangling..her har dei nye guidebøkene mykje å sei, kan eigentleg reknast som ei sterk tilrettelegging. For 15 år sidan såg du aldri folk som gjekk på truger inn til Olavsbu med snøbrett på ryggen. Her har det vore ei voldsam utvikling, dei rennene ein klatra opp på 70- talet køyrer dei jo ned på ski i dag"

Klimapark 2469 AS vart nemnt som eit døme på verksemder som spelar på opplevingsdimensjonane. Klimapark 2469 er lokalisert ved Juvfonna, i randsona til Jotunheimen nasjonalpark. Besøkjande vert tekne med på guida turar for å lære meir om klima, nedsmelting, gamle og fangstmetodar.

6.5 Interessentar til Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark

I intervju vart intervjuobjekta spurd kven dei tykkjer er dei viktigaste interessentane til nasjonalparkane. Alle intervjuobjekta svara at allmennheita er viktige interessentar, og at deira bruk av nasjonalparkane til friluftslivsføremål må sikrast. Fem av seks svara at det lokale reiselivet med overnattings og aktivitetsbedrifter er viktige interessentar. Vidare svara fire av seks at Den Norske Turistforeining (DNT eller turistforeininga) og grunneigarar (private, statsskog, allmenningar) er viktige interessentar. To av seks nemnde andre friviljuge lag (Røde Kors og idrettslag, jakt og fiske og landbruk. Medan berre ein av seks meinte at Nasjonal turistveg Rondane, kommunane og arrangement er viktige interessentar til nasjonalparkane. Svara til intervjuobjekta er ordna i tabellen under.

Interessent i nasjonalparken/ane	Talet på informantar som tykte dette var ein viktig interessent. (av totalt 6 informantar)
Allmenheita	6
Lokale reiselivsverksemder	5
Den Norske Turistforeining (DNT)	4
Grunneigarar	4
Andre friviljuge organisasjonar som idrettslag og Røde Kors	2
Jakt og fiske interesser	2
Landbruk	2
Arrangement	1
Nasjonal turistveg Rondane	1
Kommunane	1

Figur 6.1 interessentar i Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark

Fleire av informantane meiner at DNT står i ei særstilling, og at andre interessentar ikkje har noko særleg påverknadskraft.

"Turistforeininga har noko makt, dei har ei spesiell rolle. Elles er det ikkje så enkelt å nå igjennom for dei andre interessentane, vernet står meir sentralt enn lokale interessentar." (ordførar Rondane)

Forutan DNT vert også andre friviljuge lag og organisasjonar nemnt som viktige interessentar, frå eit av intervjuobjekta vart det ytra at denne gruppa tidlegare har opplevd nokre hemningar ved vernet:

"Røde Kors som interessent har hatt ein del problem med løyve til snøskuterkøyring i nasjonalparken, dette gjeld i all hovudsak køyring i samband med øvingar. Idrettslaga har og hatt litt utfordringar med kva dei får lov til i samband med arrangement, særleg i forhold til oppkøyring av skiløyper innanfor nasjonalparken" (ordførar).

På direkte spørsmål om intervjuobjekta hadde opplevd konflikhtar mellom DNT og privat næringsliv, viste det seg at dette var eit emne kor intervjuobjekta hadde mange og sterke meiningar.

"Du skal leite lenge etter grunneigarar i vårt område som tiljublar DNT, det er rett og slett fordi dei har oppført seg arrogant. Dei har prøvd å setje kjeppar i hjula for at private grunneigarar skal få dei same rettane i verneområda som dei. Det er i betring særleg gjennom eit par felles satsingsprosjekt mellom DNT og grunneigarar, men skepsisen til DNT blant enkelte grunneigarar er framleis stor." (ordførar)

På spørsmål om konflikter kring DNT kan være til hinder for lokal næringsutvikling på noko måte, kom det fram at korleis DNT i Rondaneområdet har eit særlyve til å drive organisert ferdsel. Intervjuobjektet trur eit slikt særlyve gjev DNT eit konkurranseføretretrinn, og kjennast både urettvist og hemmande for lokale aktørar.

"Til dømes når det gjeld organisert ferdsel står DNT i ei særstilling i Rondane. Dei treng i motsetnad til andre aktørar ikkje løyve, uavhengig av gruppestorleik, det er jo ganske spesielt. DNT jobba ganske hardt då verneforskriftene vart laga, og retten deira til organisert ferdsel er endåtil teke med i verneforskriftene. DNT må nok reknast som ganske sterke, dei er inne i fjellområde i heile landet. Men det er klart dei gjer mykje samfunnsnyttig med merking av stigar og særleg med tanke på folkehelsa ved å få folk ut på tur" (tilsett fylkesmannen).

Sjølv om intervjuobjekta i heilskap uttrykte klar skepsis til den posisjonen og makta DNT har innanfor verneområda, var dette tosidig. Nær alle på peika også positive sider ved DNT sitt engasjement i området:

"Hjå oss har me ikkje opplevd gnissinga, DNT gjer ein kjempe jobb, byggjer hytter og legg til rette. Me har seks DNT hytter i vår kommune, for oss er det viktig næringsdrift, som skapar fleire arbeidsplassar i kommunen.." (ordførar).

Fleire av intervjuobjekta freista seg også på ei forklaring på kvifor DNT har oppnådd den posisjonen og makta dei må seiast i ha. Forklaringa gjekk på dei samfunnsnyttige sidene ved DNT sitt arbeid, tilrettelegging for friluftsliv samt folkehelseaspektet.

"DNT har ein del hevdbundne forhold som ingen diskuterar, blant anna knytt til hyttene og sti systema, kanskje har det samanheng med at dei står i bresjen for ei helseframbringande fritidssysse." (ordførar)

Men som det vert påpeika i ytringa under, er nok også ei side av forklaringa på posisjonen og makta til DNT det profesjonelle apparatet dei opererer med.

"DNT har ansvar for merking av stigar, kvisting av løyper vinterstid og driv eit fleirtal av turisthyttene. Dei har spelar ein viktig rolle for tilrettelegging av friluftsliv i og kring parkane, så det er jo klart at dei vert tillagt vekt. Det er ein ganske profesjonell organisasjon med fagfolk som er vand med å jobbe mot forvaltninga og byråkratiet. Det er heilt klart at dei får ein del gjennomslag, vert tekne med å offentlege råd og utval osv." (tilsett fylkesmannen).

6.6 innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane

Som me såg i teorikapittelet er det vanleg å definere innovasjon som nyskapingar som er av betydning for den økonomiske utviklinga. I intervjuet vart intervjuobjekta spurd om dei kunne komme på døme på innovasjonar som har funne stad i eller kring nasjonalparkane, eller på andre måtar har ei tilknytning til nasjonalparkane. Blant intervjuobjekta rår det ei oppfatning av at relativt nystarta arrangement og festivalar, gjerne plasser i randsonene men som også nyttar nasjonalparkane aktivt, bør reknast som innovasjonar.

"Ein har hatt ei oppblomstring av arrangement i grensesjiktet mellom friluftsliv og idrett. Vidare ser ein kanskje ei urbanisering av fjellet kor festivalkulturen også har funne ei nisje i randsonene rundt Jotunheimen, dette må seiast å være nyskapande" (tilsett fylkesmannen)

Det vert det også kommentert av fleire at talet på deltakarar har stege drastisk dei siste åra, særleg på arrangement som baserar seg på det ein kan kalla "moderne friluftsliv". Med det meinast at aktivitetar som toppturar, fjellklatring og tinderangling erstattar tradisjonelt friluftsliv og turgåing. Vidare vert det påpeika at kor aktivt desse arrangementa nyttar nasjonalparkane i marknadsføring er noko relativt nytt for området.

"Det har kome til fleire deltakarar på og arrangement tilknytt høg fjellet og idrett/friluftsliv, Fjellfilmfestivalen og High camp er døme. Eg er overtydd om at nasjonalparken har hatt mykje å seie i marknadsføringa av desse arrangementa" (ordførar).

I tillegg vert det påpeikt at måten festivalar som Fjellfilmfestivalen, Vinjerock og High Camp kombinerer musikk og andre kulturinnslag med aktivitet i nasjonalparkane, må kunne kallast nye kombinasjonar.

"Vinjerock er eit relativt nystarta arrangement som kan seiast å være nyskapande korleis dei nyttar nasjonalparkstatusen aktivt i marknadsføring. Men også opplevingar i naturen kombinert med ein musikkfestival må være eit relativt nytt konsept" (ordførar).

Intervjuobjekta vert også spurd om dei kan kome på døme på nystarta verksemdar med tilknytning til nasjonalparkane, kor nyetableringa ber preg av å være nyskapande/innovativ og kan kategoriserast som entreprenørskap.

"Klimapark 2469 AS er ei nystarta verksemd med eit nytt type produkt i alle fall i Noreg, kor plasseringa i randsona til nasjonalparken spelar ei stor rolle for produktet deia. Også tippar

eg at talet på verksemder som driv fjellføring har auka, altså att fleire aktivitetsverksemder har kome til." (tilsett fylkesmannen)

Det var i grunn berre etableringa av Klimapark 2469 AS som vart nemnd som døme på ei entreprenøriell etablering, for utan at oppstarten av ulike arrangement og festivalar, td Vinjerock som vart starta i 2006 av ei gruppe unge lokalpersonar (sjå vedlegg 2) sjølv sagt også kan reknast som entreprenørskap. Elles var det fleira av intervjuobjekta som hadde døme på nyetableringar som ikkje innebar noko særleg nyskaping, ein ser både i sitata over og under at intervjuobjekta antar at talet på aktivitets og guideverksemder har auka.

" Har nok kome til fleire nye firma som driv med turguiding, til dømes eit som heiter Turgleder og held til på Rena" (tilsett fylkesmannen).

Men som intervjuobjektet under påpeikar er gjerne dei nyetablerte verksemdene innan aktivitet og guiding ganske små verksemder.

" Har kome til nokre verksemder innan villmarksturar, fuglekikking og moskussafari. Men det har foreløpig vore i småskala, og eg stiller litt spørsmålsteikn ved lønsemda til desse verksemdene på sikt.." (fylkeskommunal representant).

6.7 Framtidsutsikter og verdiskapingspotensiale

Intervjua vart avslutta med nokre meir overordna spørsmål kring framtidsutsikter for forvaltningsarbeidet, korleis nasjonalparkstyra ser på verdiskapingspotensiale i nasjonalparkane og i randsonene, og korleis dei sjølve ser for seg at dei eventuelt kan spele ei rolle for å bidra til lokal verdiskaping.

Det som tydelege opptek intervjuobjekta er at styra har fått eit mandat som går tydeleg på vernefokus, og lite eller ingenting på utvikling i og kring nasjonalparkane:

"Men no ligg det ikkje innanfor mandatet til nasjonalparkstyra å være pådrivarar for lokal verdiskaping." (tilsett fylkesmannen)

"Nasjonalparkstyra er myndigheit etter verneforskriftene, men dei er jo ikkje tillagt utviklingsoppgåver. Dei har fått beskjed av Miljøverndepartementet om at samfunnsutvikling ikkje ligg under det oppdraget dei har fått." (tilsett hjå fylkesmannen)

Gjennom intervjua var det tydelege at styremedlemmene kunne tenkje seg å få utvide mandatet sitt, slik at dei også kan engasjere seg i utviklingsarbeid knytt til nasjonalparkane.

Dei tilsette hjå fylkesmannen påpeika også dette snevre mandatet styra har fått, og stilte spørsmålsteikn ved kvifor styra ikkje skal få jobbe med utviklingsarbeid. Frå den eine kjelda ser ein også att argumentet om at nasjonalparkstyra bør få rå over eigne midlar kjem at.

"Nasjonalparkstyra må få eigne budsjett og utvida oppgåver med ein utviklingsdel. Infrastruktur er og ein måte nasjonalparkstyra kan bidra til lokal verdiskaping på." (ordførar)

Fleire etterlyste auka handlingsrom, og moglegheiter for styra til å engasjere seg meir i næringsutvikling og anna tilretteleggingsarbeid retta mot næringslivet.

"Det å bruka parkane til lokal næringsutvikling, her kunne ein ynskje seg eit større handlingsrom. Me behandlar søknader men har elles lite kontakt med næringslivet." (ordførar)

På spørsmål om nasjonalparkane kan spele ei rolle for økonomisk verdiskaping i lokalsamfunna, er alle intervjuobjekta samstemte i at ja, her finst eit potensiale! Men det kjem fram få eller ingen konkrete tankar rundt korleis nasjonalparkane kan spele ei slik positiv rolle for lokal verdiskaping. Det verkar altså som det vert litt uhandgripeleg og difust for intervjuobjekta, kva denne auka verdiskapinga skal grunne i og korleis ein skal få realisert verdiskapingspotensialet. Forutan det som tidlegare har vore framme, at fleire av intervjuobjekta ser på nasjonalparken som eit kvalitetsstempel som kan og bør nyttast av lokalt reiseliv i marknadsføring. Ei av kjeldene oppmoda også til at ein må ha eit meir nøkternt syn på verdiskapingspotensiale:

"Det er lett å nytte fine ord når ein står og skal verne noko eller utvide eit verneområde. Men det er ikkje fest kvar dag i ei lita fjellbygd. Trur dessverre ikkje nokon kommune kan overleve på fin utsikt eller ein nasjonalpark. Nokre få månader rundt sommaren kan ein få utnytta det med natur og nasjonalparkar mot turisme, resten av året må ein jo finne på noko anna." (ordførar)

Eit anna intervjuobjekt meinte at me i Noreg samanlikna med Europa har gjort lite for å leggje til rette for næringsaktivitet i og kring nasjonalparkane, men at ein ser ei positiv utvikling.

"Samanlikna med Europa har me teke naturen for gitt. Men no er me begynt å foredle meir også her i Noreg. For det er jo det ein gjer når ein sprøyttar pengar inn i systemet og tilrettelegg stigar ol. tek vare på naturen og foredlar den." (ordførar)

På det avsluttande spørsmålet om kva nasjonalparkstyra kan bidra med, slik situasjonen er no for å auke lokal verdiskaping, var alle ordførarane som vart intervjuja samde i at dei gjennom styra og elles kan bidra gjennom haldningsskapande arbeid:

"Eg trur me i nasjonalparkstyra kan bidra gjennom haldningar, få folk til å sjå moglegheitene ved vernet. Men også bidra gjennom å skape ein god dialog og kommunikasjon mellom partane." (ordførar)

Men nasjonalparkstyremedlemmene trur også at å skape aksept for vernet, samt betre dialog og kommunikasjon mellom partane i og kring nasjonalparken kan bidra til auka verdiskaping.

"Lokalbefolkninga kjem jo nærare avgjerslene med denne forvaltningsmodellen, nasjonalparkstyret kan kanskje lettare forklare og selje inn vernet og avgjersler enn det fylkesmannen har klart." (ordførar)

7 Analyse og avsluttande diskusjon

Analysen i denne oppgåva er tredelt. Den fyrste delen av analysen inneheld utgreiande og forklarande drøftingar kring den nye forvaltningsmodellen (7.1), samt rundt dei mest sentrale momenta frå kunnskapsgrunnlagskapittelet i kap. 7.2.

Den andre delen av analysekapittelet er kopla tett mot teorikapittelet. For å kunne svare best mogleg på problemstillinga, *om lokal forvaltning av nasjonalparkar kan bidra til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane?* vert funn frå djupneintervjua drøfta opp mot teori presentert i teorikapittelet.

I 7.3 vert sjølvstyregraden til nasjonalparkstyra analysert, for å vurdere om dei har det handlingsrommet som trengst for å bidra til verdiskaping. I underkapittel 7.4 vert aktivitet i nasjonalparkane sett i lys av *opplevingsøkonomi*. Dette fordi det både i kunnskapsgrunnlags- og teori kapittelet vert fokusert på rolla naturbasert opplevingsnæring kan ha for verdiskapinga i nasjonalparkane. Vidare vert det i 7.5 gjort ei interessentanalyse for dei to verneområda. Dette fordi økonomisk verdiskaping ikkje skjer i eit vakum, og det difor er essensielt å identifisere dei viktigaste aktørane i og kring nasjonalparkane. I 7.6 vert intervjuobjektas informasjon om nyskapingar og etableringar i dei to områda, analysert med hjelp av innovasjon og entreprenørskapsteori. Analysen vert avrunda med ei drøfting av framtidsutsikter og overordna syn på verdiskapingspotensiale knytt til forvaltninga av nasjonalparkane (7.7).

Til slutt kjem den avsluttande diskusjonen, kor ein freistar å oppsummere viktige funn i oppgåva og svare på problemstillinga. Her vert det også presentert nokre aktuelle hypotesar for eventuelle vidare undersøkingar, samt freista å gje nasjonalparkstyra nokre råd om arbeidet med verdiskaping i og kring nasjonalparkane.

7.1 Ny forvaltningsmodell, formelle rammer og organisering

Kanskje ikkje veldig overraskande viser det seg altså at blant dei intervjua er dei kommunale og fylkeskommunale representantane positive til den nye forvaltningsmodellen, medan dei intervjua hjå fylkesmannen er negative til å overføre forvaltningsansvaret til nasjonalparkstyra. Det er naturleg å tenkje at dette kan forklarast med at fylkesmannens

tilsette rett og slett ikkje ynskjer å gje frå seg ansvaret for å forvalte verneområda. Det som kanskje er meir overraskande er at alle som vart intervjua, også dei tilsette hjå fylkesmannen, uttrykte skepsis til organiseringa av dei nye forvaltarstillingane som vert tilknytt kvart nasjonalparkstyre.

Ordførarane gav uttrykk for att det er ein merkeleg praksis at forvaltaren har moglegheit til å kome med protokolltilførsel. Kanskje reagerer ordførarane på dette sidan dei frå kommunepolitikken er vande med eit klarare skilje mellom politikarar og administrasjon, og dei ser på dei nye forvaltarane som ein del av administrasjonen. Den eine tilsette hjå fylkesmannen påpeika at det kan oppstå vanskelege situasjonar rundt det med rollefordeling og lojalitet. Sidan fylkesmannen både har klagerett på vedtak fatta av styret samt har arbeidsgjevaransvar for styrets sekretær (forvaltaren). Truleg er det litt lite gjennomtenkt at same instans både har arbeidsgjevaransvar og klagerett, dei to rollane burde nok vore skilde. I verste fall kan dette tenkjast å gå ut over forvaltarens legitimitet, det er allereie klart at dei lokalpolitiske representantane stiller spørsmålsteikn ved forvaltarens legitimitet sidan han er tilsett hjå fylkesmannen.

Truleg er det eit legitimt spørsmål å stille om kvaliteten på sakshandsaminga og forvaltninga vert like god med den nye forvaltningsmodellen. Ein kan sjå for seg at enkelte forvaltarar kan bli sitjande mykje åleine med vurderingar og ikkje har nok fagfolk rundt seg å spele ball med. Difor er nok velfungerande forvaltningsknytepunkt essensielt for å få den nye modellen til å fungere. Også den fylkeskommunale representanten set søkeljos på at ein må få opp *fagmiljø med tyngde* i forvaltningsknutepunkta for å lukkast med den nye modellen. Representanten kjem også med eit spark til kommunane, som i denne prosessen nok har vore meir opptekne av dragkampen for å få lokaliserte forvaltarane i sine respektive kommunar, enn å sikre eit godt fagmiljø.

Som det vert påpeika i intervjua er det å splitte eit forvaltningsknutepunkt i to avdelingar, truleg uheldig med tanke på å byggje opp sterke fagmiljø. Her kan ein sette spørsmålsteikn ved om den politiske dragkampen rundt lokaliseringa av forvaltarstillingar har overkøyrd omsynet til sterke fagmiljø i knutepunkta. Kanskje kan ein gå så langt som å sei at Miljøverndepartementet har vore litt for feige, og ikkje stått hardt nok på at det er fagmiljøa, og ikkje lokaliseringa som er det viktigaste i denne prosessen. Tenkjer me attende på

organisasjonskartet for Jotunheimen og Rondane hugsar me at Rondane har eit forvaltningsknutepunkt og ein relativt strømlinjeforma organisering. Jotunheimen derimot, har delt forvaltningsknutepunkt, ein kan stille seg spørsmål ved om moglegheitene for eit sterkt fagmiljø rundt forvaltninga av parken ikkje ville vore større om ein hadde samlokalisert desse to forvaltarane. Men det er sjølv sagt andre omsyn som også spelar inn, som nærheit til publikum.

Intervjua viste at dei tilsette hjå fylkesmannen er svært positive til at den nye forvaltningsordninga inneber desentraliserte forvaltarar. Truleg er dette fornuftige innspel sidan det er dei som har kjend på kroppen korleis den daglege forvaltninga og sakshandsaminga har fungert til no. Forvaltarens desentraliserte plassering, samt at han nok får betre ressursar til å gå i dialog med lokalbefolkninga, være med på synfaringar osv, kan nok som intervjuobjektet påpeikar bli ein av dei største gevinstane ved den nye forvaltningsordninga. Frykta for at det vert for mykje press på ordførarane er nok litt ugrunna, det er nok noko dei er vande med i si rolle.

Ein ting som har vorte trekt fram som ein mogleg negativ fylgje av lokal forvaltning, også i evalueringsrapporten av forsøksordningane, er frykta for at den lokalstyrde forvaltninga vil bli meir liberal enn den statlege, ved at styra imøtekjem fleire dispensasjonssøknader osv. Kanskje ikkje overraskande stiller ordførarane, som vart intervjua, seg uforståande til denne frykta. Ein ordførar kommenterte at dei må jo fylgje det formelle rammeverket som ligg i naturmangfaldlova, verneforskrifter og forvaltningsplan, og difor ikkje har moglegheit til å være noko særleg meir liberale. Medan båe dei tilsette hjå fylkesmannen er bekymra for at nasjonalparkstyra vil etablere ein meir liberal forvaltningspraksis enn det fylkesmannen har praktisert.

7.2 Analyse av data sett opp mot kunnskapsgrunnlaget

Den tidlegare gjennomgangen av nokre relevante artiklar og fagrapportar kring verneområde og verdiskaping er ganske omfattande. Difor vert det her i analysen, kunn trekt ut og diskutert sentrale moment som er gjennomgåande/felles for fleire av dei presenterte artiklane/fagrapportane.

Det kom fram i intervjuet at nasjonalparkstyra og fylkesmannen oppfattar motorisert ferdsel som eit problemområde for verksemdene, dette samsvarar godt med dei svara Haukeland (2010) fekk då han intervjuet reiselivsverksemdar i området.

I tilknytning til at vanleg turaktivitet nok framleis er den mest populære aktiviteten i nasjonalparkane, er det fleire som hevdar, særleg Forberg (2009) at ivaretaking av infrastruktur som merking og tilrettelegging av stigar er heilt essensielt for lokal verdiskaping. Funna i intervjuet støttar oppunder Forberg sitt syn på at tilrettelegging er svært viktig for å sikre lokal verdiskaping kring nasjonalparkane. Dersom tilreisande vert meir og meir interessert i å gå kortare og meir tilrettelagde turar, vil nok dei nasjonalparkane som har slik tilrettelegging dra flest besøkande.

Kanskje litt overraskande er det at dei intervjuet medlemmene i nasjonalparkstyra, er minst like oppteken av at tilrettelegging er viktig for å kanalisere ferdsel og hindre naturslitasje, som at tilretteleggingar kan skape føretrinn for reiselivet. Dette samsvarer ikkje med kritiske røyster som fryktar at nasjonalparkstyra vil prioritere profitt for lokalt næringsliv høgare enn miljøvern. Intervjuobjekta vart også spurde om det kunne være eit alternativ å innføre inngangspengar eller avgifter til nasjonalparkane, slik ein såg i kunnskapsgrunnlaget at det har vorte gjort i andre land. Det var dei jamt over svært skeptiske til. Truleg er avgifter for å komme inn i nasjonalparkane heilt fånyttede i eit land som Noreg kor allemannsretten står så sterkt. Men det er mogleg, slik eit intervjuobjektet føreslår, at ein ved heilt spesielle attraksjonar som er mykje trafikkerte kan ta ei lite avgift. Truleg ville folk flest godta å betale for eksempel 20 kr for å gå på Galdhøpiggen, dersom dette inkluderer toalettfasilitetar, godt tilrettelagt stig og parkering.

I fleire av artiklane vert forvaltningsplanane for verneområda trekt fram som det viktigaste verktøyet for å sikre næringslivsinteresser og utviklingsmoglegheiter i og kring nasjonalparkane. Tidlegare har det vorte peikt på at naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplanane er dei viktigaste styringsdokumenta for nasjonalparkstyra og forvaltningane. Då me veit at av desse styringsdokumenta er det kun i forvaltningsplanane styra har reell moglegheit til å påverke innhaldet, vert det svært viktig å få næringslivsinteresser og utvikling inn i forvaltningsplanane. Ser ein på forvaltningsplanane for Rondane området og Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde er det

stor forskjell på korleis næringslivsinteresser og utviklingsmoglegheiter er vektlagt. I planen for Rondane området kan ein lese fylgjande:

"En forvaltningsplan skal kun definere rammene for bruken, skjøtselen og tilretteleggingen i verneområdene. Å belyse mulighetene for næringsutvikling er ikke et formål.." (side 11.)

Her står det svart på kvitt at næringsliv og utvikling i svært liten grad er inkludert i denne forvaltningsplanen. Det gjev truleg Rondane nasjonalparkstyre eit vanskeleg utgangspunkt dersom dei ynskjer å fokusere på slikt arbeid. Planen for Jotunheimen, som ligg inne hjå miljøverndepartementet for endeleg godkjenning, har mykje større fokus på næringsliv og då særleg reiseliv.

"..må målet være å bruke Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde som ein sentral del av (utviklinga av) reiselivet i regionen.."(side 88)

I planen for Jotunheimen er det endåtil skissert ei rekkje tiltak, som forvaltninga skal gjennomføre for å bidra til utvikling i og kring verneområda. Slik sett har Jotunheimen nasjonalparkstyre og forvaltninga her eit mykje betre utgangspunkt enn Rondane, for å arbeide med utvikling og lokal verdiskaping. Dette sidan planen for Jotunheimenområdet har reiseliv og næringsutvikling som eit fokusområde, medan fokus på reiseliv og næringsutvikling er nærast fråverande i Rondaneområdet sin forvaltningsplan.

Haukeland (2010) har intervjuat turistbedrifter i Jotunheimen og Rondane området. Han skriv at bedriftene er svært kritiske til prosessen rundt forvaltningsplanane, særleg går dette på manglande involvering av næringslivet. Bedriftene i Rondane opplever det som særleg problematisk at forvaltningsplanen legg til grunn sterke restriksjonar på organisert ferdsel, samstundes opplever bedriftene restriksjonar på oppkøring og merking av skiløyper som problematisk. For Jotunheimen kom det fram at ein del bedrifter er skeptiske til forvaltningas manglande strategi og kompetanse kring reiselivsutvikling.

Kanskje noko overraskande, er medlemmene i nasjonalparkstyra i stor grad einige i kritikken som Haukeland presenterer, også dei tilsette hjå fylkesmannen viser forståing for kritikken.

Det verkar som lokalpolitikarane deler synet til bedriftene Haukeland har intervjuat, om at involveringa i prosessen kring forvaltningsplanane var for dårleg. Men det er også viktig å få med at nasjonalparkstyremedlemmene for Jotunheimen påpeika at dei tykte tilsynutvala hadde sikra noko lokal involvering i planprosessen, om enn ikkje tilstrekkeleg.

For Rondane området viser eit av medlemmene i nasjonalparkstyret, klar sympati med synet som Haukeland presenterer om manglande involvering av lokale bedrifter i planprosessen. Det kan verke som bedrifter og lokalpolitikarar i området tykkjer reiselivet vart overkøyrde i planprosessen til forvaltningsplanen. Ein har også sett at reiselivet og næringslivsinteresser er lite representert den ferdige forvaltningsplanen for Rondaneområdet

I slike prosessar er det nok særst viktig å sikre seg at representantar som vert vald til å representere ei større gruppe (her reiselivet) har stor legitimitet og brei kontakt mot gruppa dei skal representere. Ut i frå utalingar i intervjuet, kan ein sei at fylkesmannen ikkje har kvalitetssikra dette godt nok, noko som kan ha førd til at reiselivet ikkje vart involvert i prosessen med revidering av planen for Jotunheimen og Utladalen på ein tilstrekkeleg måte.

Men det som er svært viktig å ta med her, er at planprosessane med forvaltningsplanane for både Rondane og Jotunheimen område føregjekk før den nye forvaltningsmodellen vart innført. Så sjølv om det er ein del misnøye, og det kan verke som om næringslivet ikkje har vore godt nok involvert, spelte verken Rondane eller Jotunheimen nasjonalparkstyre noko rolle i dei prosessane som vart køyrd. Som det går fram er det fylkesmannen som har sete i førarsete i utvikling og revideringa av forvaltningsplanane. Difor er det nok lurt for nasjonalparkstyra å ta med seg vidare at det i delar av reiselivet er noko misnøye rundt dei ferdige forvaltningsplanane og måten fylkesmannen dreiv prosessen. Men at det viktigaste no er å sjå framover, og sjå moglegheitene ved den nye forvaltningsmodellen. Korleis styra kan gjennomføre eventuelt nye planprosessar betre og klare å involvere og engasjere næringslivet på ein betre måte. Truleg bør ein ikkje henge seg for mykje opp i det som har vore, men heller prøve å få med seg reiselivet og resten av næringslivet på ein "ny frisk", kor ein nyttar dei moglegheitene som ligg ved lokal forvaltning til nettopp å få lokal involvering og engasjement. Til slutt må det poengterast at Jotunheimen nasjonalparkstyre i så måte nok har eit betre utgangspunkt for å jobbe med næringsliv og utvikling, gjennom ein meir framoverlent og inkluderande forvaltningsplan, enn den forvaltningsplanen Rondane nasjonalparkstyre har å forholde seg til. Det skal bli interessant å sjå om Rondane nasjonalparkstyre etterkvart ser seg nøydd til å revidere sin forvaltningsplan, med tanke på å betre inkludere næringslivsinteresser og utvikling som eit sentralt emne i planen.

7.3 Lokalt sjølvstyre for nasjonalparkstyra?

I teorikapittelet vert det presentert ein modell kor ein ved hjelp av variablane, *fridom til å fastsetje eigne mål og ta sjølvstendige avgjersler og fridom til å velje eigne verkemiddel*, kan vurdere graden av sjølvstyre. For nasjonalparkstyra vil graden av sjølvstyre avhenge av den reelle sjølvstyregraden dei har over verneområda dei er sett til å forvalte. Det kan jo tenkast at ein her har eit "skinndemokrati" kor det er andre aktørar som i røynda styrer verneområdeforvaltninga, medan nasjonalparkstyra kun *styrer på papiret*.

Det som er klart for nasjonalparkstyra, er at forvaltninga av verneområda er strengt regulert på førehand. Verneforskrifta og naturmangfaldlova skal fylgjast og gjev ikkje så mykje handlingsrom til sjølvstendige avgjersler. Når det gjeld dei formelle rammene er det forvaltningsplanen nasjonalparkstyra har mest råderett over sjølvve, men også denne skal endeleg godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning

Eit anna moment som har vore framme før og som intervjuobjekta nok opplever svekkar sjølvstyregraden, er det at forvaltarane er tilsette hjå fylkesmannen og ikkje direkte under styra. Men sjølv om fleire av intervjuobjekta er litt skeptiske til den reelle sjølvstyregraden til nasjonalparkstyra, gjeld ikkje dette alle. Eit av intervjuobjekta tykte forvaltningsordninga i seg sjølv inneber tilstrekkeleg sjølvstyre, såframt fylkesmennene ikkje blandar seg inn for mykje.

Som me tidlegare har sett er profilering eit område kor nasjonalparkstyra har noko råderett. Men det at styra, slik eit av intervjuobjekta seier det, kan være med å påverke og forme ting, tyder vel ikkje akkurat på eir reelt sjølvstyre, men nettopp rett til å vere med å påverke og forme. Noko som kanskje ikkje kan seiast å gå direkte på sjølvstyregraden, men på integriteten til styra, er at dei ikkje har moglegheit til å delegere kurrante saker. Ein kan tenkje seg at ei "spissing" av ansvarsområde, ved at styra kunne delegere kurrante saker til forvaltaren også ville bidra til å auke statusen til styra. Ikkje minst vil det nok ha noko å sei for motivasjonen til styremedlemmene. Men den faktoren som nasjonalparkstyremedlemmene særleg tykte svekka sjølvstyregraden, var det manglande økonomiske handlingsrommet.

Ser ein dette under eitt, må det seiast at den lokale forvaltningsmodellen ikkje inneber noko særleg høg grad av sjølvstyre for nasjonalparkstyra. Når det gjeld fridom til å fastsetje eigne mål og ta sjølvstendige avgjersle, vert denne fridomen sterkt svekka av verneforskriftene, naturmangfaldlova og for mange nasjonalparkstyre også forvaltningsplanen som er fastlagt på førehand. For faktum er at dei aller fleste nasjonalparkstyra (inkludert Jotunheimen og Dovre - Rondane nasjonalparkstyre), ikkje har vore involvert i prosessen med å lage forvaltningsplanar. For dei fleste verneområda vart forvaltningsplanane laga før dei nye styra vart konstituerte. Ein kan tenkje seg at for dei områda som ikkje allereie har forvaltningsplanar, kor styra får leie prosessen med å lage nye forvaltningsplanar for områda, vil oppleve noko høgare grad av sjølvstyre. Det manglande økonomiske handlingsrommet vil nok også avgrense fridomen til å ta sjølvstendige avgjersler, og då sjølvstyregraden.

Vidare har heller ikkje styra stor fridom til å velje eigne verkemiddel. Sjølv om denne fridomen er nok noko større. Styra står blant anna sentralt i arbeidet med å lage årlege tiltaksplanar, samt at informasjon og profilering er eit område styra har større råderett over. Men her igjen vil nok det økonomiske handlingsrommet svekkje fridomen til å velje verkemiddel. Slik kan ein sei at fridomen til å velje eigne verkemiddel under tvil er middels høg, medan fridomen til å fastsetje eigne mål og ta sjølvstendige avgjersler nok må seiast å være låg.

Set ein resonnementa over inn i modellen som vart presentert i teorikapittelet, ser ein at nasjonalparkstyra har ein låg grad av lokalt sjølvstyre. Noko også figuren under illustrerer.

	Fridom til å fastsetje egne mål og ta sjølvstendige avgjersler			
		Høg	Medium	Låg
Fridom til å velje egne verkemiddel	Høg	Høg-høg	Høg	Medium
	Medium	Høg	Medium	<u>Låg</u> Dovre-Rondane og Jotunheimen nasjonalparkstyre
	Låg	Medium	Låg	låg - låg

Figur 7.1 sjølvstyregrad for Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalparkstyre Kjelde: feltarbeid

7.4 Aktivitet i nasjonalparkane og opplevingsøkonomi

Både i kunnskapsgrunnlaget og teorikapittelet, i denne oppgåva, vert næring og verdiskapingspotensiale i og kring norske verneområde knytt til *opplevingsøkonomi*. Forberg (2009) hevdar at verdiskapingspotensialet tilknytt norske verneområde finst innanfor det han kallar *naturbasert opplevingsnæring*. Såleis var det interessant å sjå om medlemmene i nasjonalparkstyra har eksempel på verksemder i og kring nasjonalparkane, som baserer seg på opplevingsdimensjonane læring, underhaldning, estetikk og eskapisme for å skape meiningsfulle og gode produkt for kundane.

Me såg at det i båe områda førekjem ein del guida turar. At det i Jotunheimen er rundt 30 verksemder som driv kommersiell guideverksemd stemmer godt overeins med det Forberg (2009) hevdar, nemleg at verdiskapingspotensialet i verneområda ligg i naturbasert opplevingsnæring. Som i fylgje han omfattar naturbaserte opplevingar som ikkje forbrukar naturressursar, kor ein ved tilrettelegging, utstyr og kunnskap tek kundar med på opplevingar dei sjølve ikkje ville vore i stand til å utføre. Klassiske døme er brevandring, rafting, fjellklatring, tinderangling mm. Desse aktivitetane kan seiast å spele på opplevingsdimensjonane, men om ein ser på desse eksempla ser ein at dei kanskje spelar på ein eller to av dimensjonane. Til dømes kan rafting seiast å spele på eskapisme, ved at

kundane får eit kick av opplevinga. Medan brevandring kanskje er innom underhaldning og estetikk, i alle høve på ein godvêrsdag kor ein har estetisk utsikt over fjellområda.

Då intervjuobjekta vart bedne om å nemne aktivitetar eller tilbod som spelar på opplevingsdimensjonane, var det særleg arrangement og festivalar (som Vinjerock, og Fjellfilmfestivalen) som vart nemnd. Ein kan sei at fleirtalet av desse arrangementa spelar på alle fire opplevingsdimensjonane. Dei tilbyr læring i form av kurs og kulturell underhaldning, estetikk ved at arrangementa er lagt til naturskjøne område og eskapisme i form av spanande aktivitetar. Dei intervjuja frå Jotunheimen nasjonalparkstyret, samt frå fylkesmannen beskriv at det i dei seinare åra har vore ei stor auke i talet på slike arrangement men også i deltakartala på dei ulike arrangementa. Desse arrangementa skapar stor trafikk, og er viktige inntektskjelder for lokale reiselivsverksemdar, men også aktivitetsverksemdar i området sidan mange av desse vert leigde inn til å bidra under arrangementa.

Toppturar og tinderangling vart også nemnd som aktivitetar innanfor opplevingsnæringa, sjølv om dette ikkje er "guidestyrde" aktivitetar ser ein at desse aktivitetane i høgste grad spelar på opplevings dimensjonane. Sidan slikt friluftsliv, også kalla fjellsport, kan rekast som tilrettelagt gjennom guidebøker, internettforum, magasin mm. og stort sett legg att pengar hjå lokale verksemdar, bør sjølvstyrd fjellsport/tinderangling også reknast som ein del av den naturbaserte opplevingsnæringa, kor ein finn eit økonomisk verdiskapingspotensiale.

For Jotunheimen vert det også trekt fram eit prosjekt kalla Klimapark 2469, som eit døme på aktivitet kor ein freistar å spele på læring, underhaldning og estetikk for å dra kundar. Dette kan nok kallast eit ypparleg døme på det Forberg omtalar som *naturbasert opplevingsnæring*.

Me har sett at overraskande mykje av den næringsverksemda som føregår i nasjonalparkane og i randsonene kan kategoriserast som opplevingsnæring, og spelar på ein eller fleire av opplevingsdimensjonane beskrive av Pine og Gilmore. Dette kan være eit frampeik på at Forberg (2009) har rett i påstanden om at det er i *naturbasert opplevingsnæring* verdiskapingspotensialet til verneområda ligg. Men ser ein då på Forbergs definisjon av naturbasert opplevingsnæring, verkar det naturleg og i tillegg til dei aktivitetane og produkta han nemner, ta med større arrangement og festivalar som på ulike måtar spelar på

nasjonalparkane som døme på naturbasert opplevingsnæring i verneområda. Truleg bør også sjølvstyrtd tinderangling/fjellsport takast med som døme på naturbasert opplevingsnæring.

Men det er viktig å ikkje gløyme at desse nye tilskota innan naturbaserte opplevingsnæringar er avhengige av det tradisjonelle reiselivet i området. Utan dei tradisjonelle overnattingsstadene, hadde ikkje desse nye tilboda hatt eit grunnlag for å vorte utvikla.

Fleira av arrangementa og festivalane som vart nemnde her, er avhengige av friviljug arbeid og friviljuge organisasjonar for å kunne gjennomførast. Som me skal sjå i neste underkapittel er friviljug sektor sentrale interessentar til nasjonalparkane

7.5 Interessentanalyse for Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark

I teorikapittelet vert ein interessent definert *som ei gruppe eller individ som vert påverka eller kan påverke ein organisasjon sine prestasjonar, handlingar og avgjersler*. På spørsmål om kven som er viktige interessentar til Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark nemner altså intervjuobjekta: allmenheita, lokale reiselivsverksemder, Den Norske Turistforeining (DNT), grunneigarar, andre friviljuge organisasjonar som idrettslag og Røde Kors, jakt og fiskeinteresser, landbruk, arrangement, Nasjonal turistveg Rondane og kommunane.

Kommunane som interessent verkar det lite hensiktsmessig å ta med vidare i ei interessentanalyse. Dette fordi ordførarane sit i nasjonalparkstyra som kommunale representantar, samt at representantar frå administrasjonen i kommunane sit i administrativt kontaktutval (jamfør organisasjonskart figur:2.2 og 2.3). På denne måten er kommunane ein inkludert del av nasjonalparkstyra og forvaltninga, og kan difor ikkje reknast som ein interessent. Når det gjeld Nasjonal turistveg Rondane vert denne interessenten heller ikkje vektlagt i analysen. Dette fordi intervjuobjekt som nemnde denne interessenten ikkje på nokon måte utdjupa denne interessentens rolle. Det har heller ikkje kome fram informasjon om denne interessenten elles i intervju , det er difor vanskeleg å analysere Nasjonal Turistveg Rondane si rolle noko vidare.

Vidare vert det viktig å ta med seg at interessentane slik dei er lista opp ovanfor, er interessentar som intervjuobjekta namngav på direkte spørsmål under intervju. Ein kan

tenkje seg at ein i slik intervjusituasjon kan ein lett gløyme å nemne interessentar eller at ein gløymer/ unnlét å utdjupe deira rolle. Det synes ikkje tilstrekkeleg å berre nytte intervjuobjektas opplisting, for å avgjere kven som er dei viktigaste interessentane nasjonalparkstyra må ta omsyn til i sitt arbeid. Det vert difor med bakgrunn i interessentteori gjort ei utdjupande interessentanalyse.

I teorikapittelet såg me at ein i fylgje Mitchell et. Al. (1997) kan avgjerde kva interessentar som har størst innflytelse på eller vert mest påverka av organisasjonens handlingar og avgjersler ved å sjå på :

- 1) Interessentane si makt til å påverke institusjonen/organisasjonen.
- 2) Grad av legitimitet i forholdet mellom interessenten og institusjonen/organisasjonen.
- 3) Viktigheita/nødvendigheita av interessenten si fordring i og til institusjonen/organisasjonen.

Med bakgrunn i desse variablane og opplistinga til intervjuobjekta, er det sett opp ei matrise (sjå neste side) for ein utdjupande interessentanalyse. Ut i frå matrisa ser ein at lokale reiselivsverksemder og DNT heilt klart er sterke og viktige interessentar til nasjonalparkane. Både interessentane har medlemmer i dei *fagleg rådgjevande utvala* til nasjonalparkstyra. Vidare er det verd å nemne at sjølv om blant anna Haukeland (2010) påpeikar eit anstreng forhold mellom verneområdeforvaltninga og det lokale reiselivet, er det grunn til å tru at dette vil betre seg no med den nye forvaltningsmodellen. Dette særleg fordi det mellom dei to partane rår gjensidig avhenge. Ordførarane som sit i styra er nok svært beviste på kor viktig inntektskjelde reiselivet er for lokalsamfunna. Likeeins er reiselivet avhengige av å få imøtekome dispensasjonssøknader ol, men ikkje minst at nasjonalparkstyra freistar å bidra til at nasjonalparkane er noko reiselivet kan nytte som ein konkurransefordel.

Interessentar (Rangert i viktighet etter intervjuobjektas syn)	Makt til å påverke organisasjonen	Grad av legitimitet i forholdet mellom interessent og organisasjonen	Viktighet av interessentens fordring i og til organisasjonen
Allmennheita (6 av 6) (tradisjonelt friluftsliv og ferdsl, både lokale og besøkande)	Lite kontakt mellom den "vanlege mannen i gata" og forvaltinga.	Høg grad av legitimitet, bruk er sikra gjennom allemannsretten.	Stor viktighet, rett til å nytte verneområda til friluftsliv.
Lokale (5 av 6) reiselivsverksemdar (overnatting og aktivitetsverksemdar)	Representert i <i>Fagleg rådgjevande utval</i> , samt lobbyverksemd overfor lokalpolitikarar.	Middels, forholdet mellom forvaltinga og lokalt reiseliv har tradisjonelt vore noko anstrenga (jamfør artikkel til Haukeland 2010).	Stor, avgjersler kring søknader osb. har mykje å sei for reiselivsverksemdene. Reiselivet viktig inntektskjelde for lokalsamfunna.
Den Norske (4 av 6) Turistforeining	Høg gjennom representert i <i>Fagleg rådgjevande utval</i> , samt lobbyverksemd overfor byråkrati, sentral og lokalpolitikarar.	Stor i kraft av DNT sine samfunnsnyttige bidrag.	Stor i kraft av DNT sine samfunnsnyttige bidrag, td. Stigrydding. DNT er elles avhengige av eit godt samarbeid med forvaltninga.
Grunneigarar (4 av 6) (Private grunneigarar, statskog, allmenningar)	Har noko makt til å påverke gjennom tilsynsutvala for Jotunheimen, uvisst for Rondane	Middels	Middels
Andre friviljuge (2 av 6) organisasjonar (Idrettslag og Røde Kors hjelpekorps)	Lite	Høg, dette vert sett på som samfunnsnyttige organisasjonar.	Høg, laga må søkje om løyve til organisert aktivitet i verneområda samt organisasjonanes samfunnsnyttige aspekt.
Jakt og fiske (2 av 6)	NJFF representert i <i>Fagleg rådgjevande utval</i>	Høg, tradisjonell bruk av verneområda	Middels, oppretthald av artsmangfald
Landbruk (2 av 6)	Lite	Middels, høg i forhold til tradisjonell bruk, men låg i forhold til moderne landbruk.	Varierende
Arrangement (1 av 6) (Jotunheimen)	Lite	Middels, kan representere inntekter for reiseliv og lokalsamfunnet elles.	Høg for arrangørane sin del som er avhengige av å få imøtekomne søknader.
Kommunane + Nasjonal turistveg Rondane(1 av 6)	-	-	-

Figur 7.2 Interessentmatrise for Jotunheimen og Rondane området Kjelde: feltarbeid

Det som er noko oppsiktsvekkande ved ei av utsegna i data presentasjonen, er at informanten tykkjer at forutan DNT står dei andre interessentane til verneområda svært svakt. Sidan dette er ei uttaling som kjem frå eit av medlemmene i nasjonalparkstyret, bør nok dette styret sikre at lokale interessentar si stemme kan vert høyrd betre i forvaltnings augnemed. Involvering av lokale interessentar er nok noko andre nasjonalparkstyre også bør

tenkjer på. Alle interessetane meinte at allmennheita var ein viktig interessent, og kopla dette opp mot allemannsretten og folks rett til fri bruk av verneområda. Sjølv om allmennheita som interessent har ein høg grad av legitimitet, i rett til bruk, tradisjonar for friluftsliv osv, har nok allmennheita som ei uorganisert samling av enkeltpersonar svært lite makt til å påverke verneforvaltninga. Grunneigarar er ein anna interessent som manglar makt til å påverke. For Jotunheimen ser ein at modellen med tilsynsutvala tek noko omsyn til medverking frå grunneigarane. Medan ein i enkelte nasjonalparkstyre har store grunneigarar som sit i styra, som Skjåk Allmenning som sit i Breheimen nasjonalparkstyre, kan det verke som grunneigarane er ein interessent med relativt lite innverknad. Det kan nok seiast at forvaltingsmodellen slik den er lagt opp, har vanskeleg for å sikre medverknad for ei så stor og divergert gruppe (jamf. Også Falleth og Hovik 2008).

Jakt og fiskeinteresser er ei interessentgruppe som ikkje fleire enn to av seks av intervjuobjekta nemnde, men som faktisk har relativt stor innverknad ved at dei er representert i *fagleg rådgjevande utval* for både områda gjennom Norsk Jeger og Fiskerforbund (NJFF). For landbruket sin del er det ut i frå intervjua grunn til å tru at tradisjonelt landbruk i form av beiting, slått, sanking osv. har høg grad av legitimitet. Medan meir moderne landbruk som krev utbyggingar og bruk av større maskiner ikkje har høg legitimitet i forhold til vernet. Til slutt kan ein merke seg at sjølv om, fleire av intervjuobjekta er opptekne av arrangement og festivalar i nasjonalparkane, var det berre ein av seks som nemnde arrangement/arrangørar som viktige interessentar. Ein kan tenkje seg at dette er fordi nokre av intervjuobjekta ser på arrangementa som ein del av reiselivet, eller som tidlegare vart påpeika at det rett og slett fall ut då dei vart bedne om å liste opp viktige interessentar. Likevel kan ein ut i frå tidlegare diskuterte utsegn, nok slå fast at arrangement og festivalar er ein interessent av noko betyding, sidan dei bringer med seg betydelege inntekter for det lokale næringslivet. Det er viktig å ta med seg at i forhold til arrangement og festivalar står nok Jotunheimen nasjonalpark, samt nokre andre kjende fjellområde i Noreg i særstilling. Festivalar og arrangement er nok ikkje eit fenomen som kan overførast direkte til alle nasjonalparkar i Noreg.

I kunnskapsgrunnlagskapitlet vert det av fleire hevda at DNT har ei særstilling innan norske verneområde og verneområdeforvaltning. Det vert også hevda at reiseliv og andre lokale aktørar reagerer svært negativt på denne særhandsaminga av DNT.

Ein kan altså sei at intervjuobjekta uttrykte ein viss skepsis til makta DNT har innanfor verneområda. Men at DNT på ei anna side bidreg med mykje, særleg i form av tilrettelegging, og på den måten er gull verdt for forvaltninga. Konklusjonen vert nok at nasjonalparkstyra må være observante på rolla DNT spelar, og sjå til at dei ikkje får særhandsaming som går utover eller hemmar konkurransekrafta til det lokale reiselivet.

Interessentanalysen for Jotunheimen og Rondaneområdet vert freista presentert grafisk i figuren under. Det syntest ikkje naudsynt å lage ein figur for kvart av områda, sidan analysen viser at dei to områda i all hovudsak har dei same interessentane. Det som er noko merkeleg er at naturvernforbundet er representert i dei *fagleg rådgjevande utvala*, men ikkje nemnd som ein interessent av nokon av intervjuobjekta. Dei er likevel teke med i figuren under, på grunn av innverknaden dei har som medlem av utvala.



* Kun Rondane
Kun Jotunheimen

Figur 7.3 interessentanalyse for Jotunheimen og Rondane - Dovre nasjonalpark Kjelde: feltarbeid

7.6 innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane

Som me såg i teorikapittelet vert innovasjon ofte definert som nye produkt, produksjonsmetodar, marknader, innsatsfaktorar eller ny organisering av bransjar, som er av betyding for den økonomiske utviklinga. I intervjuet vart intervjuobjekta spurde om dei kunne kome på eksempel kor verksemdar har klart å skape nye produkt, nye produksjons eller organisasjons metodar eller innteke nye marknader, i eller kring nasjonalparkane.

Ein såg i data presentasjonen at det er arrangement og festivalar som vert nemnt av intervjuobjekta som innovasjonar i og kring nasjonalparkane. Desse arrangementa og festivalane som spelar på kultur og moderne friluftsliv, kan seiast å være innovasjonar med bakgrunn i nye kombinasjonar/koplingar. Dei har utvikla eit nytt type produkt til sine festivalgjester ved å kombinere to segment, kultur og moderne friluftsliv, som tidlegare ikkje har vore ei kjend kopling. Vidare kan ein også kalle desse arrangementa *marknadsinnovasjonar*, ved at dei i løpet av eit tiår har bidrege til framveksten av, og kapra den nye moderne friluftslivs marknaden. Det at arrangementa spelar på fleire av opplevingsdimensjonane stemmer også godt overeins med tidlegare diskuterte funn, om at vekst og verdiskapingspotensiale for næringsverksemd i verneområda finst innanfor sektoren som vert kalla *opplevingsøkonomi*. Ein kan også sei at desse arrangementa ber preg av å være *inkrementelle innovasjonar* sidan fleire av arrangementa sidan oppstarten på byrjinga av 2000 -talet (sjå vedlegg 2), gradvis har vakse i tal på deltakarar og stegvis har utvikla nye tilbod dei siste åra.

I teorien vart det også drege eit (kanskje litt konservativt) skilje mellom entreprenørskap og etablerarar. Entreprenørar vart beskrivne som individ eller grupper som startar opp ei ny verksemd med utgangspunkt i nokon nytt for marknaden (innovasjon), og etablerarar som nokon som startar opp ei ny verksemd utan at etableringa inneber nyskaping.

På spørsmål om intervjuobjekta kunne kome på nystarta innovative verksemdar, kor nasjonalparkane har spelt ei rolle, vart berre Klimapark 2469 AS nemnd som døme. Denne verksemda kan seiast å tilby eit nytt type produkt, kor dei kombinerer kunnskap om klimaendringar og nedsmelting med naturopplevingar og turguiding. Som tidlegare vart diskutert kan Klimapark 2469 AS seiast å også spele på fleire av dei fire opplevingsdimensjonane, og kan såleis seiast å være nyskapande ved å selje kunnskap med

opplevingsdimensjonen som ramme. Elles kom det også fram at det har kome til ei rekkje nyetablerte aktivitets og turguidingsverksemdar. Men desse nyetableringane med tilbod innan meir tradisjonell tur og fjellguiding, representerer lite nytt og kan nok ikkje seiast å være entreprenørielle etableringar.

Ein kan sei at dei verksemdene som her vert nemnde som nystarta verksemdar, kan kategoriserast under det Forberg (2009) definerer som naturbasert opplevingsnæring. Men nok ein gong er det viktig å presisere at den største næringa innanfor nasjonalparkane og i randsona nok er tradisjonelle overnattingsverksemdar, med det meinast både private turisthytter og DNT sine hytter. Det det her er snakk om er at innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane i all hovudsak nok vil finne stad innanfor opplevingsnæringa. Men at desse nye verksemdene, produkta og arrangementa er heilt avhengige av det tradisjonelle reiselivet som fasilitator, for å kunne tilby opplevingane dei tilbyr. Aktivitets og opplevingsverksemdar er heilt avhengige av stader kor kundane kan overnatte og ete, for at dei kan tilby opplevingane dei tilbyr.

Som nemnt fleire gonger gjennom oppgåva beskriv Forberg (2009) tre typar av innovasjon han meiner kan førekome i og i tilknytning til nasjonalparkane, innanfor det han kallar naturbasert opplevingsnæring:

- ❖ *Ressursbasert innovasjon*: utvikling av naturbasert opplevingsnæring basert på tradisjonell matauk som jakt og fiske.
- ❖ *Remediebasert innovasjon*: utvikling av naturbasert opplevingsnæring med utgangspunkt i utstyr og reiskapar, t.d. rafting, brevandring mm.
- ❖ *Mediebasert innovasjon*: utvikling av naturbasert opplevingsnæring med utgangspunkt i kultur eller konstruerte naturopplevingar som t.d. utekonsertar, spel, teater mm.


Med bakgrunn i diskusjonen kring opplevingsøkonomi, interessentanalysen og no diskusjonen kring innovasjon og entreprenørskap, kan eg langt på veg sei meg einig i Forberg sine slutningar. Feltarbeid til denne oppgåva viser at *remediebasert innovasjon* truleg kan finne stad i tilknytning til verneområda. Men som utsegna og diskusjonen over viser er det nok meir sannsynleg at det her er snakk om *remediebaserte etableringar*, utan den store innovasjonsgraden. Intervjuobjekta peikar på nye verksemdar innan guiding, safariar og andre aktivitetar, men her er truleg altså innovasjonsgraden låg. På den andre sida kan ein

sei at undersøkingane avdekkjer døme på det Forberg kallar *mediebasert innovasjon*. Framveksten av arrangement, festivalar og td. Klimapark 2469 AS kan seiast å være mediebasert innovasjon. Det som eg i intervjuet ikkje fann døme på er nyskaping basert på tradisjonell matauk som jakt og fiske, det Forberg definerer som *ressursbasert innovasjon*.

Men nok ein gong må det likevel påpeikast at den største verdiskapinga i og kring nok skjer i dei tradisjonelle overnattingsverksemdene, og at dei nye verksemdene og tilboda er avhengige desse som allereie er godt etablerte. Dei nye tilboda som kan komme til innan naturbasert opplevingsnæring er altså avhengig av eit godt samspel med dei tradisjonelle overnattingsstadene. Likeeins kan desse nye tilboda innan mediebasert innovasjon og mediebasert og remediebaserte etableringar, trekkje nye og fleire kundar til dei godt etablerte, slik kan ein oppnå ein vinn vinn situasjon mellom dei nye og dei etablerte tilboda.

I teorikapitlet vert triple-helix modellen presentert som ein forklaringsmodell for innovasjon og entreprenørskap. Modellen inneber at godt samarbeid og interaksjon mellom offentleg sektor, forskning og utviklings sektoren og næringslivet legg grobotn for innovasjon og entreprenørskap.

Her og i dei to føregåande underkapitla har det vorte beskrive korleis den friviljuge sektoren spelar ei sentral rolle i oppblomstringa av arrangement og festivalar i og kring verneområda. Vidare har det vorte beskrive korleis den friviljuge sektoren, og då særleg DNT, er ein svært mektig interessant i verneområda. Skal ein nytte triple-helix modellen som ein forklaringsmodell for entreprenørskap og innovasjon i og kring verneområda, synes det difor naudsynt å utvide denne modellen til ein quadruple helix-modell kor den friviljuge sektoren også vert innlemma. For Rondane og Jotunheimen, som er fokusområde i denne oppgåva, er det særleg DNT som står i ein sentral posisjon. Men som tidlegare nemnt er også friviljuge organisasjonar som idrettslag, Røde Kors, Naturvernforbundet og Norsk Jeger



og Fiskerforbund, viktige interessentar innanfor verneområda. Ser ein dette under eit har ein gode argument for å sei at aktørane innan den friviljuge sektoren må inkluderast for å få fram innovasjon og entreprenørskap i verneområda. Som forklaringsmodell på innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane, vert det altså foreslått å utvide triple-helix modellen til ein quadrupel-helix modell. Til samanlikning har Telemarksforsking i ein rapport om landskap og verdiskaping (Hakeland red. 2010) gjort same vurderinga. Dei skriv der at for landskap og verdiskaping er friviljug sektor ein sentral faktor, og at ein difor for dette fagfeltet kan snakke om ein quadrupel -helix modell.

7.7 Framtidsutsikter og verdiskapingspotensiale

I dette siste underkapittelet tek forfattaren seg fridom til å komme med betraktningar noko lausreve frå teori og kunnskapsgrunnlag, om framtidsutsiktene til verneforvaltninga og verdiskapingspotensialet knytt til nasjonalparkane.

I datapresentasjonen såg me at intervjuobjekta var negative til at nasjonalparkstyra har fått eit mandat som i svært liten grad omhandlar å arbeide med næringsutvikling og verdiskaping. Innanfor gjeldane lover og reglar kunne nok styra litt på eiga hand gjort tiltak for å bidra til verdiskaping, men dette vert på si side vanskeleg når styra rår over minimalt med eigne frie midlar. Med bakgrunn i dette vert det naturleg å setje eit stort spørsmålsteikn ved fylgjande: Når det er eit uttalt mål frå sentralpolitisk hald å auke verdiskapinga rundt verneområda i Noreg, kvifor set ein då i verk ei så stor omvelting som det er å innføre denne kostbare nye forvaltningsordning, utan å gje styra som skal leie den nye ordninga mandat eller midlar til å drive utviklingsarbeid? Det verkar tydeleg at avgrensingane nasjonalparkstyra opplever i formelle rammer og den økonomiske situasjonen, fører til at dei har eit svært avgrensa handlingsrom når det kjem til verdiskaping. Dette kan igjen tenkjast å svekke verdiskapingsmoglegheitene i og kring nasjonalparkane, sidan leiande forvaltningsorgan har få verkemiddel og få moglegheiter til å setje i verk stimulerande tiltak.

Tidlegare under emnet sjølvstyre vart ein av ordførarane sitert på at Direktoratet for naturforvaltning ikkje er viljuge til å gje frå seg makt til nasjonalparkstyra. Slik situasjonen er no, kan Direktoratet for naturforvaltning seiast å være dei einaste med eit klart mandat og

midlar til å drive utviklingsarbeid i og kring verneområda, gjennom *Verdiskapingsprogrammet for naturarven*. Medlemmene i nasjonalparkstyra signaliserer klart at dei kunne tenkje seg å få ei meir aktiv rolle i utviklingsarbeid, med mandat og midlar. Spørsmålet er då om det er Direktoratet for naturforvaltning som tviheld på denne rolla, eller om det også finst andre proppar i systemet som hindrar nasjonalparkstyra å jobbe med utviklingsarbeid. Uansett er Miljøverndepartementet det øvste organet som her må skjere igjennom, og gje nasjonalparkstyra det handlingsrommet dei treng for å bidra til utvikling i og kring nasjonalparkane.

Som tidlegare også har vore nemnt, er styremedlemmene misfornøygde med at dei ikkje får delegere kurrante saker til forvaltarane. Det kan nok vera uklokt att nasjonalparkstyra vert sett til å gjere altfor mykje rutinearbeid. Om styra ikkje får jobbe med ting dei tykker er interessant, kan ein sjå for seg at engasjementet til medlemmene minkar og statusen til styra forvitrar. Ordførarar har nok stort sett ein svært travel kvardag, men skal denne forvaltningsmodellen fungere er ein avhengig av at ordførarane prioriterer nasjonalparkstyrearbeidet. Ein kan difor tenkje seg at framtidsutsiktene til denne lokale forvaltningsmodellen vert svekka, dersom styrearbeidet ber preg av for mykje rutinearbeid og ikkje er interessant og utfordrande.

Ein interessant synsvinkel som kom fram i intervjua er det at me no i Noreg har kome i gang med å foredle nasjonalparkane våre, slik at den kan presenterast meir som eit produkt. Dette stemmer overeins med det som vart presentert i kunnskapsgrunnlaget, at tilrettelegging og infrastruktur er essensielt for at ein kan oppnå lokal verdiskaping i og kring verneområda. Forberg (2009) hevdar også at tilrettelegging og infrastruktur i parkane er det viktigaste ein kan gjere for å bidra til økonomisk verdiskaping.

Eit anna moment som intervjuobjekta trur kan verke positivt på verdiskapinga er at lokalbefolkninga og næringsliv kjem nærare avgjerslene. Det har tidlegare vore nemnt at det truleg har ein positiv effekt at forvaltarane vert sittande i lokalsamfunnet og difor er svært tilgjengelege og lette å få tak i for lokalbefolkninga. Men ein må jo hugse at det kan vere relativt store avstandar mellom forvaltarane og enkelte lokalsamfunn. Her kjem nasjonalparkstyremedlemmene inn og spelar ein viktig rolle som lokal representant for forvaltninga. Med nærleiken til både forvaltarane og styremedlemmene kan ein nok oppnå

betre kommunikasjon med lokale interessentar enn det fylkesmannen har klart, noko som verkar særleg viktig i planprosessar. Det kan nok også tenkast at nasjonalparkstyra med sin lokalkunnskap kan føre ein mindre konfliktfylt dialog med lokale interessentar, og at dette samla sett kan føre til eit betre grunnlag for lokal verdiskaping. Det kjem også fram at styremedlemmene har stor tru på at dei kan drive eit positivt haldningsskapande arbeid, og at dei kan oppnå meir lokal aksept for vernet enn det fylkesmannen har klart. Det er nok ikkje usannsynleg at nasjonalparkstyra ved betre kommunikasjon, nærheit til lokalbefolkninga og haldningsskapande arbeid kan oppnå betre aksept for vernet, og med det skape ein betre grobotn for lokal økonomisk verdiskaping.

Til slutt vart intervjuobjekta spurde om dei trur det finst eit verdiskapingspotensiale av eit vist omfang knytt til nasjonalparkane. På dette svara alle unison, ja det trur eg! Men ingen hadde konkrete døme eller tankar rundt kva dette verdiskapingspotensiale består i. Tidlegare var det framme at nasjonalparkane er eit kvalitetsstempel som kan nyttast i marknadsføring av områda, og det er tydeleg at intervjuobjekta har tru på at turismen i nasjonalparkane vil auke, men dette med verdiskapingspotensiale til nasjonalparkane er i det heile er noko uklart. Omfanget av verdiskapingspotensiale til nasjonalparkane i Noreg verkar å være ganske uklart og lite utreda, å undersøkje dette nærare ville vore eit svært spanande utgangspunkt for eit nytt forskingsarbeid.

7.8 Avsluttande diskusjon

Utgangspunktet for denne oppgåva er at ein ynskjer å vurdere om lokal forvaltning kan bidra til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane. Nasjonalparkstyra er forvaltningsmynde for nasjonalparkane, og det har tidlegare vorte argumentert for kor sentralt nasjonalparkstyra står i den lokale forvaltningsmodellen for verneområda i Noreg. For å kunne svare på fylgjande problemstilling:

Kan lokal forvaltning av nasjonalparkar bidra til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane?

Vert hovudfokus i oppgåva, å kartleggje nasjonalparkstyra sine moglegheiter til å bidra til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane.

Hovudfunna i oppgåva som talar for at lokal forvaltning kan bidra til auka økonomisk verdiskaping er fylgjande: Desentraliserte forvaltarstillingar i kombinasjon med lokalpolitikarar i styra, vil kunne sikre breiare og betre kontakt med lokale interessentar. Det er også sannsynleg at den nye modellen kan føre til betre involvering av lokale interessentar, særleg i planprosessar.

Hovudfunna i oppgåva som talar imot at lokal forvaltning kan bidra til auka økonomisk verdiskaping er fylgjande: nasjonalparkstyra har ikkje formelt eit mandat til å drive utviklingsarbeid i nasjonalparkane. Sjølvstyregraden til styra verkar også å være låg, makta verkar framleis å liggje hjå Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning. Fylkesmennene har framleis også noko makt, sidan dei er klageinstans for alle sakene styra behandlar og har arbeidsgjevaransvar for nasjonalparkforvaltarane. Vidare gjev verneforskrifter, naturmangfaldlova og fastlagde forvaltningsplanar styra lite handlingsrom. Styra disponerer lite eigne midlar, og har difor også dårleg økonomisk handlingsrom. Samla sett ser det ut som nasjonalparkstyra har få verkemiddel og eit svært avgrensa handlingsrom, som munnar ut i at styra har avgrensa moglegheiter til å kunne bidra til auka økonomisk verdiskaping. Kombinert med at verneforvaltning er eit komplekst felt med mange interessentar å ta omsyn til, leier dette fram til fylgjande konklusjon.

Med bakgrunn i desse hovudfunna kan ein sei at, på grunn av nasjonalparkstyras manglande mandat og handlingsrom, er det lite truleg at lokal forvaltning av nasjonalparkane for Jotunheimen og Rondaneområdet kan føre til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane.

Bak konklusjonen ligg det ei vurdering av at dei positive funna, betre kontakt med og involvering av lokale interessentar, ikkje er overtydande og tunge nok til å påverke konklusjonen i retning av at lokal forvaltning kan bidra til auka økonomisk verdiskaping. Konklusjonen bekreftar også langt på veg dei førehandsforståingane som vart presentert i innleiinga, at nasjonalparkstyra kan spele ei rolle for lokal verdiskaping, men at denne rolla er lite vektlagt i lover og formelle rammevilkår, og at styra ikkje har nok makt, sjølvstyre og økonomiske ressursar til å bidra noko særleg til lokal verdiskaping.

Med den opne og fleksible problemstillinga som vart lagt til grunn, har det gjennom undersøkingane også kome fram interessante funn som ikkje svarar direkte på

problemstillinga. Som det vart beskrive i metodekapittelet kan funn frå djupneintervju, som i desse undersøkingane, i svært liten grad generaliserast til populasjonen. Men det er forfattarens vurdering at data dannar eit godt nok grunnlag, til å kunne gje nasjonalparkstyra nokre generelle anbefalingar. Dersom styra ynskjer å bidra til auka økonomisk verdiskaping i og kring nasjonalparkane, er fylgjande punkt viktige, og nasjonalparkstyra bør:

Sjå til at forvaltningsknutepunkta held høgt fagleg nivå og prioritere å samlokalisere forvaltarane i eit forvaltningsknutepunkt.

Prioritere forvaltningsplanane som verktøy, sikre at næringsliv og næringsinteresser er eit prioritert emne i forvaltningsplanen, samt sikre god involvering av lokale interessentar i planprosessen.

Prøve å byggje oppunder det som verkar å være ei positiv utvikling innan naturbasert opplevingsnæring i og kring nasjonalparkane, sidan det her truleg ligg eit stort vekstpotensiale.

Prioritere infrastruktur og informasjonsarbeid i og kring nasjonalparkane.

Sikre brei involvering og god kommunikasjon med alle lokale interessentar, og sjå til at DNT ikkje får særhandsaming som svekkar konkurranseevna til lokalt næringsliv.

Denne oppgåva har også teke mål av seg å være hypotesegenererande.

Ei aktuell hypotese for vidare undersøkingar kring emnet kan være: Innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane skjer i hovudsak innan naturbasert opplevingsnæring ved remediebasert og mediebasert innovasjon.

Ei anna hypotese for vidare undersøkingar kan være: Den Norske Turistforeining er ein svært sentral aktør i nasjonalparkane i Noreg. Som forklaringsmodell for innovasjon og entreprenørskap i nasjonalparkane, bør ein difor utvide den velkjende triple-helix modellen til ein quadrupel-helix modell kor friviljug sektor også er inkludert.

Litteratur

- Aas, Øystein, Haaken M. Christensen, Dagmar Hagen, Hanne Haaland og Mette Marie Heiberg (2006): *Turistbedrifter I og rundt norske verneområder. Aktiviteter, utviklingstrekk, naturbruk, miljøtiltak, muligheter og utfordringer sett fra turistbedriftenes synspunkt*. NINA rapport 141 a
- Boswijk, Albert, Thomas Thijssen, og Ed Peelen (2007): *The experience economy, a new perspective*. Persons Education. Amsterdam
- Breiby, Monica A. (2009): *Innovasjoner I opplevelsesbasert reiseliv*, i Teigen, Mehmetoglu og Haraldsen (red) (2009): *Innovasjon, opplevelser og reiseliv*. Fagbokforlaget. Bergen.
- Corbin, Juliet og Anselm Strauss (2008): *Basics of qualitative research*. Sage publications
- Deakins, David og Mark Freel (2003 4th edition): *Entrepreneurship and small firms*. The MCGraw-Hill Companies
- Denstadli, Jon Martin, Kreg Lindberg og Odd Inge Vistad (2010): *Stakeholder Consensus Regarding Trail Conditions and Management Responses: A Norwegian Case Study*, *Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism*, 10:3, side 358-374
- Direktoratet for naturforvaltning (2010): *Forvaltning av verneforskrifter*. Trondheim
- Direktoratet for naturforvaltning (2010): *Handbok for områdevern og forvaltning*. Handbok nr 17. 2001, oppdatert september 2010
- Engen, Marit og Mehmet Mehmetoglu (2009): *Opplevelsesdimensjoner og deres betydning for besøkendes tilfredshet i en reiselivskontekst*, i Teigen, Mehmetoglu og Haraldsen (red) (2009): *Innovasjon, opplevelser og reiseliv*. Fagbokforlaget. Bergen.
- Fagerberg, Jan, David. C. Mowery og Richard. R. Nelson (2005): *The Oxford Handbook of Innovation*. Oxford: Oxford University Press.
- Falleth, Irene og Sissel Hovik (2008): *Lokal forvaltning av store verneområde, erfaringer fra fire forsøk*. NIBR - rapport 2008:11
- Finansdepartementet (2002-2003): *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003*: Miljøverndepartementet St. prp. Nr. 65 2002-2003, punkt 3.13.E . Den såkalla "Fjelltekseten"
- Forberg, Sæbjørn (2009): *Statleg arealvern og loka verdiskaping*, i Teigen, Mehmetoglu og Haraldsen (red) (2009): *Innovasjon, opplevelser og reiseliv*. Fagbokforlaget. Bergen.

- Fredman, Peter & Liisa Tyrväinen (2010): *Frontiers in Nature-Based Tourism*, Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism, 10:3, side 177-189
- Fredman, Peter & Tyrväinen, Liisa (2010): *Frontiers in Nature-Based Tourism*. Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism, 10:3, side 177-189
- Fylkesmannen i Oppland og fylkesmannen i Hedmark (2009): *Forvaltningsplan for de store verneområdene i Rondane*
- Fylkesmannen i Sogn og fjordane og fylkesmannen i Oppland (2008): *Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde*. Fylkesmennene si tilråding etter høyring.
- Glosvik, Ø. Teigen, H. og Nordgreen, R. (1996): *Landbruksforvaltninga - mellom stat og kommune*. Vestlandsforskning - rapport nr. 4/96. Sogndal. (Østlandsforskning)
- Gripsrud, Geir, Ulf Henning Olsson og Ragnhild Silkoset. 2004: *Metode og dataanalyse*. Høyskoleforlaget AS
- Haukeland, Jan Vidar (2011): *Tourism stakeholders' perception of national park management in Norway*. Journal of sustainable tourism vol 19 no 2. Side 133-153
- Haukeland, Jan Vidar, Berit Grue and Knut Veisten (2010): *Turning National Parks into Tourist Attractions: Nature Orientation and Quest for Facilities*, Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism, 10:3, side 248-271
- Haukeland, Per Ingvar (red) (2010): *Landskapsøkonomi, bidrag til bærekraftig verdiskaping, landskapsbasert entreprenørskap og stedsutvikling*. Telemarksforsknings rapport nr 263.
- Heiberg, Mette Marie, Hagen, Dagmar og Christensen, Hakken M. (2006): *Rammebetingelser og handlingsrom for næringsutvikling i verneområder*. NINA rapport 143
- Heiberg, Mette Marie, Hakken M. Christensen og Øystein Aas (2005): *Turisme i verneområder*. NINA rapport 87.
- Kjellberg, Francesco og Tore Hansen (1984): *Det kommunale Hamskifte*. Gyldendal Norsk Forlag Oslo
- Kommunal- og regionaldepartementet (2009): *Lokal vekstkraft og framtidstru*. St. meld nr 25 2008-2009
- Landstrøm, Hans 2005: *Entreprenørskapets røtter*. Studentlitteratur AB
- Mehmetoglu, Mehmet (2007): *Naturbasert turisme*. Fagbokforlaget. Bergen

- Mehmetoglu, Mehmet (2007): *Naturbasert turisme*. Fagbokforlaget. Bergen
- Miljøverndepartementet (2009): *Lov om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfoldloven) LOV - 2009-06-19 nr 100
- Miljøverndepartementet (07.07.2009): Pressemelding: *Verneområdene skal forvaltes lokalt*
- Miljøverndepartementet (14.12.2009): Brev til kommuner: *Etablering av ny modell for forvaltning av verneområde - invitasjon til å delta i nasjonalpark/verneområdestyre*
- Miljøverndepartementet (12.03.2010): Brev til fylkeskommuner og kommuner: *Etablering av ny modell for forvaltning av verneområder - videre framdrift*
- Miljøverndepartementet (2009-2010): *Proposisjon til Stortinget for budsjettåret 2010. Prop. 1S*
- Mitchell, Ronald K, Bradley R Agle og Donna J Wood (1997): *Toward a theory of stakeholder identification and salience: Defining the principle of who and what really counts*. The Academy of Management Review. Briarcliff Manor
- Nærings- og handelsdepartementet (2007): *Regjeringas reiselivsstrategi*
- Pine, Joseph B. og James H. Gilmore (1999): *The experience economy*. Harvard Business School. Boston
- Rønning, Rolf og Håvard Teigen (red.) 2007: *En innovativ forvaltning?* Fagbokforlaget Bergen
- Siegrist, Dominik (2010): *Verdiskaping i regionalparker i Sveits og Alpene*, i Telemarksforsking rapport nr 263 side 219-235
- Spilling, Olav R. 2006 2. utgåve: *Entreprenørskap på norsk*. Fagbokforlaget
- Spilling, Olav R. 2007: *Kunnskap, Næringsutvikling og Innovasjonspolitik*. Fagbokforlaget. Bergen
- Statens naturoppsyn, fylkesmannen i Oppland og fylkesmannen i Sogn og Fjordane (2010): *Årsmelding Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde*
- Statsministerens kontor (2005): *Politisk plattform for en flertalsregjering 2005 - 2009*. Såkalla "Soria-Moria erklæringer
- Stortingets energi- og miljøkomite (1996): *Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om lov om statlig naturoppsyn*. Innst. O. nr. 64 (1995-1996)
- Stortingets energi- og miljøkomite (1996): *Innstilling fra energi- og miljøkomiteen*. Innst. S. nr. 92 (1996-1997)

Stortingets energi- og miljøkomite (1996): Ot. Prp. Nr. 30 (1995-1996) ved behandling av lov om statlig naturoppsyn

Transportøkonomisk institutt (2010): *Turisters bruk av nasjonalparker I Nord-Gudbrandsdalen og deres holdninger til området, nature og nye tilrettelegginger.*

Vorkinn, Marit (2008) *Potensiale for økonomisk verdiskaping ved etablernig av Fulufjellet nasjonalpark.* NINA rapport 442

Wray, Kerry, Stephen Espiner og Harvey C. Perkins (2010): *Cultural Clash: Interpreting Established Use and New Tourism Activities in Protected Natural Areas*, Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism, 10:3, side 272-290

Vedlegg 1: Semistrukturert intervjuguide

1 Innleiande spørsmål

- a) Når vart dykkars områdestyre konstituert? Korleis føregjekk denne prosessen? Utdjup prosessen!
- b) Opplever du har MD dei siste åra, ved td. å løyve meir midlar og innføre ny forvaltningsmodell, har styrka forvaltninga av verneområda? Korleis?
- c) Når vart forvaltningsplan for dykkar område laga, eventuelt kor står ein i prosessen med å få laga ein? (obs her spesifikk spørsmål for Jotunheimen og Rondane)

2 Formelle rammer, interessentar og lokalt sjølvstyre

- MD grunnjev innføringa av den nye forvaltningsmodellen med "meir lokal involvering" for å sikre lokalt eigarskap og forankring.

- a) Tykkjer du den nye forvaltningsmodellen inneber tilstrekkeleg lokal involvering/styring?
- b) På ein scala frå 1-3 tykkjer du de har fridom til å fastsetje eigne mål? Velje verkemiddel?
- c) Ivaretek den nye forvaltningsmodellen lokalkunnskap og erfaringsbasert kunnskap i lokalsamfunna på ein betre/meir tilfredsstillande måte?
- d) Trur du den nye forvaltningsmodellen bidreg til auka forståing og oppslutning rundt vernet? Større legitimitet rundt vernet? Lokal forankring?
- e) Kan den lokale forvaltningsmodellen bidra til å senke konfliktnivået mellom statleg naturforvaltning og lokale interessentar? Auke tilliten mellom partane?
- f) Kva vil du definere som dei viktigaste lokale interessentane? Ut i frå variablane makt, legitimitet og viktighet.
- g) Var/er næringslivet med i prosessen med å lage forvaltningsplan? Kor aktive har dei vore/er dei? Tykkjer du forvaltningsplanen tek nok omsyn til næringsverksemd?
- h) Kven har vore med frå næringslivet? Korleis vart desse innvolverte?
- i) Trur du ein vil sjå ei meir liberal forvaltning ved at ein imøtekjem fleir dispensasjons søknader osv ved lokal forvaltning samanlikna, med det som har vore den statlege forvaltningspraksisen?

Nasjonalparker og verdiskaping

3 Forvaltning og infrastruktur

- a) Kva vert gjort av infrastrukturtiltak som stigar og skilting? Korleis vert dette finansiert?
- b) Trur du inngangspengar eller avgifter til nasjonalparkane kan være ein måte å auke rammevilkåra til nasjonalparkforvaltninga?
- c) Kva tykkjer du om at nasjonalparkstyra i svært liten grad rår over nokre "eigne" midlar?

4 Attraktivitet og tilbod kring nasjonalparkane

- a) Opplever du at turismen i og kring nasjonalparkane er aukande?
- b) Trur du nasjonalparkane er eit kvalitetsstempel? Kan det ha innverknad på turismen i området? Forskjell på norske og utanlandske turistar?
- c) Kva type aktivitetar i og rundt nasjonalparkane oppfattar du er dei mest populære?
- d) Finst det andre næringar enn reiselivsnæringane som nyttar nasjonalparkane til noko?

5 Moglege hinder for økonomisk verdiskaping, konfliktområde

- a) Har du opplevd at jordbruket, reiselivsverksemdene eller anna næringsverksemd i området ser på vernet som eit hinder? Korleis då?
- b) Har dykk opplevd konflikthar mellom privat næringsliv og DNT i eller kring nasjonalparkane? Kva dreier konfliktane seg om? Kan dette være eit hinder for næringsutvikling på noko måte?
- c) Har du opplevd at lokalbefolkninga føler at deira bruk av verneområda vert truga av tilreisande turistars bruk av områda? Vil ein kunne tåle ei markant auke i bruken av områda?

6 Innovasjon - entreprenørskap

- a) Kan du komme med eksempel på verksemdar som har klart å skape nye produkt, innteke nye marknader (td. Utanlandske) el. med utgangspunkt i nasjonalparkane?
- b) Er det eksempel på verksemdar som stegvis har kome med nyskapingar med basis i nasjonalparkane?
- c) Finn ein i dykkar område nokon nystarta verksemdar, kor nasjonalparkane har spelt ei rolle i nyetableringa?

7 Opplevingsdimensjonane

- a) Er det verksemdar i dykkar området som tilbyr spesielle opplevingar med utgangspunkt i nasjonalparkane?
- b) Er det verksemdar med produkt tilknytt nasjonalparkane som spelar på dimensjonane underhaldning, læring, estetikk og/eller eskapisme? Forklar

8 Framtidsutsikter - verdiskapingspotensiale

- a) Tykkjer du den nasjonale politikken kring bruk og vern har endra seg dei siste åra?
- b) Trur du nasjonalparkane kan spele ein rolle for økonomisk verdiskaping, fremje eller hindre, i lokalsamfunna kring nasjonalparkane? I tilfelle korleis – utdjup?
- c) Trur du det finst verdiskapingspotensiale tilknytt nasjonalparkane for andre næringar enn reiselivsnæringa?
- d) Korleis kan verneområdestyre bidra til lokal verdiskaping?
- e) Meiner du lokal forvaltning kan bidra til meir lokal økonomisk verdiskaping enn statleg forvaltning? Utdjup!

Vedlegg 2: Arrangement, organisasjonar og verksemder

Ei opplisting av arrangement, organisasjonar og verksemder som vert spesielt nemnt, og er ein del av drøftingane i oppgåva.

Arrangement

- **Fanaråken Opp:** motbakkeløp arrangert sidan 2002 av Fanaråken IL www.fanaraaken.com
- **Fjellfilmfestivalen:** vert arrangert av stiftinga Fjellkultur, som er oppretta av Den Norske Turistforeining og forlaget FriFlyt AS. Blei fyrste gong arrangert i 2003. www.fjellfilm.no
- **Galdhøpiggenet:** historisk skirenn, arrangør Ullensaker skiklubb. www.galdhopiggenet.com
- **Galdhøpiggen Opp:** motbakkeløp arrangert sidan 2008 av aktiv i Lom, lokalt aktivitetsselskap, www.aktivilom.no
- **High Camp:** vert arrangert av Fri Flyt AS, og blei arrangert fyrste gong på Turtagrø i 2001. www.highcamp.no
- **Vinjerock:** arrangert sidan 2006 av lokale private innitiativtakarar, www.Vinjerock.no
- **Tinderittet:** arrangert sidan 1992 av Fanaråken IL www.tinderittet.com

Verksemder

- **Klimapark 2469 AS:** www.oppland.no/Klimapark2469

Organisasjonar

- **Den Norske Turistforeining (DNT):** www.turistforeningen.no
- **Norsk jeger og fiskerforbund (NJFF):** www.njff.no
- **Noregs naturvernforbund:** www.naturvernforbundet.no

